

10.10.2024

# Høyringsnotat

Forskrift om opptak, studiar og eksamen ved Høgskulen i Volda

**Høyringsfrist 22.11.2024**

## Innhold

Kapittel 1. Allmenne reglar .....	4
§ 1-1. Verkeområde .....	4
§ 1-2. Definisjonar .....	5
§ 1-3. Studenten si plikt til å gjere seg kjend med regelverk og informasjon som gjeld for den enkelte student .....	6
Kapittel 2. Gradar og yrkesutdanningar .....	7
§ 2-1. Gradar og yrkesutdanningar .....	7
§ 2-2. Bachelorgrad .....	8
§ 2-3. Mastergrad .....	9
§ 2-4. Krav til graden philosophiae doctor (ph.d) .....	11
§ 2-5. Fagleg godkjenning av tidlegare utdanning .....	11
Kapittel 3. Opptak og rangering ved opptak .....	12
§ 3-1. Grunnlag for opptak .....	12
§ 3-2. Språkkrav .....	13
§ 3-3. Krav om politiattest .....	14
§ 3-4. Søknadsfristar .....	14
§ 3-5. Dokumentasjon og ettersending .....	15
§ 3-6. Opptaksgrunnlag for mastergradsutdanning .....	16
§ 3-7. Opptaksgrunnlag for erfaringsbasert master .....	17
§ 3-8. Opptaksgrunnlag for vidareutdanning .....	17
§ 3-9. Opptaksgrunnlag for praktisk-pedagogisk utdanning .....	17
§ 3-10. Opptaksprøver .....	17
§ 3-11. Realkompetanse .....	18
§ 3-12. Poengutrekning og rangering .....	19
§ 3-13. Tidleg opptak .....	20
§ 3-14. Opptak på vilkår .....	21
§ 3-14. Reservert studieplass .....	22
Kapittel 4. Studierett .....	23
§ 4-1. Studierett .....	23

§ 4-2 Semesterregistrering .....	24
§ 4-3 Lengd på studieretten .....	24
§ 4-4 Poststudierett .....	25
§ 4-5 Tap av studierett .....	27
Kapittel 5. Permisjon .....	29
§ 5-1 Dokumentert permisjon .....	29
§ 5-2 Permisjon utan dokumentert grunn .....	30
§ 5-3 Nedre grense for permisjon .....	30
§ 5-4 Under permisjonen .....	31
Kapittel 6. Tilrettelegging .....	32
§ 6-1 Tilrettelegging under studieløpet .....	33
§ 6-2 Tilrettelegging under eksamen .....	34
Kapittel 7. Gjennomføring av studiet .....	34
§ 7-1 Studiekalender og fristar .....	35
§ 7-2 Studentavgifter og semesterkvittering .....	36
§ 7-3 Utdanningsplan .....	37
§ 7-4 Utdanningsretteleing og utdanningssamtale .....	38
§ 7-5 Undervisningsopptak .....	38
§ 7-6 Obligatoriske aktivitetar .....	40
§ 7-7 Utveksling til utlandet .....	43
§ 7-8 Overgang mellom studieprogram .....	45
Kapittel 8. Praksis .....	46
§ 8-1 Vilkår for å gå ut i praksis .....	47
§ 8-2 Praksis i rammeplan styrde utdaningar .....	48
§ 8-3 Ikkje-godkjend praksis .....	49
§ 8-4 Utsett praksis .....	51
§ 8-5 Tal på praksisforsøk .....	52
Kapittel 9. Eksamen og andre vurderingsformer .....	52
§ 9-1. Allment om eksamen og andre vurderingsformer .....	53

§ 9-2 Vilkår for å ta eksamen.....	54
§ 9-3 Oppmelding til eksamen.....	55
§ 9-4 Trekke seg frå eksamen .....	56
§ 9-5 Eksamensforsøk.....	57
§ 9-6 Kontinuasjoneksamen (konte) – ny eksamen.....	61
§ 9-7 Eksamensforsøk for master- og bacheloroppgåver.....	65
§ 9-8 Tid og stad for eksamen.....	66
§ 9-9 Hjelpemiddel og kjeldebruk.....	67
§ 9-10 Eksamensspråk.....	68
§ 9-11 Privatisteksamen.....	69
§ 9-12 Digital eksamen.....	70
Kapittel 10 Sensur og klage på sensur .....	70
§ 10-1. Grunnlag for sensur .....	71
§ 10-2. Om vurderingsuttrykk.....	71
§ 10-3 Sensur.....	75
§ 10-4 Sensurfrist.....	77
§ 10-5 Fusk på eksamen og obligatoriske aktivitetar.....	84
Kapittel 11 Klagehandsaming.....	85
§ 11-1 Nemnd for studentsaker .....	86
§ 11-2 Klagehandsaming.....	87
Kapittel 12 Vitnemål og karakterutskrift.....	87
§ 12-1 Vitnemål.....	88
§ 12-2. Karakterutskrift.....	89
Kapittel 13 Diverse .....	90
§ 13-1 Utfyllande reglar .....	90
§ 13-2 Iverksetjing og oppheving.....	90

## Kapittel 1. Allmenne reglar

### Gjeldande paragraf:

#### §1-1.Verkeområde

(1) Forskrifta gjeld for opptak, studium og eksamenar ved Høgskulen i Volda, og for studentar som er akkreditert etter lov 1. april 2015 nr. 15 om universiteter og høyskoler (uhl.)

(2) For fellesgradar i samarbeid med andre institusjonar, kan det gjelde andre reglar.

### Forslag til ny paragraf:

#### § 1-1 Verkeområde

(1) Forskrifta gjeld opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda,. Forskrifta gjeld også for privatistar som tek eksamen etter uhl. § 11-4 og for studentar under studieopphald i tilknytning til utvekslingsavtalar.

(2) For doktorgradsstudie gjeld forskrift for graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen i Volda. Forskrifta vil likevel gjelde for obligatoriske aktivitetar og eksamen i opplæringsdelen i ph.d.-program, så langt dette ikkje er regulert av lova eller forskrift om graden philosophiae doctor ( ph.d.) ved Høgskulen i Volda.

(3) For fellesgradar i samarbeid med andre institusjonar, kan det gjelde andre reglar.

(4) For studiar som er underlagt nasjonale rammeplanar, vil nasjonale rammeplanar vere overordna denne forskrifta ved eventuell konflikt.

#### Forklaring til § 1-1:

I § 1-1 (1) er det foreslått ei presisering slik at det går klarare fram kven lova gjeld for.

I andre ledd er det føreslått ei presisering om at forskrifta òg gjeld for opplæringsdelen i doktorgradsutdanningane. Endringa tek høgde for at det kan vere paragraf i forskrifta som òg er gjeldande for ph.d. - kandidatar. Dette vil vere knytt til opplæringsdelen av doktorgradsutdanningane dersom anna ikkje går fram av ph.d. forskrifta. Ph.d.-utdanninga vert elles regulert av forskrift om graden philosophiae doctor ved Høgskulen i Volda.

Det er i tillegg tatt i fjerde ledd at nasjonale rammeplanar er overordna i tilfelle ved konflikt. Dette er ei presisering slik at det ikkje skal oppstå tvil.

### Gjeldande paragraf:

## § 1-2. Definisjonar

- (1) Rammeplan er ein plan som fastsett nasjonale rammer for eit studieprogram.
- (2) Studieprogram er ei samling emne på 30 studiepoeng eller meir med eit samla læringsutbytte som er fastsett i studieplan, som søkjarar kan få opptak og studierett til, og som fører fram til ei fullført utdanning, grad eller yrkesutdanning.
- (3) Emne er den minste eininga med vurdering som gir utteljing i form av studiepoeng, og som kan gå inn i eit studieprogram eller tilbydast med eige opptak. Eit emne har eit læringsutbytte som er fastsett i ein emneplan.
- (4) Studieplan er omtale av studieprogram med tilhøyrande emneplanar, og beskriv mellom anna opptakskrav, innhald, emne og læringsutbytte i eit studieprogram.
- (5) Studiepoeng er mål på omfang og arbeidsmengde for eit studieprogram eller emne. Eitt års studium på heiltid er normert til 60 studiepoeng med arbeidsbelastning.
- (6) Utdanningsplan er ein gjensidig forpliktande avtale mellom institusjonen og studenten. Utdanningsplanen synleggjer den planlagde faglege progresjonen og gjennomføring av studiet for den enkelte student, og baserer seg på studieplanen.
- (7) Studierett vert gitt ein person som aksepterer tilbod om studieplass innan svarfristen, og får status som student. Studieretten gir mellom anna rett til undervisning, rettleiing og vurdering ved det aktuelle studieprogrammet, og gjeld i perioden for normert gjennomføringstid.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### § 1-2 Definisjonar

- (1) *Emne* er den minste eininga med vurdering som gir utteljing i form av studiepoeng, og som kan gå inn i eit studieprogram eller tilbydast med eige opptak. Eit emne har eit læringsutbytte som er fastsett i ein emneplan.
- (2) *Studieprogram* er ei samling emne med eit samla læringsutbytte som er fastsett i studieplan, som søkjarar kan få opptak og studierett til. Eit studieprogram vert kjenneteikna ved at det ikkje er naudsynt å søkje om nytt opptak for å ta nye emne innanfor studieprogrammet.
- (3) *Studieplan* er omtale av studieprogram med tilhøyrande emneplanar, og beskriv mellom anna opptakskrav, innhald, emne og læringsutbytte i eit studieprogram.
- (4) *Rammeplan* er ein plan som fastsett nasjonale rammer for eit studieprogram.
- (5) *Opptak inneber* søknadsprosessen ein søkjar går gjennom for å få studierett til eit studium.
- (6) *Lokalt opptak* viser til opptak som ikkje høyrer til det nasjonale samordna opptaket.
- (7) *Søklar* er ein person som har lagt inn en søknad om opptak til Høgskulen i Volda.

#### Forklaring til § 1-2:

Det kan stillast spørsmål om det er behovet for ein eigen paragraf med definisjonar, men av pedagogiske omsyn kan det vere ein fordel og da særleg for studentane.

I forslaget har ein vald å ta bort pkt. 5, 6 og 7 da dette allereie er regulert i UH-lova. For å unngå dobbeltregulering finn ein det ikkje naudsynt å at desse omgrepa også går fram av forskrifta. Vidare vert det foreslått å justere ordlyden knytt til rammepplan slik at det vert tydelegare kva som faktisk ligg i definisjonen.

Her er foreslått å vidareføre definisjonen for emne og studieplan. Dette er omgrep som det er naturleg å sjå nærare på i samband med revisjonen av kvalitetssystemet og arbeidet med ein rettleiar for studie- og emneplanar. Dersom ein skulle komme fram til andre og/eller meir presise definisjonar i dette arbeidet, vil ein kunne endre forskrifta på eit seinare tidspunkt.

Det er foreslått ei justering av definisjonen av studieprogram, og da slik at den er meir i samsvar med formuleringa til DBH (<https://dbh.hkdir.no/datainnhold/tabell-dokumentasjon/347>).

Her er også tilførd nokre definisjonar knytt til opptak av pedagogiske omsyn.

#### **Gjeldande paragraf:**

§ 1-3. Studenten si plikt til å gjere seg kjend med regelverk og informasjon som gjeld for den enkelte student

(1) Alle søkarar, studentar og eksamenskandidatar har plikt til å gjere seg kjend med gjeldande regelverk ved Høgskulen i Volda.

(2) Høgskulen i Volda nyttar til dømes e-post, SøknadsWeb, StudentWeb, nettsida til høgskulen og e-læringssystem, for å formidle viktig informasjon.

(3) Søkarar og studentar pliktar å regelmessig følge med om det kjem ny informasjon via dei digitale kommunikasjonsverktøya som Høgskulen i Volda nyttar.

#### **Forslag til ny paragraf:**

§ 1-3 Studenten si plikt til å gjere seg kjend med regelverk og informasjon frå høgskulen

(1) Alle søkarar, studentar og eksamenskandidatar har plikt til å gjere seg kjend med gjeldande regelverk ved Høgskulen i Volda.

(2) Høgskulen i Volda nyttar til dømes e-post, SøknadsWeb, StudentWeb, nettsida til høgskulen og e-læringssystem, for å formidle viktig informasjon.

(3) Søkarar og studentar pliktar regelmessig å følge med på om det kjem ny informasjon via dei digitale kommunikasjonsverktøya som Høgskulen i Volda nyttar.

#### Forklaring til § 1-3:

I § 1-3 er det berre forslått nokre språklege justeringar i overskrifta og i tredje ledd. Justeringane vil ikkje medføre noko realitetsendring.

## Kapittel 2. Gradar og yrkesutdanningar

### **Gjeldande paragraf:**

§ 2-1. Gradar og yrkesutdanningar

(1) Høgskulen i Volda tildeler følgande gradar:

- a. Bachelor, 180 studiepoeng.
- b. Master, 120 studiepoeng.
- c. Master, 300 studiepoeng.
- d. Erfaringsbasert master, 90 – 120 studiepoeng.
- e. Praktisk pedagogisk utdanning, 60 studiepoeng.

(2) Høgskulen i Volda kan også tilby studiar med anna omfang, mellom anna etter- og vidareutdanningar.

### **Forslag til ny paragraf:**

§ 2-1 Grader og yrkesutdanningar

(1) Høgskulen i Volda kan tildele gradar og yrkesutdanningar i samsvar med forskrift 16. desember 2005 nr. 1574 om gradar og yrkesutdanningar, beskyttet tittel og normert studietid ved universitet og høyskoler.

(2) Høgskulen i Volda kan også tilby studiar med anna omfang, mellom anna etter- og vidareutdanningar.

Forklaring til § 2-1:

Det er her foreslått ei ending av 1. ledd med bakgrunn i at det er regulert i forskrift kva gradar og yrkesutdanningar høgskulen kan tildele. Ved å vise til den konkrete forskrifta slepp ein å endre HVO-forskrifta dersom det skulle verte endringar. Endringa inneberer ikkje noko realitetsendring og er berre ei lovteknisk forbetring.

Det er foreslått at andre ledd vidareførast.

### **Gjeldande paragraf:**



## § 2-2. Bachelorgrad

(1) Graden bachelor blir tildelt på grunnlag av eksamen i studieprogram, fag og emne med eit samla omfang på 180 studiepoeng.

(2) Grunnlaget for bachelorgraden skal omfatte eitt av følgande:

- a. fullført treårig studieprogram som ifølgje nasjonal rammeplan gir bachelorgrad.
- b. fullført treårig studieprogram som ifølgje vedtak i styret for Høgskulen i Volda gir bachelorgrad.
- c. sjølvvald/ fri bachelorgrad.

(3) Tildeling av sjølvvald/fri bachelorgrad krev følgande samansetjing:

- a. minst ei eining på minimum 80 studiepoeng i eit fagområde, der minimum 20 studiepoeng er på fordjupningsnivå, eller eit integrert studium på 120 studiepoeng, og
- b. minst ei eining på minimum 30 studiepoeng i eit anna fagområde, og
- c. eit sjølvstendig arbeid knytt til fordjupningsnivået på minimum 15 studiepoeng, til dømes ei bacheloroppgave.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### § 2-2 Bachelorgrad

1) Graden bachelor tildelast for utdanningar på 180 studiepoeng, tilsvarande tre år, i eit av følgande studieløp:

- a. fullført treårig studieprogram med 180 studiepoeng som ifølgje rammeplan eller forskrift gjev bachelorgrad.
- b. fullført treårig integrert studieprogram med 180 studiepoeng (utan rammeplan) som ifølgje vedtak i styret for Høgskulen i Volda gjev bachelorgrad.
- c. fritt samansett bachelorgrad av 180 studiepoengs omfang, jf. tredje ledd

(2) I grunnlaget for graden skal det inngå ei bacheloroppgåve eller anna sjølvstendig arbeid. Dette arbeidet kan være av teoretisk, praktisk eller kunstnarisk art, og kan være utført individuelt eller i gruppe.

(3) Det kan etter søknad utstedes vitnemål for fritt samansett bachelorgrad, med følgande grunnkrav:

- a. graden må innehalde minimum 80 studiepoeng innan eit gitt fagområde. Av desse 80 studiepoenga må minimum 20 studiepoeng vere på fordjupingsnivå. Eit emne på fordjupingsnivå har minimum 30 studiepoeng som forkunnskapskrav.
- b. I grunnlaget for graden skal det inngå ei bacheloroppgåve eller anna sjølvstendig arbeid, som skildra i § 2-2 (2), og

- c. Krav om tilknytning og gjenbruk av studiepoeng som følger av forskrift 21.12.2018 nr. 2221 om godkjenning av norsk og utenlandsk høyere utdanning og av realkompetanse (godkjenningsforskrifta) må vere oppfylt.
- d. Ein kan berre få utskrive fritt samansett bachelorgrad dersom ein ikkje fyller krava i § 2-2 (1) a eller b.

(4) Studentane har krav på rettleiing i arbeidet med bacheloroppgåva. Det kan stillast som krav at studenten må ha møtt til rettleiing for å kunne levere oppgåva. Omfanget av rettleiinga skal gå fram av emneplanen.

#### Forklaring til § 2-2:

Tilbakemeldingar frå både tilsette og studentar syner at paragrafen er vanskeleg å forstå. Dette er særleg knytt til vilkåra for sjølvvald-/fri bachelorgrad. Endringane er difor først og fremst av pedagogiske omsyn med ei tydelegare oppdeling av vilkåra.

Andre og fjerde ledd er nye og er knytte til bacheloroppgåver. I andre ledd er gjeldande praksis presisert ved graden som hovudregel skal innehalde ei bacheloroppgåve eller anna sjølvstendig arbeid. Dette arbeidet kan være av teoretisk, praktisk eller kunstnarisk art, og kan være utført individuelt eller i gruppe. Når det gjeld fjerde ledd er det her foreslått at studentane sin rett til rettleiing vert tatt inn i forskrifta. Vidare har det vore gjentakande tilbakemeldingar om at det er utfordringar knytt til studentar som ikkje tek imot rettleiing. Det er derfor satt inn at det kan stillast krav om at studenten må ha møtt til rettleiing for å kunne levere oppgåva. Med denne opninga i forskrifta kan fagmiljøet sjølv vurdere om dette er ønskeleg.

Vidare har det vore ei problemstilling kor mykje rettleiing studentar har krav på i samband med innlevering av bacheloroppgåve/anna sjølvstendig arbeid. Det er derfor foreslått at omfanget av rettleiinga skal gå fram av emneplanen. Det vil da være klart for alle partar kva omfang rettleiinga skal ha.

#### **Gjeldande paragraf:**

##### **§ 2-3. Mastergrad**

(1) Høgskulen i Volda tildeler mastergrad i samsvar med forskrift 1. desember 2005 nr. 1392 om krav til mastergrad.

(2) Høgskulen i Volda tildeler mastergrad med eit omfang på 90 eller 120 studiepoeng på grunnlag av studieprogram som er akkreditert av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT).

(3) Høgskulen i Volda tildeler mastergrad med eit omfang på 300 studiepoeng på grunnlag av fullført master i grunnskulelærarutdanning for 1.-7. trinn og 5.-10. trinn.

(4) Mastergrad med 90 eller 120 studiepoengs omfang skal inkludere et sjølvstendig arbeid på minimum 30 studiepoeng.

(5) Mastergrad med 300 studiepoengs omfang i tråd med punkt (3) skal inkludere et sjølvstendig arbeid på minimum 20 studiepoeng

### **Forslag til ny paragraf:**

#### § 2-3 Mastergrad

(1) Høgskulen i Volda tildeler mastergrad i samsvar med forskrift 1. desember 2005 nr. 1392 om krav til mastergrad.

(2) Høgskulen i Volda tildeler mastergrad med eit omfang på 90 eller 120 studiepoeng på grunnlag av studieprogram som er akkreditert.

(3) Høgskulen i Volda tildeler mastergrad med eit omfang på 300 studiepoeng på grunnlag av fullført master i grunnskulelærarutdanning for 1.-7. trinn og 5.-10. trinn.

(4) Mastergrad med 90 eller 120 studiepoengs omfang skal inkludere et sjølvstendig arbeid på minimum 30 studiepoeng.

(5) Mastergrad med 300 studiepoengs omfang i tråd med punkt (3) skal inkludere et sjølvstendig arbeid på minimum 20 studiepoeng

(6) Studentane har krav på rettleiing i arbeidet med masteroppgåva. Det kan stillast som krav at studenten må ha møtt til rettleiing for å kunne levere oppgåva, jf. § 7-2. Omfanget av rettleiinga skal regulerast i rettleiingsavtale for mastergradsstudentar.

#### Forklaring til § 2-3:

Her er det foreslått eit nytt 6. ledd som har same innhald som § 2-2 (4), og da slik at det også er fastsett i forskrifta at studentar har krav på rettleiing i arbeidet med masteroppgåva. Her er det også foreslått at det kan stillast krav om at studenten må ha møtt til rettleiing for å kunne levere oppgåva. Til skilnad frå § 2-2 (4) er det her foreslått at omfanget av rettleiinga skal regulerast i ein rettleiingsavtale. Bakgrunnen for forslaget er tilsvarande som for § 2-2 (4), og samanhengen i regelverket taler for at tilsvarande presiserast også for masteroppgåver.

#### Forklaring:

Med bakgrunn i den nye ph.d graden ved høgskulen er det foreslått at ein tek i ein eigen paragraf der ein viser til at krava går fram av ph.d -forskrifta vår.

**Forslag til ny paragraf:**

## § 2-4 Krav til graden philosophiae doctor (ph.d)

(1) Krav til graden ph.d. går fram av forskrift om graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Høgskulen i Volda, fastsett av styret ved Høgskulen i Volda.

## Forklaring til:

Det vert foreslått at kapittel 7. «Godkjenning av tidlegare utdanning og fritak frå eksamen» vert tatt inn som ein del av kapital 2, og da som ein eigen regel i § 2-5. Dette med bakgrunn i at fagleg godkjenning naturleg høyrer inn under temaet om Grader og yrkesutdanningar.

Vidare er det foreslått ein noko annleis ordlyd som gjer regelen meir oversiktleg og forståeleg. Godkjenning av anna utdanning er regulert nærmare i loven, og det er naturleg at ein viser til denne.

Det er også i 2. ledd eit forslag om å presisere at det ikkje gis dobbel utteljing for sama faginnhald innanfor same grad. Dette er ikkje ei materiell endring slik regelverket er per i dag, men er ei presisering av pedagogiske grunnar.

I 3. ledd er det foreslått at bachelor- og masteroppgåver som tidlegare har inngått i ein grad som hovudregel ikkje kan inngå i ei ny grad. Dette er ei endring i forhold i dagens regelverk. I og med at ein her opnar for skjøn, vil det måtte gjerast ei konkret vurdering i det særskilde tilfellet. Her kan være gode grunnar både for og imot at ei oppgåve inngår i ei ny grad, men slik regelen no er utforma har ein større handlingsrom.

**Gjeldande paragraf:**

§ 7-1. Godkjenning av norsk eller utanlandsk tidlegare utdanning og fritak frå eksamen

(1) Høgskulen i Volda kan godkjenne tidlegare utdanning som del av ny utdanning i samsvar uhl. § 3-5 flg., og forskrift 10. april 2006 nr. 412 om godskriving av høyere utdanning.

(2) Tidlegare utdanning som er fagleg jamgod med eitt eller fleire emne i ny utdanning, heilt eller delvis, kan gje fritak frå delar av utdanninga.

(3) Studentar som vil ha godkjenning av tidlegare utdanning må søke om dette.

**Forslag til ny paragraf:**

## § 2-5 Fagleg godkjenning av tidlegare utdanning

(1) Ein student kan søke om fagleg godkjenning av anna akkreditert utdanning etter lovens § 9-2 når det kan dokumenterast at faglege krav er oppfylt. Høgare utdanning frå institusjonar som ikkje er underlagt lova, anna utanlandsk utdanning og dokumentert realkompetanse kan, etter søknad gi grunnlag for godkjenning etter lovens § 9-2 og § 9-3.

(2) Det gis ikkje dobbel utteljing for same faginnhald innanfor same grad.

(3) Bachelor- og masteroppgåver som tidlegare har inngått i ei grad, kan som hovudregel ikkje inngå i ei ny grad.

## Kapittel 3. Opptak og rangering ved opptak

Forklaring:

I samband med revisjonen av forskrifta har det vore vurdert om høgskulen bør ha ei eiga forskrift som gjeld regelverket for opptak og rangering ved opptak. Dette med bakgrunn i at opptaksregelverket gjeld prosessen før ein vert tatt opp som student ved høgskulen, og skil seg derfor noko frå dei andre reglane i forskrifta. I samband med forslaget til ny HVO-forskrift har ein likevel kome fram til at det vil være mest hensiktsmessig å ha regelverket samla i ei forskrift. Det vil vere lettare å få oversikt over regelverket både for søkjarar, studentar og tilsette når ein har ei forskrift. Vidare vil det reglane kunne påverke kvarandre og det vil vere meir krevjande å følge opp endringar i fleire forskrifter enn om ein berre har ei forskrift.

Ved førre revisjon av forskrifta var det fokus på at reglar som gjaldt høgskulen sine interne rutinar og sakshandsaming ikkje skulle vere forskriftsfesta, men at denne type reguleringar skulle gå fram av høgskulen sine retningslinjer. Når det gjaldt reglane for opptak vart ordlyden i ei rekke paragrafar forenkla, og fleire paragrafar vart også her flytta over i retningslinje. Dette gjaldt mellom anna reglar for rangering. Etter dei endringane som vart gjort i 2022 har ein erfart at fleire paragrafar vart noko vel mykje forenkla. Dette særleg med tanke på at søkjarar skal kunne orientere seg i regelverket på lik linje med tilsette. For å tydeleggjere regelverket og gjere paragrafane meir pedagogisk har ein i fleire tilfelle vald å bruke ein noko meir forklarande ordlyd. Dette utan at endringane er ei materiell endring. Sjølv om ein no justerer fleire paragrafar og forlaget inneberer nokre nye paragrafar vil ein ha behov for ei retningslinje for opptak. Ei slik retningslinje må nødvendigvis innehalde nærmare reglar og informasjon omkring søknadsprosessen og rangering, men også interne retningslinjer for høgskulen knytt til opptaket. Det kan til dømes vere ulike fristar, når eit studie skal stengast for søking mv.

Det vert foreslått å endre overskrifta på kapittel 3 frå opptak og rangering til berre å heite kapittel 3 opptak. Dette med bakgrunn i at rangering ligg under opptaket, og at ein har vald å ha nærmare reglar for rangering i retningslinjer og ikkje i sjølve forskrifta.

### **Gjeldande paragraf:**

#### § 3-1. Grunnlag for opptak

(1) Grunnlag for opptak er, om ikkje anna er fastsett, jf. forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning:

- a. generell studiekompetanse, eller
- b. bestått høgare utdanning på minst eitt år, eller
- c. fullført 2-årig fagskuleutdanning.

(2) For opptak etter punkt (1) bokstav b og c, er det krav om dokumenterte språkkunnskapar, jf. forskrift om opptak til høgare utdanning § 2-3 og § 2-4.

(3) Til studieprogram som byggjer på høgare utdanning gjeld:

- a. § 3-1 (1) i denne forskrifta, og
- b. fullført minstekrav til høgare utdanning i tråd med studieplanen for det enkelte studieprogrammet.

(4) Til mastergrad med omfang på 90 eller 120 studiepoeng er det krav om at eitt av følgjande utdanningsløp er fullført:

- treårig bachelorgrad eller
- annan grad eller utdanning av minimum tre års omfang.

(5) Særskilde opptakskrav går fram av studieplanen for det enkelte studieprogrammet.

(6) Styret ved Høgskulen i Volda kan regulere opptaket til det enkelte studium eller deler av det, når dette er nødvendig av omsyn til kapasitet eller ressursar.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### § 3-1 Generelle føresegner

(1) Minstekrav for opptak til utdanning som gjev studiepoeng ved Høgskulen i Volda er generell studiekompetanse eller tilsvarende realkompetanse, slik dette er fastsett i jf. forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning. For søkjarar til andre studietilbod gjeld i tillegg krav som er fastsett i, eller med heimel i forskrifta her eller i forskrifter om rammeplanar.

(2) Spesielle opptakskrav til studietilbod som ikkje vert omfatta av forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning skal fastsettast i studieplan eller emneplan til studietilbodet.

(3) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for opptak, medrekna reglar for poengberekning og rangering.

### **Gjeldande paragraf:**

Ein har ikkje tilsvarende paragraf i dag, men språkkrav er nemnd i gjeldande § 3-1.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### § 3-2 Språkkrav

(1) Søkjarar til norskspråklege studiar som har utdanning frå land utanfor Norden, må dokumentere at dei oppfyller kravet til norsk- og engelskkunnskapar som er angitt i forskrift om opptak til høgare utdanning § 2-2.

(2) For opptak til engelskspråklege studiar kan det i studie- eller emneplanen stilast særskilte krav om at søkjarar må dokumentere at dei har engelskkunnskapar på høgare nivå, tilsvarende engelsk

på nivå med International English Language Test Service (IELTS) Academic, med minst 6,0 i samla testscore. Tilsvarande testar og utdanning kan verte godkjend.

#### Forklaring til ny § 3-2:

I gjeldande forskrift har ikkje språkkravet spesifisert i ein eigen paragraf. Med bakgrunn i at ein ønskjer å tydeleggjere regelverket for søkarane foreslår ein her å skilje ut språkkravet i ein eigen paragraf. Det kan vere ulike nyansar av språkkrav til ulike studiar avhengig av om dei er nettbasert eller med fysisk oppmøte på campus. Erfaringsvis får ein en del spørsmål knytt til språkkravet og ein ser behov for tydeleggjering. Nærmare informasjon om korleis søkjaren skal dokumentere engelskkunnskapar, når dette må gjerast ol. kan gå fram i retningslinje for opptak.

#### **Gjeldande paragraf:**

##### § 3-2. Krav om politiattest

Høgskulen i Volda har utdanningar med krav om å levere politiattest ved opptak eller undervegs i studiet, jf. § 6-8, uhl. § 4-9 og forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning kapittel 6.

#### **Forslag til ny paragraf:**

##### § 3-3 Krav om politiattest

Høgskulen i Volda har utdanningar med krav om å levere politiattest ved opptak eller undervegs i studiet, jf. uhl. § 12-2 og forskrift 28. juni 2024 nr. 1392 til universitets- og høyskoleloven kapittel 6.

#### Forklaring til § 3-3:

Det vert foreslått å vidareføre gjeldande § 3-2 i ein ny § 3-3. Her er gjort endringar slik at tilvisingane no er oppdatert i samsvar med ny UH-lov og universitets- og høgskuleforskrifta.

#### **Gjeldande paragraf:**

##### § 3-4. Søknadsfristar

(1) Søknadsfristar vert kunngjort på Høgskulen i Volda sine nettsider samtidig med utlysing av studieprogram for søking.

(2) Søkarar til studium i nasjonalt opptak følger fristar og prosedyrar som gjeld for dette.

#### **Forslag til ny paragraf:**

##### § 3-4 Søknadsfristar

(1) Søknadsfristar for lokalt opptak til Høgskulen i Volda sine studietilbod vert kunngjorde på nett samstundes med utlysing av studietilboda.

(2) For søknad til grunnstudiar gjennom nasjonalt samordna opptak, gjelder dei nasjonale fristane som er fastsett.

Forklaring til § 3-4:

Det vert foreslått at å endre ordlyden noko i både 1. og 2. ledd slik at den vert meir forklarande. Vidare har ein vald å vere meir tydeleg på at søkjaren også får ein frist for å sende inn endeleg dokumentasjon.

**Gjeldande paragraf:**

§ 3-5. Dokumentasjon og ettersending

(1) Søkarar pliktar å syte for at Høgskulen i Volda får den dokumentasjonen som er nødvendig for at søknaden skal kunne handsamast, innan kunngjorde fristar.

(2) Godkjend dokumentasjon er kopiar av originaldokument eller godkjent opplasta dokumentasjon av eksterne resultat.

(3) Dokumentasjon på utdanning som er under fullføring i opptakssemesteret, skal ettersendast snarast og seinast innan den kunngjorde fristen.

(4) Ein student må ved førespurnad vise fram originaldokument som er grunnlag for opptak til studium. Ein student som ikkje viser fram førespurde originaldokument for kontroll og godkjenning, kan bli nekta opptak.

**Forslag til ny paragraf:** § 3-5 Dokumentasjon

(1) Alle opplysningar som er relevante for søknaden skal dokumenterast, enten skriftleg eller digitalt. All utdanning, praksis og andre forhold som skal gi grunnlag for opptak må vere dokumentert ved den oppgitte søknads- og innsendingsfristens utløp.

(2) Søkjaren plikter å orientere seg om kva slags dokumentasjon som er naudsynt for at søknaden skal kunne handsamast.

(3) Dokumentasjon på utdanning som er under fullføring i opptakssemesteret, skal ettersendast snarast og seinast innan den kunngjorde fristen.

(4) Ein student må ved førespurnad vise fram originaldokument som er grunnlag for opptak til studium. Ein student som ikkje viser fram førespurde originaldokument for kontroll og godkjenning, kan bli nekta opptak.

Forklaring til § 3-5:

I 1. og 2. ledd er det foreslått å endre ordlyden for å tydeleggjere at det er søkjaren sitt ansvar å sende inn naudsynt dokumentasjon til rett tid, og at det er søkjaren som må gjere seg kjent med kva slags dokumentasjon som skal sendast inn saman med søknaden.

Vidare er det foreslått at gjeldande 3. og 4. ledd vert vidareført utan endringar.



**Forklaring:**

Det vert foreslått at ein tar inn dei ulike opptaksgrunnlaga i eigne paragrafer. Ein har ikkje tilsvarende paragrafer i dagens forskrift, men ein ser behovet for å tydeleggjere regelverket for søkjarane. Vidare vil dette bidra til å gi ei meir pedagogisk og systematisk framstilling av opptakskrava ved høgskulen.

Det vert derfor foreslått at ein legg til ein ny § 3-6 Opptaksgrunnlag for masterutdanning, ein ny § 3-7 opptaksgrunnlag for erfaringsbasert master, ein ny § 3-8 opptaksgrunnlag for vidareutdanning og ein ny § 3-9 opptaksgrunnlag for praktisk-pedagogisk utdanning.

I tillegg vart det også foreslått at ein tek inn ein eigen paragraf som regulerer opptaksprøver. Det er relativt få studium ved høgskulen som har krav om opptaksprøver, men det er likevel hensiktsmessig at regelverket er tydeleg for søkjarane, men også for tilsette ved høgskulen. Det er derfor foreslått ein ny § 3-10 som gjeld opptaksprøver.

**Forslag til ny paragraf:****§ 3-6 Opptaksgrunnlag for mastergradsutdanning**

(1) For opptak til mastergrad gjeld forskrift av 1. desember 2005 forskrift om krav til mastergrad §§ 3, 4 og 5 og eventuelle nasjonale rammeplanar.

(2) Spesifikke krav til fagleg grunnlag og faglege minstekrav for den enkelte utdanninga vert fastsett av styret i studieplanen, jf. § 2 i mastergradsforskriften.

(3) For opptak til mastergrad av 120 studiepoengs omfang må eit av følgjande utdanningsløp vere fullført eller bestått:

- bachelorgrad (minimum 180 studiepoeng)
- cand.mag.-grad
- annan grad eller yrkesutdanning av minimum 3 års omfang
- utdanning som i henhold til § 3-5 i lov om universiteter og høgskuler er godkjend som jamgod med ovannemnte grader eller utdanningsløp.

(4) Innanfor grunnlaget for opptak må det inngå:

- fordjuping i fag, emne eller emnegruppe av minimum 80 studiepoengs omfang innanfor fagområdet som er relevant for mastergraden. Dette skal gå fram av studieplanen.
- integrert yrkesretta utdanning av minimum 120 studiepoengs omfang innanfor fagområdet som er relevant for mastergraden. Dette skal gå fram av studieplanen.

(5) Andre opptakskrav fastsett i studieplanen for masterprogrammet må vere oppfylt.

(6) For mastergradsutdanningar som har opptakskrav om minst gjennomsnittskarakter C, må søkjar ha vekta gjennomsnitt på 2,5 tilsvarende 25,00 karakterpoeng for å oppfylle kravet.

#### **Forslag til ny paragraf:**

##### § 3-7 Opptaksgrunnlag for erfaringsbasert master

(1) For opptak til erfaringsbasert mastergrad av 90 studiepoengs omfang må opptaksgrunnlag som går fram av § 3-3 være oppfylt. I tillegg vert det stilt krav om:

- a. minst 2 års relevant yrkespraksis, dokumentert med attest frå arbeidsgjevar. Døme på relevant yrkespraksis framgår av studieplanen.
- b. vekta karaktergjennomsnitt skal vere C eller betre i den faglege fordjupinga, jf. §3-3(4). Omfanget til den faglege fordjuping skal fremgå av studieplanen.
- c. eventuelle særskilte opptakskrav skal gå fram av emneplanen.

#### **Forslag til ny paragraf:**

##### § 3-8 Opptaksgrunnlag for vidareutdanning

(1) For opptak til vidareutdanningar utan rammeplan, gjeld dei opptakskrava som er fastsette i studieplanen eller emneplanen.

(2) For opptak til vidareutdanningar med rammeplan, gjeld dei opptakskrava som er fastsette i rammeplanen og eventuelle tilleggskrav som er fastsette i studieplanen.

#### **Forslag til ny paragraf:**

##### § 3-9 Opptaksgrunnlag for praktisk-pedagogisk utdanning

Opptakskrav går fram av rammeplan fastsett i forskrift av 21. desember 2015 forskrift til rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning, forskrift av 18. mars 2013 forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag for trinn 8-13 og studieplan.

#### **Forslag til ny paragraf:**

##### § 3-10 Opptaksprøver

(1) I utlysinga av opptaket skal det informerast om at opptaksprøve vert brukt.

(2) Når opptaksprøve er fastsett, er den enten kvalifiseringsgrunnlag aleine eller eit tillegg til andre opptakskrava.

(3) Opptaksprøva skal vere fagleg og metodisk relevant for studiet. Dei søkjarane som består opptaksprøva, skal som hovudregel rangerast etter gjeldande rangeringsregler i det endelege opptaket.

(4) Krava til opptaksprøve skal gå fram av studie- eller emneplanen.

Forklaring:

I gjeldande forskrift har ein i § 3-3 reglar for vurdering av realkompetanse. Det vert her foreslått at realkompetanse vurdering vert ein ny § 3-10. Dette av omsyn til ei meir pedagogisk og systematisk framstilling av reglane.

**Gjeldande paragraf:**

§ 3-3. Vurdering av realkompetanse

(1) Ein søkar som ikkje kan dokumentere generell studiekompetanse eller spesielle opptakskrav, kan få opptak på grunnlag av realkompetansevurdering, jf. forskrift 6. januar 2017 om opptak til høgare utdanning kapittel 3.

(2) Rett til vurdering av realkompetanse ved opptak til høgare utdanning føreset at søkar:

- a. er 25 år eller eldre i opptaksåret
- b. har til saman fem års yrkespraksis og/eller utdanning. Utdanning, organisasjonsarbeid eller liknande kan utgjere inntil to av desse fem åra. Minst tre år må vere relevant praksis i høve til utdanninga det vert søkt opptak til.
- c. med morsmål frå land utanfor Norden må dokumentere kunnskap i norsk på nivå med kravet som inngår i generell studiekompetanse.

(3) Kvalifikasjonane skal vurderast ut frå det faget søkaren ønsker å studere. Søkaren må ha nødvendige faglege føresetnader for å gjennomføre det aktuelle studiet utan å ha generell studiekompetanse.

(4) Realkompetansesøkarar skal rangerast i høve til same nivå som søkarar som får opptak på ordinært grunnlag.

(5) Høgskulen i Volda har egne retningslinjer for realkompetansevurdering.

**Forslag til ny paragraf:**

§ 3-11 Realkompetanse

(1) Høgskulen kan gi søkjarar opptak på grunnlag av realkompetanse, jf. uhl. § 8-2 og forskrift om opptak til høgare utdanning § 3-1

(2) For å få tilbod om studieplass må søkjaren dokumentere likeverdige ferdigheiter og kunnskapar som søkjarar som får tilbod om plass etter ordinære rangeringsreglar, slik som fastsett i høgskulen sine retningslinjer for opptak. Alt som skal telle med i vurderinga av realkompetanse må kunne dokumenterast.

(3) Nærare reglar for realkompetansevurdering går fram av høgskulen sine retningslinjer for opptak.

#### Forklaring til § 3-11:

I gjeldande paragraf § 3-3 vart det gjenteke det som allereie går fram av UH-lova og forskrift om opptak til høgare utdanning. Sidan realkompetanse vurdering allereie er regulert i både lov og forskrift vil det verte dobbeltregulering om ein tek inn det same i vår forskrift. Det nye forslaget er ei forenkling av dagens paragraf, men utan at det betyr ei materiell endinga av reglane.

Ein ser likevel behov for eit tydelegare regelverk og auka grad av operasjonalisering av dei vurderingane som vert gjort i samband med opptak på bakgrunn av realkompetanse. Det vil vere naturleg at utfyllande reglar om realkompetansevurderinga går fram av retningslinje for opptak. Ved å at dette vert nærare regulert i retningslinje sikrar ein at reglane lettare og raskare kan endrast ved behov, da det ikkje er ein like omfattande prosess å endre ei retningslinje som det vil være ved ei forskriftsendring.

#### **Gjeldande paragraf:**

##### § 3-6. Poengutrekning og rangering

- (1) Til grunnutdanning gjeld poengutrekning og rangering innanfor kvotar fastsette i forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning.
- (2) Til studieprogram som bygger på høgare utdanning må i tillegg særlege minstekrav til utdanninga som er fastsett i studieplanen, vere fullført og bestått.
- (3) Til mastergradutdanning blir poengutrekning og rangering gjorde på grunnlag av gjennomsnittskaraktarar frå fullført og bestått grunnutdanning.
- (4) Det kan gjevast tilleggspoeng for relevant praksis og fullført høgare utdanning ut over opptakskravet. Dette går fram av gjeldande studieplan for studieprogrammet det vert søkt opptak til.

#### **Forslag til ny paragraf:**

##### § 3-12 Poengutrekning og rangering

- (1) Til grunnutdanning gjeld poengutrekning og rangering innanfor kvotar fastsette i forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning.
- (2) For søkjarar til vidareutdanning og masterutdanning som byggjar på høgare utdanning vert søkjarane rangert etter rangeringsreglar fastsett i retningslinje for opptak dersom det er fleire kvalifiserte søkjarar enn det er studieplassar. Tilsvarande rangeringsregelverk gjeld også for praktisk-pedagogisk utdanning.

**Forklaring:**

Forslaget er ei forenkling av gjeldande paragraf i § 3-6. Nærmare reglar og informasjon om poengutrekning og rangering vert fastsett i retningslinje for opptak. Det er same grunngeving som ligg til grunn for endringa i ny § 3-12, som for § 3-11 om realkompetansevurdering.

**Forklaring:**

I gjeldande forskrift er verken tidleg opptak eller opptak på vilkår regulert. Både tidleg opptak og opptak på vilkår er moglegheiter som søkjarane kan nytte seg av dersom gitte vilkår er oppfylt. Det er praksis ved høgskulen å gi både tidleg opptak og opptak på vilkår.

Når det gjeld opptak på vilkår er dette regulert i forskrift for opptak til høgare utdanning, men gjeld da berre for det samordna opptaket. Ved å forskriftsfeste opptak på vilkår i vår eiga forskrift heimlar ein dagens praksis ved høgskulen. I tillegg vil ein kunne unngå at det blir vilkårleg kven som veit om og brukar moglegheita til å få opptak på vilkår. På den måten sikrar ein rettstryggleiken og lik handsaming for søkjarane.

Det vert foreslått at nærmare reglar for både tidleg opptak og opptak på vilkår vert fastsett i retningslinje for opptak.

Det vert på denne bakgrunn foreslått ein ny § 3-13 om tidleg opptak, og ein ny § 3-14 om opptak på vilkår.

**Forslag til ny paragraf:****§ 3-13 Tidleg opptak**

(1) Søkjarar til studiar der studiet er organisert gjennom Samordna opptak kan få tidleg opptak etter reglar som vert fastsett av Samordna opptak, jf. Forskrift (sett inn henvisning).

(2) Søkjarar til studiar med lokalt opptak til haustsemesteret kan få tidleg opptak dersom følgande vilkår er oppfylt:

- a. på søknadstidspunktet fyller opptakskrava og med god margin ville ha kome inn ved føregåande opptak, og
- b. har eit dokumentert behov for tidlegare svar på søknad om studieplass.

(3) Aktuelle studium med lokalt opptak med moglegheit for tidleg opptak er skildra i retningslinje for opptak.

**Forslag til ny paragraf:****§ 3-14 Opptak på vilkår**

- (1) For opptak til grunnutdanningar, vidareutdanningar, masterutdanningar og praktisk-pedagogisk utdanning kan det innvilgast opptak på vilkår.
- (2) Søkjarar som vurderast på grunnlag av realkompetanse eller andre unntaksreglar, kan ikkje få opptak på vilkår.
- (3) Ved opptak på vilkår skal søkjaren ha innfridd fastsette vilkår innan avtalt frist, til dømes bestått manglande eksamen/kurs/utdanning. Viss kravet ikkje vert oppfylt, kan studenten miste studieplassen.

**Gjeldande paragraf:****§ 3-7. Utsett studiestart**

- (1) Søkar kan etter skriftleg søknad få utsett studiestart fram i tid dersom vedkomande:
  - a. har stadfesta at ein tek imot tilbodet om studieplass innan fastsett svarfrist, og
  - b. har særskild grunn for søknaden, og
  - c. har søkt innan tre veker etter at tilbodet om studieplass vart motteke.
- (2) Særskilde grunnar er at søkaren:
  - a. er innkalla til førstegongs militær-/sivilteneste,
  - b. er gravid, eller
  - c. har alvorleg sjukdom, eller
  - d. annan tungtvegande grunn.
- (3) Søknaden skal dokumenterast med innkallingsbrev eller legeattest.
- (4) Høgskulen i Volda kan ikkje reservere ein studieplass tildelt i Samordna opptak dersom søkaren har fått opptak på vilkår, dvs. av spesielle omstende ikkje har teke eksamen i vidaregåande skule i vårsemesteret, jf. forskrift om opptak til høgare utdanning § 5-1.
- (5) Ein søkar som får innvilga søknad om utsett studiestart, får reservert studieplass i inntil to år.
- (6) Ein søkar som får utsett studiestart, må stadfeste bruk av den reserverte studieplassen ved å søke om nytt opptak innan søknadsfristen. Prosedyrane skal gå fram av godkjenningsbrevet.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### **§ 3-14 Reservert studieplass**

- (1) Søknad om reservert studieplass kan innvilgast dersom det oppstår tungtvegande forhold, som gjer at søkjaren ikkje kan starte på studieprogrammet som forutsett. Tungtvegande forhold kan til dømes vere innkalling til militærtjeneste, fødsel, adopsjon eller sjukdom.
- (2) Søknad må framsetjast senast tre – 3- veker etter at søkjaren fekk tilbod om studieplass. Det er ein føresetnad at søkjaren stadfestar studieplassen før søknad framsetjast.
- (3) Ein studieplass kan reserverast i inntil to år.
- (4) Reservert studieplass vert innvilga på vilkår om at studiet tilbyr på nytt.
- (5) Søkjarar med opptak på vilkår kan ikkje få innvilga reservasjon av studieplass.
- (6) Ein søkjar som får reservert studieplass må stadfeste at ein vil ta i bruk den reserverte studieplassen ved å søke nytt opptak. Det gjeld først når søkjaren skal starte på studiet etter at reservasjonsperioden er gått ut.
- (7) Nærmare reglar for reservasjon av studieplass i lokalt opptak vert regulert i retningslinje for opptak.

#### **Forklaring til § 3-14:**

Reservasjon av studieplass er ein etablert praksis i opptak til høgare utdanning, men utan at ein finn heimel for dette i UH-lova eller i den nasjonale opptaksforskrift. Dei ulike lærestadane har forskriftsfesta reservasjon av studieplass i egne forskrifter, men variasjonar på kva dei godtek for reservasjon.

I gjeldande forskrift er terminologien «*utsett studiestart*» brukt. Ein ser at «*reservert studieplass*» er terminologien som mellom anna vert brukt av Samordna opptak og fleire andre institusjonar. Erfaringsvis er «*reservert studieplass*» eit meir kjent omgrep for søkjarar og det vert derfor foreslått at ein brukar omgrepet «*reservert studieplass*».

Vidare er det i forslaget til ein ny § 3-14 lagt opp til ei forenkling av regelverket utan at endringane medfører ei materiell endring.

## Kapittel 4. Studierett

### Gjeldande paragraf:

#### § 4-1. Studierett

- (1) Studieretten gjev studenten mellom anna
  - a. rett og plikt til å få ein utdanningsplan, jf. uhl. § 4-2 og § 6-3 i denne forskrifta
  - b. rett og plikt til å ta del i obligatorisk undervisning i studiet, praksisopplæring og deltaking i andre aktivitetar i studiet
  - c. rett til utanlandsopphald/utveksling som gjeld for studiet
  - d. rett og plikt til å bli vurdert i samsvar med dei vurderingsformene som er fastsette i studie- og emneplanar, og i tråd med vedtekne reglar om eksamen
  - e. rett til utdanningsretteleing
  - f. tilgang til Høgskulen i Volda sine undervisningslokale, bibliotek, lese- og arbeidsplassar og IT-system, i samsvar med gjeldande rammer.
- (2) Perioden for studierett vert gitt i samsvar med fastsett gjennomføringstid for eit studieprogram.
- (3) Høgskulen i Volda har egne retningslinjer for studierett.

### Forslag til ny paragraf:

#### § 4-1 Studierett

- (1) Studieplass tildelast gjennom opptak for studiet og emnet/emna det er gjeve opptak til.
  - (2) Studierett etablerast ved at studenten akseptera tilbod om studieplass, registrerer oppmøte til studiestart, semesterregistrerer seg og betalar semesteravgift innan fastsett frist.
  - (3) Studieretten gjev rett til å følge lukka undervisning, gjennomføre praksis, kurs og seminar og å gå opp til eksamen i samsvar med gjeldande studieplan.
- (2) Høgskulen i Volda har egne retningslinjer for studierett.

#### Forklaring til § 4-1:

Kapittelet knytt til studierett vert endra i ny forskrift. Endringane gjeld både struktur i kapittelet og materielle endringar basert på erfaringar med den eldre forskrifta som ikkje har vore klar nok på problemstillingar knytt til studierett.

I § 4-1 er det foreslått ei forenkling ved at ein går bort frå ei punktvis framstilling til inndeling i fleire ledd. Dette for å gi ein meir pedagogisk paragraf. Samtidig vert det brukt meir ord på å forklare kva ein studierett inneberer. Dette særleg av omsyn til søkarar og studentar som les regelverket.

Det er foreslått at 2. ledd vert tatt bort, da dette vert regulert i ny § 4-3 om lengd på studieretten. Når det gjelder 3. ledd, er det foreslått som nytt 2. ledd.



**Gjeldande paragraf:**

Tilsvarande paragraf finnast ikkje i noverande forskrift.

**Forslag til ny paragraf:****§ 4-2 Semesterregistrering**

(1) Studenten må gjennomføre semesterregistrering kvart semester for at studieretten skal vere gyldig. Fristane for semesterregistrering er 1. september for haustsemesteret og 1.februar for vårsemesteret.

(2) Innan fristen må alle studentar gjere følgande:

- a. Registrere seg på Studentweb
- b. Godkjenne utdanningsplanen for studieprogrammet
- c. Melde seg opp til undervisning og vurdering
- d. Betale semester avgift.
- e. Stadfeste at ein er gjort kjend med høgskulen sitt regelverk

Forklaring til § 4-2:

§ 4-2 om semesterregistrering er ny i kapitelet om studierett. I gamal forskrift er dette ein del av kapittel 6 om gjennomføring av studiet. Forslaget eit eige paragraf om semesterregistrering i kapitelet om studierett, sidan dette er tett knytt opp til kvarandre, der gjennomføring av semesterregistrering er eit vilkår for å ha ein aktiv studierett. Dette gir meir samanheng i regleverket.

**Gjeldande paragraf:**

Tilsvarande paragraf finnast ikkje i noverande forskrift.

**Forslag til nytt paragraf:****§ 4-3 Lengd på studieretten**

(1) Studieretten blir tildelt tilsvarande normert tid for studieprogrammet studenten er tatt opp til.

(2) Studentar som er tatt opp til studieprogram med normert tid på to år eller kortare, kan søke om å få endra utdanningsplanen og utvida studieretten med inntil eitt år ut over normert tid.

(3) Studentar som er tatt opp til studieprogram med normert tid på tre år eller lengre, kan søke om å få endra utdanningsplan og utvida studieretten med inntil to år ut over normert tid.

- (4) Grensene for utviding av studierett er ikkje medrekna utsett studiestart, permisjonar vedtatt etter denne forskrifta og mellombels utestenging etter vedtak i nemnd for studentsaker ved Høgskulen i Volda.
- (5) Når studieretten er brukt opp, vert han avslutta. Studenten må søke på nytt opptak for å kunne fullføre utdanninga.
- (6) Studieretten fell bort når studieprogrammet er fullført og stått.
- (7) Student har ikkje krav på ny rettleiing ved utviding av studieretten.

#### Forklaring til § 4-3:

Regelen om lengd på studieretten er ein foreslått ny regel. I gamal forskrift har det vore ein regel § 4-2 om utvida studierett. Forslaget inneberer at ein, i motsetning til i dag med ein utviding på inntil 2 år av studieretten, differensierer lengda på utvidinga av studieretten, basert på kor lang normert tid på studieprogrammet ditt er. Forslaget baserer seg på ei vurdering av at det er unaturleg å ha same rett til utviding i tid, om ein går på årsstudium eller eit lengre studieprogram.

I tillegg er det tatt inn eit punkt (7) som gjeld rettleiing. Studieadministrasjonen har fått fleire spørsmål knytt til studentar som har brukt opp normert tid og rettleiingstida dei er tildelt, og kor vidt dei ved utvida studierett har rett til meir rettleiing. Dette er ei fagleg vurdering som må gjerast av fagmiljøet, men forslaget inneberer at det ikkje er ein rett for studenten å få meir rettleiing, trass ei utviding av studieretten. Dette inneberer at det vil vere opp til fagmiljøet å vurdere om ein har grunnlag for å innvilge meir rettleiing.

#### **Gjeldande paragraf:**

[Tilsvarande paragraf finnast ikkje i noverande forskrift.](#)

#### **Forslag til ny paragraf:**

##### § 4-4 Poststudierett

- (1) Studentar som har fullført eit studieprogram kan søke om poststudierett i inntil to påfølgjande semester etter fullføring. Poststudieretten kan nyttast til å forbetre karakter på individuell eksamen i emne der dette er mogleg, og til å ta nye emne på studieprogrammet.
- (2) Frist for å søke om poststudierett er 15. august for haustsemesteret 15. januar for vårsemesteret. Søknad må gjelde for det påfølgjande semesteret etter fullføring, og søknad som vert levert etter dette vert ikkje innvilga.
- (3) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for poststudierett.

#### Forklaring til § 4-4:

Denne regelen er ny i HVO-sammenheng. Vi har hatt moglegheit for utviding av studierett for studentar som ikkje enno har fullført eit emne eller ei grad, men aldri hatt formelle reglar som sikrar personar som har fullført ei grad å kunne betre karakterar.

Forslaget baserer seg på at fleire andre institusjonar i sektoren gir studentane denne moglegheita. Anten gjennom å ha regel for å reservere seg mot utskriving av vitnemål, slik at ein kan forbetre før dette vert utskreve, eller å ha ein post-studierett som gjer at ein kan forbetre karakterar i grada og få dette ut på separate karakterutskrifter.

Forslaget ønsker vidare å gi dei studentane som ønsker å gå vidare på utdanning, men som ikkje har det nødvendige karaktergrunnlaget, ein sjanse til å rette på dette for å kome inn på vidare studie.

Det som talar mot eit slikt forslag er at HVO som institusjon får meir administrativ verksemd rundt ei gruppe studentar som ikkje nødvendigvis gir HVO inntekter i denne fasen. Dette vil i så fall vere eit grep ein gjer for å vere ein meir attraktiv stad å studere, og som gir studentar ein ekstra sjanse dei elles ikkje ville fått.

I 3. ledd er det foreslått at høgskulen har eigne retningslinjer for poststudierett. Dersom forslaget blir vedtatt er det hensiktsmessig at høgskulen fastsett nærmare reglar for handsaming av søknadar om poststudierett i retningslinjer. Til dømes kan det være behov for å særskilt regulere studieprogram med omfattande eller ressurskrevjande vurderingsordningar eller avgrensa kapasitet. I retningslinjene kan ein klargjere kva praksis høgskulen ønskjer å ha knytt til poststudierett.

#### **Gjeldande paragraf:**

##### § 4-3. Tap av studierett

(1) Studieretten kan gå tapt dersom eitt av følgjande forhold er til stades:

- a. studenten held ikkje fristane for registrering og betaling av semester- og/eller studieavgift
- b. studenten har ikkje oppfylt obligatoriske aktivitetar som er sette for gjennomføring av studieprogrammet
- c. studenten har ikkje avlagt eksamen/-ar i samsvar med utdanningsplanen
- d. studenten overskrid grensa for fastsett gjennomføringstid for studieprogrammet, inkl. eventuelle tillegg.
- e. Studenten har brukt opp forsøka sine på praksis og/eller eksamen.

(2) Studieretten vert avslutta når:

- a. studenten sjølv stadfestar at vedkommande trekkjer seg frå studieprogrammet, eller
- b. studieprogrammet er fullført

### **Forslag til ny paragraf:**

#### **§ 4-5 Tap av studierett**

- (1) Studentar som ikkje gjennomfører semesterregistrering etter § 4-2 innan dei sette fristane, taper studieretten sin.
- (2) Studentar som har brukt opp forsøka på å fullføre eit emne, eksamen eller praksis utan godkjent resultat, taper studieretten sin.
- (3) Studentar som ikkje oppnår studiepoeng i eit studieprogram i to semester på rad, **(kan) tape(r)** studieretten til dette programmet. Dette gjeld ikkje dersom studenten har hatt opphald som følge av permisjonar, opphald som går fram av utdanningsplanen eller mellombels utestenging frå høgskulen etter vedtak i nemnd for studentsaker.
- (4) Studentar som har brukt opp forsøk på eksamen utan å få bestått resultat, får nye forsøk i emnet tre år etter siste eksamensforsøk. Studentar som har brukt opp forsøk i praksisemne utan å få bestått resultat, får nye forsøk tre år etter siste forsøk. Ved nytt opptak må det gjennomførast ei vurdering av emnet og studenten om vedkomande kan starte på same nivå.
- (5) Studierett som er stengd kan etter søknad opnast igjen innan eitt år etter han er stengd. Studieretten kan berre opnast for same studieprogram.
- (6) Studieretten vert avslutta når studenten sjølv stadfestar at vedkomande trekker seg frå studieprogrammet eller når studieprogrammet er fullført.
- (7) Dersom høgskulen avsluttar ein studierett etter § 4-5 punkt 1-4 skal det fattast eit skriftleg vedtak på dette.

#### **Forklaring til § 4-5:**

Regel om tap av studierett i gamal forskrift er punktvis oppdelt og fleire av punkta er skrivne på ein slik måte at det er vanskeleg å tolke kva som konkret er meint. Til dømes er det skrive at studenten ikkje har «oppfylt obligatoriske krav som er sette for gjennomføring av studieprogrammet», utan å definere noko meir kva som ligg i dette.

Den nye regelen vidarefører mykje av det som var skrive i punkta i gamal forskrift, men i forslaget er det forsøkt å bruke meir ord på kvart av punkta, for å konkretisere situasjonane som kan medføre tap av studierett. Det er forsøkt å bygge på erfaringane og problemstillingane som oppstått knytt til studentsaker og studierett, og der det har vore vanskeleg å konkludere med noko fordi ein ikkje har vore klar nok i regelverket, ønsker ein no å «tette hola» i regevelverket.

Heilt konkret er punkt (3) eit resultat av mange saker der vi har studentar som anten melder seg opp og betalar semesteravgift, men som aldri dukkar opp. Eit anna scenario er studentar som melder seg til same emnet mange gonger, men som aldri kvalifiserer seg til eksamen for dei ikkje fullfører obligatoriske krav. Spesielt det siste alternativet har vi hatt fleire dømer på. Det gamle

regelverket har ikkje konkrete reglar for å handtere slike situasjonar, men eit regelverk der ein kan tolke seg fram til at det kan gjerast vedtak på tap av studierett. Det som er forslaget her er å konkretisere denne situasjonen slik at ein har ein meir føreseieleg situasjon både for studie- og emneansvarleg, og ikkje minst for studentane. Det kan vere ulike grunnar til at ein hamnar i disse situasjonane, og sjølv om regelverket opnar for dette, er det ikkje nødvendigvis slik at det skal brukast i alle situasjonar, men det er opning for å kunne gjere det. Her ber ein særskilt om tilbakemelding på om ordlyden skal opnar for eit kan-skjøn, altså at det må gjerast i konkret vurdering i det særskilde tilfellet. Ved at regelen inneheld for skjøn har ein ha et vist handlingsrom og det kan vere utfordrande med tanke på likebehandling. Dersom ein kjem fram til at ordlyden skal gi handlingsrom bør ein fastsette nærmare praksis i ei retningslinje. Dette for å gi nærmare informasjon til studentane, og ein vil samstundes bidra til å sikre likebehandling på tvers av dei ulike avdelingane på høgskulen.

Ein annan grunn for å innføre denne regelen er å fange opp personar som seinare vil bruke opp både ordinær og utvida studierett, for så å søke opptak på nytt. Studentar som går i gjennom studiet, men som ikkje gjer nok til å framstille seg til eksamen, krev ofte mykje ressursar både administrativt og fagleg. Ofte vil dei heller ikkje har gjort nok for å framstille seg til eksamen, men sidan det ikkje har vore praksis på HVO å avslutte studieretten som følge av manglande progresjon, vil disse bruke opp både ordinær og utvida studierett. Ved å kunne bruke denne regelen på eit tidlegare steg i prosessen, er intensjonen med forslaget å unngå at dei går gjennom eit studieprogram med både ordinær og utvida studierett, utan telande resultat.

Punkt (4) er også nytt. Denne regelen er også basert på erfaringar frå problemstillingar med studentsaker. Regelen vil forsøke å unngå at ein kan søke og få opptak til emne og/eller studieprogram, der ein nyleg har brukt alle eksamensforsøka sine. Gamal forskrift har ikkje nokon regel som handterer dette, men basert på sakene og tilbakemeldingar undervegs frå ulike fagmiljø, vil det kunne vere hensiktsmessig å setje ei «karantene» for når ein kan prøve på nytt etter at ein har brukt alle 3 (eller potensielt 4) eksamensforsøk.

Punkt (5) er noko som ikkje har vore regulert i gamal forskrift, men som gjekk fram av retningslinje for studierett. Forslaget er å poengtere i forskrift retten til kunne opne den att, men at dette må gjerast gjennom ein søknadsprosess, samt poengtere at dette kan gjerast berre for same studieprogram.

Punkt (6) er ei vidareføring av når HVO automatisk avsluttar studieretten, og det er ikkje tenkt endra på dette.

Punkt (7) er eit nytt punkt som er tatt med for å poengtere at melding om tap av studierett er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine reglar om dette. Vet å gi og/eller ta studierett frå student gir eller tek HVO bort ein rett som studenten har fått tildelt, og fell difor under definisjonen enkeltvedtak. Slike enkeltvedtak gir også den som får det, i dette tilfelle studenten, ein klagerett på dette. Innføringa av punkt (7) er å sikre at studentane ved HVO får dei rettane knytt til denne prosessen som dei har krav på.

## Kapittel 5. Permisjon

### Forklaring:

Permisjon har i gamal forskrift vore lagt under «*Kapittel 5. Tilrettelegging og permisjon*». Dette er ein del av regelverket ved HVO som det er mykje spørsmål om frå studentar og tilsette, og vi har også mange søknadar om ulike former for permisjon i eit studieår.

For å tydeleggjere regelverket er forslaget å legge til eit nytt kapittel som gjeld berre for permisjon, samtidig som ein i kapitelet forsøker å bruke meir ord og tydeleggjere regelverket for studentar og tilsette.

### **Gjeldande paragraf:**

#### § 5-3. Permisjon frå studiar

(1) Ein student som i ein avgrensa periode ikkje har høve til å følgje undervisninga og ta eksamen, kan søke permisjon.

(2) Søknaden om permisjon skal vere skriftleg.

(3) Permisjon skal innvilgast ved teneste etter forsvarsloven § 17, verv i studentpolitiske organ og når det føreligg andre særlege grunner. Studenten skal innvilgast permisjon så lenge behovet føreligg.

(4) Studentar som er innvilga permisjon, har fortsatt studierett og rett til å gå opp til eksamen ved institusjonen.

(5) Høgskulen i Volda har egne retningslinjer for permisjon.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### § 5-1 Dokumentert permisjon

(1) Studentar har rett til permisjon ved teneste etter forsvarslova § 17, ved verv i studentpolitiske organ, ved sjukdom eller velferdsårsaker. Ved sjukdom må grunnlaget for permisjonen vere dokumentert skriftleg av lege, psykolog eller annan sakkunnig person.

(2) Studentar har rett til permisjon frå studia ved svangerskap, adopsjon og omsorg for barn, jf. universitets og høgskulelova § 10-6.

(3) Permisjonstida kjem i tillegg til retten studenten har til utvida studietid, jf. § 4-3.

### Forklaring til § 5-1:

Dette er ei vidareføring av reglane om den lovregulerte permisjonen som følgjer av universitets- og høgskulelova §§ 10-6 og 10-7 (i ny lov). Ingen endringar, men denne lovregulerte forma er

foreslått å leggast i ein eigen paragraf, for å markere eit skilje mellom det som er lovregulert og det som er andre former for permisjon.

**Gjeldande paragraf:**

Tilsvarande paragraf finnast ikkje i noverande forskrift.

**Forslag til ny paragraf:**

§ 5-2 Permisjon utan dokumentert grunn

- (1) Studentar kan få permisjon frå studiet utan dokumentert grunn i inntil to semester.
- (2) Permisjon utan dokumentert grunn vert ikkje innvilga første semester etter opptak. Dette gjeld ikkje for lovregulert permisjon, jf. § 5-1.
- (3) Permisjonstida kjem ikkje i tillegg til retten studenten har til utvida studietid, jf. § 4-3.

Forklaring til § 5-2:

Denne regelen er foreslått ny i ny forskrift. Tidlegare reglement har vore utydeleg på kva typar permisjon som det er høve å søke om på HVO, men praksisen og retningslinjer ved HVO har vore å innvilge også ein udokumentert permisjon.

Dette er ein permisjonsordning som er i tråd med dei fleste andre institusjonar i sektoren og som opnar for at studentane kan ta ein pause i studia dersom tilhøva tilseier at dei må, eller vil gjere det. Dette er ein «kan-regel» og her er det såleis rom for skjøn når ein skal vurdere om ein søknad skal innvilgast eller ikkje. Det kan til dømes vere relevant kva type studie det er snakk om, kor langt studenten har kome, på kva tidspunkt søknaden vert sendt inn. Det er ikkje slik at udokumentert permisjon skal kunne brukast for å omgå andre regalar i denne forskrifta, til dømes trekkefrist på eksamen.

I 3. ledd er det presisert at udokumentert permisjon ikkje kjem i tillegg til retten har til utvida studierett, jf. § 4-3. Dette har samanheng med at studenten ikkje skal kunne bruke udokumentert permisjon for å omgå reglande om utvida studierett.

**Gjeldande paragraf:**

Tilsvarande paragraf finnast ikkje i noverande forskrift.

**Forslag til ny paragraf:**

§ 5-3 Nedre grense for permisjon

- (1) Permisjon kan ikkje innvilgast for kortare periodar enn eit heilt semester, anna enn ved særlege høve.

#### Forklaring til § 5-3:

Den klare hovudregelen er at permisjon innvilgast for heile semester. Her opnast det for at det kan gjerast ei vurdering dersom det oppstår «særlege høve». Ordlyden tilsei at det er ein høg terskel for å gjere unntak. Det er mest nærliggande å tenke seg at unntak kan verte aktuelt for studentar som får innvilga dokumentert permisjon, til dømes ved sjukdom eller fødsel.

Det har vore eksemplar på at studentar har søkt om permisjon for berre eit særskilt emne, og da slik at studenten ønsker å gjennomføre eit anna emne same semester. Hovudregelen er at det gis permisjon frå studiet i heile semester, og regelen kan ikkje brukast slik at studenten i realiteten vert ein deltidsstudent.

#### **Gjeldande paragraf:**

Tilsvarande paragraf finnast ikkje i noverande forskrift.

#### **Forslag til ny paragraf:**

##### § 5-4 Under permisjonen

(1) Studenten har studierett under permisjonen. Dersom ein student ønskjer å ta enkelteksamenar i løpet av permisjonstida, jf. lovens § 10-7 andre ledd, må studenten betale semesteravgift for det aktuelle semesteret.

(2) Studenten må sende særskild søknad om å få ta eksamen i permisjonstida.

#### Forklaring til § 5-4:

Denne regelen presiserer at studenten har studierett i så lengje hen har permisjon. Vidare er det tatt inn at studenten kan ta eksamen mens hen har permisjon, jf. uhl. § 10-7 andre ledd. Sjølv om dette er ein rett som er regulert i lov har ein vald å ta dette inn i forskrifta av pedagogiske omsyn. Samanhengen i regelverket taler også for at dette vert presisert i forskrifta.

I 2. ledd er det foreslått at studenten må sende søknad om å få ta eksamen i permisjonstida. Dette slik at studenten var «fanga opp», og ein får vurdert om studenten faktisk kan gjennomføre eksamen.



## Kapittel 6. Tilrettelegging

### Forklaring:

Som nemnd under kapittel 5. Permisjon var permisjon tidlegare lagt under «Kapittel 5. Tilrettelegging og permisjon». I og med at permisjon no er tatt inn i eit eige kapittel, er det også naturleg at reglar for tilrettelegging vert handsama i eit eige kapittel.

Tidlegare har tilrettelegging ved eksamen vore plassert i § 8-10, som er ein regel under kapittel om Eksamen og andre vurderingsformer. Det blir her foreslått å samle reglane om tilrettelegging i same kapittel. Dette vil gjere regelverket meir pedagogisk og oversiktleg, særleg for studentane.

Samtidig er tilrettelegging uttømmende regulert i lovens § 10-5 og § 10-6, og dagens regler i forskrifta er ren avskrift av uh-lova. Det er såleis overflødig å ha same reglar i HVO si forskrift, og ei dobbeltregulering kan føre til at endringar i lova sin ordlyd skapar usikkerheit om studenten sine rettigheter og plikter. Det vert derfor foreslått at det gjerast ei tilvising til lovens regler i forskrifta der dette er aktuelt. Forslaget inneheld derfor ein ny regel om tilrettelegging under studieløpet som § 6-1 og det vert ikkje oppdelt i tilrettelegging ved funksjonsnedsetting og særskilte behov (noverande § 5-1), og foreldrepermisjon (noverande § 5-2) slik som i dag.

Når det gjeld tilrettelegging under eksamen vert det foreslått å vidareføre regelen frå § 8-10 i en ny § 6-2. Det er berre skrivefeil som er retta opp i det nye forslaget.

### **Gjeldande paragraf:**

§ 5-1. Individuell tilrettelegging ved funksjonsnedsetting og særskilte behov

(1) Studentar med funksjonsnedsetting og/eller særskilte behov har rett til egna individuell tilrettelegging av lærestad, undervisning, læremidlar og eksamen, for å sikre likeverdige opplærings- og utdanningsvilkår, jf. uhl. § 4-3c.

(2) Retten gjeld ikkje tilrettelegging som inneber ei uforholdsmessig byrde for institusjonen. Ved vurderinga av om tilrettelegginga inneber ei uforholdsmessig byrde, skal det leggst særleg vekt på effekten tilrettelegginga har for å bygge ned barrierar for studentar med funksjonsnedsetting og særskilte behov, dei nødvendige kostnadane ved tilrettelegginga og institusjonens ressursar.

(3) Den som fullfører og består ei utdanning, må ha oppnådd det fastsette læringsutbyttet. Tilrettelegginga må difor ikkje føre til en reduksjon av dei faglege krava som vert stilt i den enkelte utdanninga.

(4) Dersom grunnlaget for tilrettelegging er av varig karakter, er det nok å sende søknad ein gong for perioden ein har studierett på eit studieprogram. Studenten må søke på nytt ved endra behov.

(5) Det er gitt nærmare regler om særskild tilrettelegging ved eksamen i § 8-9.

(6) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for tilrettelegging.

**Gjeldande paragraf:**

§ 5-2. Tilrettelegging for gravide studentar og rett til foreldrepermisjon

(1) Ei student som er gravid, har rett til utsett eksamen om eksamensdatoen er i perioden mellom tre veker før termin og seks veker etter fødsel.

(2) Barnets andre forelder har rett til utsett eksamen om eksamensdatoen er i perioden mellom fødsel og to veker etter fødsel.

(3) Ein student som får barn under studiane, har rett til permisjon frå studiane under svangerskap og til omsorg for barn. I permisjonsperioden har studenten fortsatt status som student ved institusjonen og har rett til å gjenoppta sine studiar på tilsvarende nivå som før permisjonen.

(4) Høgskulen i Volda skal i den grad det er mogleg legge til rette for at studentar som er i slik permisjon, kan gjenoppta sine studiar så raskt som mogleg etter permisjon.

(5) Studentar som har omsorg for barn, kan også få individuell tilrettelegging, jf. § 5-1.

**Forslag til ny paragraf:**

§ 6-1 Tilrettelegging under studieløpet

(1) Studentar med funksjonsnedsetting og studentar med særskilde behov har rett til egna individuell tilrettelegging av lærestad, undervisning, praksis, læremidlar og eksamen, jf. lovens § 10-5. Tilrettelegginga må ikkje føre til ein reduksjon av dei faglege krava som stillast i det enkelte studiet.

(2) Tilrettelegging for gravide studentar skjer etter lovens § 10-5 og § 10-6.

(3) Dersom grunnlaget for tilrettelegging er av varig karakter, er det nok å sende søknad ein gong for perioden ein har studierett på eit studieprogram. Studenten må søke på nytt ved endra behov.

(4) Høgskulen har eigne retningslinjer for tilrettelegging.

**Gjeldande paragraf:**

§ 8-10. Særskild tilrettelegging av eksamen

(1) Ein student som av medisinsk grunn eller ein velferdsgrunn har vanskar med å gjennomføre eksamensforma som er vedteken, kan søke om særskild tilrettelegging av eksamen.

(2) Tilrettelegginga skal kompensere for dei ulempene som ligg til grunn for søknaden, samtidig som studentane i størst mogleg grad skal prøvast likt. Særskild tilrettelegging er normalt utvida tid eller bruk av hjelpemiddel. Det kan også vurdere andre tiltak når det er dokumentert særlege behov.

(3) Søknad om særskild tilrettelegging av eksamen må leverast innan fastsett frist som vert publisert på Høgskulen i Volda sine nettsider.

(4) Det kan gjerast unntak frå fristen ved akutt sjukdom eller liknande. Behovet må dokumenterast med attest frå lege eller annan sakkunnig. Det skal gå fram av dokumentasjonen kva som trengst av særskild tilrettelegging.

(5) Dersom grunnlaget for særskild tilrettelegging er av varig karakter, er det nok å sende søknad ein gong for perioden ein har studierett på eit studieprogram. Studenten må søke på nytt ved endra behov

### **Forslag til ny paragraf:**

#### **§ 6-2 Tilrettelegging under eksamen**

(1) Ein student som av medisinsk grunn eller ein velferdsgrunn har vanskar med å gjennomføre eksamensforma som er vedteken, kan søke om særskild tilrettelegging av eksamen.

(2) Tilrettelegginga skal kompensere for dei ulempene som ligg til grunn for søknaden, samtidig som studentane i størst mogleg grad skal prøvast likt. Særskild tilrettelegging er normalt utvida tid eller bruk av hjelpemiddel. Det kan også vurderast andre tiltak når det er dokumentert særlege behov.

(3) Søknad om særskild tilrettelegging av eksamen må leverast innan fastsett frist som vert publisert på Høgskulen i Volda sine nettsider.

(4) Det kan gjerast unntak frå fristen ved akutt sjukdom eller liknande. Behovet må dokumenterast med attest frå lege eller annan sakkunnig. Det skal gå fram av dokumentasjonen kva som trengst av særskild tilrettelegging.

(5) Dersom grunnlaget for særskild tilrettelegging er av varig karakter, er det nok å sende søknad ein gong for perioden ein har studierett på eit studieprogram. Studenten må søke på nytt ved endra behov

## **Kapittel 7. Gjennomføring av studiet**

Forklaring:

Det som tidlegare var kapittel 6. *Gjennomføring av studiet* er flytta til kapittel 7.

### **Gjeldande paragraf:**

#### **§ 6-1. Studiekalender og fristar**

(1) Det vert for kvart studieår fastsett ein studiekalender som viser:

- a. start og avslutningsdato for haust- og vårsemesteret
- b. undervisnings- og eksamensperiodar.

(2) Det vert fastsett fristar for:

- a. semesterregistrering og godkjenning av utdanningsplan
- b. betaling av semesteravgift til studentsamskipnaden og ev. andre avgifter

c. for å søkje om utveksling/utanlandsopphald d. andre høve som gjeld gjennomføring av studiet.

(3) Studiekalender og informasjon om fristar vert kunngjort på Høgskulen i Volda si offisielle nettside.

**Forslag til ny paragraf:**

**§ 7-1 Studiekalender og fristar**

(1) Det vert for kvart studieår fastsett ein studiekalender som viser:

- a. start og avslutningsdato for haust- og vårsemesteret
- b. undervisnings- og eksamensperiodar.

(2) Det vert fastsett fristar for:

- a. semesterregistrering og godkjenning av utdanningsplan
- b. betaling av semesteravgift til studentsamskipnaden og ev. andre avgifter
- c. for å søkje om utveksling/utanlandsopphald d. andre høve som gjeld gjennomføring av studiet.

(3) Studiekalender og informasjon om fristar vert kunngjort på Høgskulen i Volda si offisielle nettside.

Forklaring til § 7-1:

§ 6-1 Studiekalender og fristar er foreslått vidareført utan endringar som ein ny § 7-1.

**Gjeldande paragraf:**

**§ 6-2. Studentavgifter og semesterkvittering**

(1) Høgskulen i Volda krev kvart semester inn:

- a. semesteravgift til Studentsamskipnaden i Volda, jf. lov om studentsamskipnader § 10
- b. frivillig støtte til Studentenes og Akademikernes Internasjonale Hjelpfond (SAIH)
- c. avgifter til læremiddel og andre materialkostnader knytt til undervisninga, jf. forskrift 15. desember 2005 nr. 1506 om egenbetaling ved universiteter og høyskoler
- d. studieavgift, dersom det er vedtatt at dette skal gjelde for studieprogrammet, jf. forskrift 15. desember 2005 nr. 1506 om egenbetaling ved universiteter og høyskoler.

(2) Betalt semesteravgift, saman med gyldig studierett, gir rett til semesterkvittering som stadfester at ein er student i det aktuelle semesteret.

**Forslag til ny paragraf:****§ 7-2 Studentavgifter og semesterkvitteing**

(1) Høgskulen i Volda krev kvart semester inn:

a. semesteravgift til Studentsamskipnaden i Volda, jf. lov om studentsamskipnader § 10

b. frivillig støtte til Studentenes og Akademikernes Internasjonale Hjelpfond (SAIH)

c. avgifter til læremiddel og andre materialkostnader knytt til undervisninga, jf. forskrift 28. juni 2024 nr. 1392 til universitets- og høyskoleloven § 4-7

d. studieavgift, dersom det er vedtatt at dette skal gjelde for studieprogrammet, jf. forskrift 28. juni 2024 nr. 1392 til universitets- og høyskoleloven § 4-6

e. studieavgift for statsborgarar frå land utanfor EØS og Sveits, jf. uhl. § 2-6.

(2) Betalt semesteravgift, saman med gyldig studierett, gir rett til semesterkvitteing som stadfester at ein er student i det aktuelle semesteret.

**Forklaring til § 7-2:**

§ 6-2 Studentavgifter og semesterkvitteing er foreslått vidareført. Her gjort endring knytt til riktig tilvising i bokstav c og d. Vidare har ein tatt inn bokstav e som regulerer studieavgift for statsborgarar frå land utanfor EØS og Sveits.

**Gjeldande paragraf:****§ 6-3. Utdanningsplan**

(1) Studentar ved studieprogram med eit omfang på 60 studiepoeng eller fleire skal ha ein utdanningsplan, jf. uhl. § 4-2.

(2) Studentar ved studieprogram inntil 60 studiepoeng kan ha ein utdanningsplan.

(3) Utdanningsplanen skal være et middel for at studenten gjennomfører studiet. Planen skal innehalde Høgskulen i Volda sitt ansvar og plikter overfor studenten og studentens plikter overfor institusjonen.

(4) I starten av første semester får studenten eit forslag til individuell utdanningsplan. Forslaget viser emna og forventa progresjon i utdanninga, både obligatoriske og eventuelt valfrie delar, basert på studieplanen for studieprogrammet.

(5) Studenten må stadfeste utdanningsplanen sin kvart semester gjennom den obligatoriske semesterregistreringa.

(6) Studenten får ikkje melde seg til undervisning og vurdering i meir enn 45 studiepoeng kvart semester utan etter særskild avtale.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### **§ 7-3 Utdanningsplan**

(1) Studentar ved studieprogram med eit omfang på 60 studiepoeng eller fleire skal ha ein utdanningsplan. Høgskulen kan bestemme at også studentar ved studieprogram inntil 60 studiepoeng skal ha ein utdanningsplan.

(3) Utdanningsplanen skal være et middel for at studenten gjennomfører studiet. Planen skal innehalde Høgskulen i Volda sitt ansvar og plikter overfor studenten og studentens plikter overfor institusjonen., jf. lovens § 11-3.

(4) I starten av første semester får studenten eit forslag til individuell utdanningsplan. Forslaget viser emna og forventa progresjon i utdanninga, både obligatoriske og eventuelt valfrie delar, basert på studieplanen for studieprogrammet. Utdanningsplanen er satt opp slik at studenten skal kunne gjennomføre planlagd studium på normert tid.

(5) Studenten må stadfeste utdanningsplanen sin kvart semester gjennom den obligatoriske semesterregistreringa.

(6) Studenten får ikkje melde seg til undervisning og vurdering i meir enn 45 studiepoeng kvart semester utan etter særskild avtale.

#### **Forklaring til § 7-3:**

I forslaget til ny § 7-3 er 1. og 2. ledd slått saman til eit nytt 1. ledd, av pedagogiske grunnar. Vidare er det i 3. ledd satt inn ei tilvising til gjeldande regel i uh-loven. Elles er det i 4. ledd foreslått eit tillegg i siste setning om at utdanningsplanen skal settast opp slik at studenten skal kunne gjennomføre på normert tid. Dette er berre ei presisering og medføre ikkje ei materiell endring.

### **Gjeldande paragraf:**

#### **§ 6-4. Utdanningsretteiing og utdanningssamtale**

(1) Studenten skal ha tildelt ein utdanningsretteiuar knytt til sitt studieprogram.

(2) Utdanningsretteiuar skal gi tilbod om minst ein utdanningssamtale med studenten kvart studieår. Utdanningssamtalen kan gjennomførast individuelt eller i grupper. Dersom ein av partane ønskjer det, skal samtalen gjennomførast individuelt.

(3) Studenten kan be om å få skifte utdanningsretteiuar i ein grunngeven søknad.

(4) Høgskulen i Volda har egne retningslinjer for utdanningsplanar og utdanningsretteiing.

**Forslag til ny paragraf:**

## § 7-4 Utdanningsrettleiing og utdanningssamtale

- (1) Studenten skal ha tildelt ein utdanningsrettleiar knytt til sitt studieprogram.
- (2) Utdanningsrettleiar skal gi tilbod om minst ein utdanningssamtale med studenten kvart studieår. Utdanningssamtalen kan gjennomførast individuelt eller i grupper. Dersom ein av partane ønskjer det, skal samtalen gjennomførast individuelt.
- (3) Studenten kan be om å få skifte utdanningsrettleiar i ein grunngjeven søknad.
- (4) Høgskulen i Volda har egne retningslinjer for utdanningsplanar og utdanningsrettleiing.

## Forklaring til § 7-4:

§ 6-4. Utdanningsrettleiing og utdanningssamtale er foreslått vidareført utan endringar som ein ny § 7-4.

**Gjeldande paragraf:**

## § 6-5. Undervisningsopptak

- (1) Høgskulen kan fastsette regler om undervisningsopptak for det enkelte semester for fleirårige studieprogram.
- (2) Eit eige undervisningsopptak inneber at studentane innanfor gitte fristar må melde seg til og søke plass på dei emna dei planlegg å ta det påfølgande semesteret.
- (3) For enkelte emne kan det vere krav om at bestemte emne, arbeidskrav eller eksamenar skal vere fullførte med godkjent resultat før ein får tilbod om plass på emnet.
- (4) Høgskolen i Volda kan utarbeide egne retningslinjer for undervisningsopptaket.

**Forslag til ny paragraf:**

## § 7-5 Undervisningsopptak

- (1) Høgskulen kan fastsette regler om undervisningsopptak for det enkelte semester for fleirårige studieprogram.
- (2) Eit eige undervisningsopptak inneber at studentane innanfor gitte fristar må melde seg til og søke plass på dei emna dei planlegg å ta det påfølgande semesteret.
- (3) For enkelte emne kan det vere krav om at bestemte emne, arbeidskrav eller eksamenar skal vere fullførte med godkjent resultat før ein får tilbod om plass på emnet.
- (4) Høgskolen i Volda kan utarbeide egne retningslinjer for undervisningsopptaket.

Forklaring til § 7-5:

§ 6-5. Undervisningsopptak er foreslått vidareført utan endringar som ein ny § 7-5.

Forklaring til obligatorisk frammøte og arbeidskrav:

Det vert foreslått å slå saman § 6-6. Obligatorisk frammøte og deltaking og § 6-7. Arbeidskrav, til ein ny 7-6 Obligatoriske aktivitetar.

### **Gjeldande paragraf:**

§ 6-6. Obligatorisk frammøte og deltaking

- (1) Studie- og emneplanane skal vise omfanget av og kva delar av undervisninga og andre aktivitetar som er sett som obligatorisk krav for studieprogrammet.
- (2) Dersom ikkje anna er bestemt i emneplanen, krev ein 80 prosent frammøte/deltaking til obligatorisk undervisning i eit emne.
- (3) Ved krav om obligatorisk frammøte/deltaking vert det ført logg over frammøtet til kvar student.
- (4) Studenten skal halde seg orientert om fråværet sitt.
- (5) Ein student som av særskilde grunnar ikkje klarer å innfri det obligatoriske kravet til frammøte/deltaking, kan søke om dispensasjon frå frammøtekravet innan rimeleg tid før undervisningsperioden er ute. Særskilde grunnar betyr medisinsk grunn eller velferdsgrunn. Søknaden skal vere dokumentert med attest frå lege eller annan sakkunnig. Studenten kan bli pålagt fagleg(-e) arbeid som erstatning.
- (6) Ein student som har tillitsverv i styringsordningar ved Høgskulen i Volda og Studentsamskipnaden i Volda, verv i nasjonale eller internasjonale studentorganisasjonar, eller har plikter i offentleg valde organ, kan søke om fritak frå heile eller delar av kravet om obligatorisk frammøte.
- (7) Ein student som ikkje får godkjent frammøtet, mister retten til å gå opp til eksamen i emnet, og må melde seg til undervisning og vurdering på nytt ved neste ordinære emnegjennomføring.
- (8) Studenten har klagerett på vedtak om ikkje godkjent frammøte.
- (9) Høgskulen i Volda har egne retningslinjer for praktisering av kravet om obligatorisk oppmøte, søknad om dispensasjon og behandling av slike søknader.



**Gjeldande paragraf:****§ 6-7. Arbeidskrav**

- (1) Studenten har krav på ei oversikt over arbeidskrav i eit emne som beskriv krav til innhald og form, samt fristar for gjennomføring og innlevering av arbeidskrav.
- (2) Studenten har krav om arbeidskravet blir vurdert. Vurderingsuttrykket for arbeidskrav skal vere godkjent/ikkje godkjent.
- (3) Ein student får 2 – to – forsøk på eit arbeidskrav.
- (4) Dersom ein student ikkje kan gjennomføre og levere eit arbeidskrav innan fastsett frist, kan studenten søke om utvida frist innan rimeleg tid før fristen for levering går ut. Søknaden skal vere grunngjeven.
- (5) Ein student som ikkje får godkjent, ikkje leverer eller ikkje møter til eit arbeidskrav, har brukt eitt forsøk og får eitt nytt forsøk på å fullføre arbeidskravet.
- (6) Studenten har klagerett på vedtak om ikkje godkjent arbeidskrav. Ved klage skal arbeidskravet vurderast på nytt. Klagehandsaminga skal følgje reglane om ny sensur, jf. uhl. § 3-9 og § 5-3, med unntak av kravet om ekstern sensor, jf. uhl. § 3-9 5. ledd.
- (7) Ein student som ikkje får gå opp til eksamen på grunn av manglande godkjenning av arbeidskrav, må melde seg til undervisning og vurdering på nytt ved neste ordinære emnegjennomføring.
- (8) § 8-7 om hjelpemiddel og kjeldebruk og § 9-3 gjeld også ved innlevering av arbeidskrav.
- (9) Høgskulen i Volda har egne retningslinjer for arbeidskrav

**Forslag til ny paragraf:****§ 7-6 Obligatoriske aktivitetar**

- (1) Dersom det stillast krav om obligatoriske aktivitetar som skal vere gjennomført og godkjend for at studenten kan gå opp til eksamen og/eller fortsette studiet, skal dette gå fram av studie- og emneplanen. Ein obligatorisk aktivitet skal gis for å fremme studenten sin progresjon og utvikling, og må gi dei ferdigheitene, kunnskapane og generell kompetanse som er naudsynt for å oppnå læringsutbytta.
- (2) Dersom eit emne har obligatorisk undervisning, krev ein som hovudregel 80 % fram møte/deltaking i den obligatoriske undervisninga dersom ikkje anna er fastsett i emneplanen.
- (3) Obligatoriske aktivitetar vurderast som godkjent eller ikkje godkjent. Det er ikkje klagerett på vurderinga av ikkje godkjente obligatoriske aktivitetar. Det kan gjerast vedtak om tap av eksamensrett dersom studenten ikkje har fått godkjend obligatoriske aktivitetar.

(4) Ein student som ikkje får godkjend ein obligatorisk aktivitet har rett til eit nytt forsøk. Dette gjeld ikkje for obligatoriske aktivitetar som krev at studenten er til stades, eller deltaking ved aktivitet som gjennomførast berre ein gong.

(5) Ved dokumentert sjukdom og i andre særlege tilhøve, kan studenten søke om eit nytt forsøk eller fritak frå obligatorisk aktivitet. Det er ein føresetnad at eit nytt forsøk eller fritak er fagleg forsvarleg og praktisk mogleg. Studenten skal som hovudregel fullføre ein annan aktivitet som vert vurdert som godkjend.

(6) Ein student som ikkje får gå opp til eksamen på grunn av manglande godkjenning av ein obligatorisk aktivitet, må melde seg til undervisning og vurdering på nytt ved neste ordinære emnegjennomføring.

(7) Godkjende obligatoriske aktivitetar i eit emne gjeld inntil det vert gjort større endringar i innhaldet i eit emne, eller det går tydeleg fram av emneplanen kor lengje den godkjende obligatoriske aktiviteten vert rekna som gyldig.

(8) Ein student som har tillitsverv i styringsordningar ved Høgskulen i Volda og Studentsamskipnaden i Volda, verv i nasjonale eller internasjonale studentorganisasjonar, eller har plikter i offentleg valde organ, kan søke om fritak frå heile eller delar av kravet om obligatorisk frammøte.

(9) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for obligatoriske aktivitetar.

#### Forklaring til § 7-6:

Det er foreslått at ein her innfører omgrepet «obligatoriske aktivitetar» for alle obligatoriske krav som stillast til studenten for å kunne gå opp til eksamen. Det er foreslått at ein slår saman § 6-6. Obligatorisk frammøte og deltaking, og § 6-7 Arbeidskrav, og da slik at ein regulerer samlege former for obligatorikk i ein ny § 7-6.

I den nye uh-lova § 11-4 er adgangen til å stille obligatoriske krav for å kunne gå opp til eksamen regulert. Det går fram av Prop. L (2022-2023) Lov om universiteter og høyskoler pkt. 15.4 at omgrepet «obligatoriske aktivitetar» brukast som samleomgrep for alle desse obligatoriske krava, til dømes obligatorisk undervisning, obligatorisk arbeid, obligatoriske kurs, obligatorisk praksis og arbeidskrav. I merknaden til § 11-4 andre ledd om rett til å gå opp til eksamen står det:

*«Formålet med eventuelle krav om obligatoriske aktiviteter kan være å sikre at studenten er tilstrekkelig faglig kvalifisert, og for å bidra til progresjon i studiet eller som hjelp for å oppnå et bestemt læringsutbytte, eller at studentenes oppmøte og deltakelse gjennom samarbeid og diskusjoner er viktig for å ivareta studiekvaliteten for hele studentgruppen. Det er opp til institusjonene selv å kunne kreve obligatorisk oppmøte som vilkår for å kunne gå opp til eksamen viss oppmøte og deltakelse er viktig for studiekvaliteten og studentenes læringsutbytte. De obligatoriske aktivitetene må gi et faglig utbytte, en vesentlig kompetanse eller en ferdighet som er nødvendig for å kunne få et fullt utbytte av undervisningen.»*

For å samordne omgrepa i uh-lova og vår eiga forskrift blir det foreslått at alle obligatoriske krav som skal vere gjennomført for at studenten kan få gå opp til eksamen, omtalast som «obligatoriske aktivitetar». Dette gjeld alle obligatoriske krav som følgjer av gjeldande § 6-6 og § 6-7. Obligatoriske aktivitetar har til felles at studenten må ha gjennomført og fått godkjend aktiviteten for å kunne gå

opp til eksamen. Konsekvensen av at den ikkje er godkjend er at det gjerast vedtak om tap av retten til å ta eksamen (eksamensrett). Obligatoriske aktivitetar skil seg derfor frå andre typar aktivitetar som ein tilbyr studenten som ein frivillig og/eller anbefalt øvingsaktivitet, ved at den uavhengig av gjennomføringa ikkje vil få ein konsekvens for retten til å ta eksamen. Aktivitetar som ikkje får innverknad på retten til å ta eksamen er derfor ikkje omfatta av regulering av obligatoriske aktivitetar i denne forskrifta, og er å rekne som «frivillige aktivitetar».

I dag er obligatoriske frammøte og deltaking, og arbeidskrav oppdelt i to ulike reglar. Med bakgrunn at lovgivar brukar samle omgrepet obligatoriske aktivitetar blir det foreslått at ein samlar reguleringa av denne typen aktivitetar i ein regel.

Det presiserast at det moglegheita for to forsøk berre gjeld for obligatoriske arbeid som i si form kan gjennomførast to gongar, typisk eit skriftleg arbeidskrav. For krav om at studenten er til stades og deltaking i aktivitet som berre gjennomførast ein gong, vert det ikkje mogleg med to forsøk. Det er såleis ikkje moglegheit får å innvilge eit ekstra forsøk (tredje forsøk) på arbeidskrav etter søknad/ førespurnad frå studenten.

Det at obligatoriske aktivitetar samlast i ein ny § 7-6 gjer likevel ikkje at det vert store materielle endringar i regelverket. Forslaget slik det ligg føre er meir tydeleg når det gjeld føresetnaden for bruk av obligatoriske aktivitetar. Noko som er i tråd med lovproposisjonen. Ein obligatorisk aktivitet gis for å fremme studentens progresjon og utvikling, og må gi studenten kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse som er nødvendig for å oppnå læringsutbytta. Det kan stillast krav om obligatoriske aktivitetar når det er nødvendig for å sikre at studenten er tilstrekkeleg fagleg kvalifisert før eksamen. Dette til skilnad frå andre frivillige læringsaktivitetar som ein foreslår at studentane gjer undervegs, jf. over. Bruk av obligatoriske aktivitetar i eit emne må også sjåast i samanheng med den totale arbeidsbelastninga som studenten har. Alle obligatoriske aktivitetar som krevjast for å ta eksamen har innverknad på den totale belastninga og arbeidsomfanget for studenten, og bør ikkje brukast med mindre aktiviteten må vere obligatorisk for å sikre at studenten er tilstrekkeleg fagleg kvalifisert til eksamen.

I gjeldande regler er det klagerett både på ikkje godkjende arbeidskrav, og på vedtak om ikkje godkjent frammøte.

Det går fram av Prop. L (2022-2023) Lov om universiteter og høyskoler pkt. 15.4 at departementet legg til grunn ei forståing av at det ikkje er adgang til å klage på obligatoriske aktivitetar som ikkje skal vere med i den endelege karakteren. Sjølv om det ikkje er klageadgang på sjølve vurderinga av ein ikkje-godkjend obligatorisk aktivitet, kan studenten klage på vedtaket om tap av eksamensrett som følgje av at ein obligatorisk aktivitet ikkje vert godkjend. Departementet uttalar at om ein student mistar retten til å ta eksamen på grunn av at obligatoriske aktivitetar ikkje er godkjend eller frammøte/deltaking i undervisninga ikkje er tilfredsstillande, er det grunnlaget for vedtaket om tap av eksamensrett som skal vurderast, og det utan at ein overprøver faglæraren sin faglege vurdering av til dømes sjølve arbeidskravet.

På denne bakgrunn vert det foreslått at ein tek bort høve til å klage slik som den er i dag. Det vert da berre enkeltvedtaket om tap av retten til å ta eksamen (eksamensretten) som det kan klagast på. Dette vil føre til at ein får noko større handlingsrom tidsmessig med omsyn til når obligatoriske arbeid må vere gjennomført og godkjend før eksamen.

**Forklaring:**

Det vert foreslått at reglar knytt til gjennomføring av praksis og praksisstudium vert tatt inn som eit eige kapittel. Dette da slik at gjeldande regel § 6-8. Praksis/praksisstudium vert tatt inn i eit nytt kapittel 8, sjå nedanfor.

**Gjeldande paragraf:****§ 6-9. Utveksling til utlandet**

- (1) Høgskulen i Volda tilbyr utveksling til utlandet for studentar på fleirårige studieprogram.
- (2) Ein bachelorgradstudent må ha fullført 60 studiepoeng ved Høgskulen i Volda før utreise.
- (3) Ein mastergradstudent må ha fullført 30 studiepoeng ved Høgskulen i Volda før utreise.
- (4) Studenten må inngå ein avtale om førehandsgodkjenning for godskriving i utdanningsplanen. Avtalen skal vere signert av studenten og fagmiljøet ved Høgskulen i Volda, og av vertsinstitusjonen når dette er eit krav.
- (5) Ein student som ikkje fullfører i tråd med førehandsgodkjenninga, må be om ei ny vurdering om godskriving når utvekslingsopphaldet er avslutta.
- (6) Studenten er sjølv ansvarleg for å skaffe visum, ta vaksinar og kjøpe forsikring som trengst til utvekslingsopphaldet.
- (7) Under utvekslingsopphaldet må studenten vere semesterregistrert og betale semesteravgift til Høgskulen i Volda.
- (8) Etter at utvekslingsopphaldet er gjennomført, skal studenten levere ein rapport om opphaldet.
- (9) Etter at utvekslingsopphaldet er gjennomført, skal studenten levere gyldig dokumentasjon frå vertsinstitusjonen i form av ei karakterutskrift, så snart sensuren er klar. Berre gyldig dokumentasjon med fullført resultat vil bli lagd inn som del av utdanninga.
- (10) Høgskulen i Volda er ikkje juridisk ansvarleg for ein student på utvekslingsavtale, men har plikt til å gje nødvendig informasjon om visum, forsikring og andre forhold som studenten bør vite om

**Forslag til ny paragraf:****§ 7-7 Utveksling til utlandet**

- (1) Høgskulen i Volda tilbyr utveksling til utlandet for studentar på fleirårige studieprogram.
- (2) Ein bachelorgradstudent må ha fullført 60 studiepoeng ved Høgskulen i Volda før utreise.
- (3) Ein mastergradstudent må ha fullført 30 studiepoeng ved Høgskulen i Volda før utreise.

- (4) Studenten må inngå ein avtale om førehandsgodkjenning for godskriving i utdanningsplanen. Avtalen skal vere signert av studenten og fagmiljøet ved Høgskulen i Volda, og av vertsinstitusjonen når dette er eit krav.
- (5) Ein student som ikkje fullfører i tråd med førehandsgodkjenninga, må be om ei ny vurdering om godskriving når utvekslingsopphaldet er avslutta.
- (6) Studenten er sjølv ansvarleg for å skaffe visum, ta vaksinar og kjøpe forsikring som trengst til utvekslingsopphaldet.
- (7) Under utvekslingsopphaldet må studenten vere semesterregistrert og betale semesteravgift til Høgskulen i Volda.
- (8) Etter at utvekslingsopphaldet er gjennomført, skal studenten levere ein rapport om opphaldet.
- (9) Etter at utvekslingsopphaldet er gjennomført, skal studenten levere gyldig dokumentasjon frå vertsinstitusjonen i form av ei karakterutskrift, så snart sensuren er klar. Berre gyldig dokumentasjon med fullført resultat vil bli lagd inn som del av utdanninga.
- (10) Høgskulen i Volda er ikkje juridisk ansvarleg for ein student på utvekslingsavtale, men har plikt til å gje nødvendig informasjon om visum, forsikring og andre forhold som studenten bør vite om.
- (11) Ein utvekslingsstudent kan ikkje vere under særskild skikkavurdering, jf. uhl. § 12-3 og forskrift til universitets- og høyskoleloven kapittel 7.

Forklaring til § 7-7:

Høgskulen i Volda har ikkje heimel til å stoppe studentar som openbart ikkje har føresetnad for å handtere studiar utanlands. I særskilde tilfelle kan ein student vere under særskild skikkavurdering utan at studenten har plikt til å opplyse om det. Ein student som er under særskild skikkavurdering etter universitet- og høyskoleforskrifta kapittel 7 bør ikkje sendast på utanlandsopphald der studenten mogleg skal ta i vare særlege sårbare grupper. Det er derfor foreslått eit nytt 11. ledd som sei at ein utvekslingsstudent ikkje kan vere under særskild skikkavurdering.

**Gjeldande paragraf:**

§ 6-10.Overgang mellom studieprogram

- (1) Ein student kan normalt få overgang frå eit årsstudium til eit bachelorstudium i same fagområdet dersom;
- studenten har fått studierett gjennom ordinært opptak, møtt til studiestart og registrert seg på det studieprogrammet vedkommande vart oppteken til, og
  - studieprogrammet studenten søker overgang til, ikkje er lukka ved poengrangering, og
  - studenten fyller opptakskravet til studieprogrammet.

(2) Dersom studieprogrammet er lukka med poengrangering, kan overgang vurderast dersom studenten sin poengsum er lik eller høgare enn medianen ved siste opptak.

(3) Ein student som får innvilga overgang, mister studieretten til studieprogrammet vedkommande søker overgang frå, og får tildelt ny studierett ved det nye studieprogrammet.

(4) Studentar som ønsker overgang til eit studieprogram som ikkje er dekt av denne overgangsordninga, må søke om opptak på vanleg måte.

(5) Studentar må søke om overgang innan fastsett frist.

### **Forslag til nytt paragraf:**

#### **§ 7-8 Overgang mellom studieprogram**

(1) Ein student kan normalt få overgang frå eit årsstudium til eit bachelorstudium i same fagområdet dersom;

- a. studenten har fått studierett gjennom ordinært opptak, møtt til studiestart og registrert seg på det studieprogrammet vedkommande vart oppteken til, og
- b. studieprogrammet studenten søker overgang til, ikkje er lukka ved poengrangering, og
- c. studenten fyller opptakskravet til studieprogrammet.

(2) Dersom studieprogrammet er lukka med poengrangering, kan overgang vurderast dersom studenten sin poengsum er lik eller høgare enn medianen ved siste opptak.

(3) Ein student som får innvilga overgang, mister studieretten til studieprogrammet vedkommande søker overgang frå, og får tildelt ny studierett ved det nye studieprogrammet.

(4) Studentar som ønsker overgang til eit studieprogram som ikkje er dekt av denne overgangsordninga, må søke om opptak på vanleg måte.

(5) Studentar må søke om overgang innan fastsett frist.

Forklaring til § 7-8:

Det er ikkje foreslått endringar og gjeldande paragraf vidareførast som ny § 7-8.

**Gjeldande paragraf:**

## § 6-11. Skikkavurdering

(1) Høgskulen i Volda har fleire utdanningar der ein student vil bli vurdert om vedkommande er skikka det vil seie om dei har dei faglege og personlege føresetnadene, for den yrkesutøvinga som utdanninga kvalifiserer.

(2) Det går fram av den enkelte studieplanen dersom studiet er omfatta av kravet om skikkavurdering.

(3) Høgskulen i Volda sin praksis for skikkavurdering følger reglane i forskrift 30. juni 2006 nr. 859 om skikkethetsvurdering i høyere utdanning

**Forklaring:**

Det vert foreslått at gjeldande § 6-11. Skikkavurdering vert tatt ut av forskrifta. Dette med bakgrunn i at skikkavurdering er nærmare regulert i universitet- og høyskoleforskrifta kapittel 7, og ein unngår dobbeltregulering. Regelen slik den står i gjeldande § 6-11 er overflødig

**Kapittel 8. Praksis****Forklaring:**

Det er foreslått at reglar for praksis vert tatt inn i eit eige kapittel. Dette særskild av pedagogiske grunnar.

Vidare har gjeldande forskrift ein paragraf som regulerer fleire sider ved gjennomføringa av praksis, og for å gi ein betre oversikt vert det foreslått at gjeldande regel vert oppdelt i fleire ulike paragrafar.

Det vert også foreslått det som går fram av uh-lova vert tatt ut av forskrifta for å unngå dobbeltregulering. På denne måten vil også regelverket bli meir dynamisk, da ein slepp å endre HVO-forskrifta om det skulle bli endringar i lova.

Dette gjeld noverande 3. ledd som er ivaretatt i uh-loven § 12-2 ved krav om politiattest, 9. ledd som er ivaretatt i uh-loven § 12-7 om studentars teieplikt og 11. ledd som er ivaretatt i uh-loven § 11-10 om klage på karakter. Slik ordlyden er i gjeldande forskrift er denne overflødig da dette allereie er regulert eksplisitt i uh-lova.

**Gjeldande paragraf:****§ 6-8. Praksis/praksisstudium**

- (1) For utdanningane som er styrte av nasjonal rammeplan, gjeld rammeplanen sine paragrafer om praksis/praksisstudium.
- (2) Det går fram av studie- eller emneplan om det er krav til forkunnskapar for å kunne gjennomføre praksis.
- (3) I studium der studenten kan kome i kontakt med mindreårige som ein del av eit praksisstudium, er det krav om at studenten legg fram politiattest ved opptak. Det kan også krevjast ny politiattest undervegs i utdanninga, jf. uhl. § 4-9.
- (4) Ein student med særskild grunn kan søke om særordning knytt til gjennomføring av praksis/praksisstudiet. Særskilde grunnar betyr medisinsk grunn eller velferdsgrunn. Søknaden skal vere dokumentert med attest frå lege eller annan sakkunnig.
- (5) Ved godkjenning av praksis/praksisstudiet skal prosessen som fører fram til eit vedtak om godkjenning eller underkjenning, vere skriftleg og kunne dokumenterast.
- (6) Vurderingsuttrykket for praksis/praksisstudiet skal gå fram av studie- eller emneplanen.
- (7) Ein student kan framstille seg to gongar til same praksis/praksisstudiet.
- (8) Ein student som bryt av praksis/praksisstudiet, får dette teljande som eitt forsøk.
- (9) Ein student i praksis har teieplikt, jf. uhl. § 4-6.
- (10) Ved ikkje bestått praksis skal høgskulen og praksisstaden vurdere om det er grunnlag for å sende tvilmelding til ansvarleg for skikkavurdering når studenten går på eit studieprogram underlagt skikkavurdering, jf. uhl. § 4-10 (1).
- (11) Studenten har ikkje klagerett på vedtak om ikkje godkjent praksis/praksisstudium, jf. uhl. § 5-3, 5. ledd.
- (12) Studieprogram med praksis/praksisstudium har egne retningslinjer for praksisgjennomføringa

**Forslag til ny paragraf:****§ 8-1 Vilkår for å gå ut i praksis**

- (1) Det skal gå fram av studie- og emneplanar kva emnar, eksamenar og obligatoriske krav og aktivitetar som skal vere fullført før studenten kan starte i praksis.
- (2) Studieprogram med praksis/praksisstudium har egne retningslinjer for praksisgjennomføringa.



#### Forklaring til § 8-1:

Det er foreslått at vilkåra for å gå ut i praksis vert regulert i ei eiga paragraf, og da slik at er krava som er fastsett i studie- og emneplanar som er styrande. Forslaget er ei omskriving av gjeldande 2. og 6. ledd, og utan ei materiell endring. Vidare er 2. ledd tilsvarende gjeldande 12. ledd.

#### Forslag til ny paragraf:

##### § 8-2 Praksis i rammeplan styrde utdanningar

(1) Studenten skal ha jamleg rettleiing og tilbakemelding om korleis studenten oppfyller krava for å godkjend praksis.

(2) For kvar praksisperiode skal det gis tilbakemelding om lag midtvegs og ei avsluttande skriftleg vurdering der studenten sine prestasjonar vurderast med omsyn til måla for praksisperioden. Studenten skal ha kopi av vurderingane.

(3) Krav om deltaking skal gå fram av studie- og emneplanen, og kan som hovudregel ikkje fråvikast på grunn av gyldig fråvær.

#### Forklaring til § 8-2:

Når det gjeld praksis i rammeplan styrde utdanningar har ein vurdert det slik at det av omsyn til studentane har vore viktig å klarlegge rettighetene knytt til praksis. I forslaget til ny § 8-2 har ein derfor vald å tydeleggjere at studentane har krav på tilbakemelding om lag midtvegs i praksisperioden, og avsluttande skriftleg vurdering. Dette inneberer ikkje noko realitetsendring, og det er slik det vert gjort i dag. Her har ein brukt ordlyden «om lag» bevist med tanke på at det ikkje alltid er mogleg å gjennomføre ein slik midtvegs vurdering akkurat på det tidspunkt studenten faktisk er midtvegs i praksisen. Det må likevel vere slik at studenten skal ha ei tilbakemelding på korleis studenten ligg an i forhold til krava for å få godkjend praksis.

Vidare har ein i presisert at krav om deltaking skal gå fram av studie- og emneplan, og at det som hovudregel ikkje kan fråvikast sjølv med gyldig fråvær. Ved å bruke ordlyden «kan» vil avdelingane kunne utøve skjøn. Kva som ev. kan gi fritak bør ta takast inn i ei retningslinje slik at det blir klart både for tilsette og studentar kva som aksepterast. Dette også for å sikre at studentar blir handsama likt og at sakshandsaminga til høgskulen ikkje blir vilkårleg.

Vidare er ordlyden i § 8-2 i samsvar med fleire andre institusjonar som allereie har revidert forskrifta si etter lovendringa i august 2024.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### **§ 8-3 Ikkje-godkjend praksis**

- 1) Dersom det er tvil om studenten vil oppnå læringsutbyttet og bestå praksisperioden, skal studenten ha eit skriftleg varsel så tidleg som mogleg i praksisperioden. Fristar for eit slikt varsel kan vere gitt i nasjonal rammeplan for den einskilde utdanninga.
- (2) Praksisperioden kan også vurderast til «ikkje godkjend» ved manglande oppfylling av obligatoriske aktivitetar eller deltaking.
- (3) Studenten kan utan varsel få praksis vurdert til «ikkje godkjend» dersom studenten utvilsamt ikkje presterer og oppnår læringsutbytta i emnet, og den manglande prestasjonen blir tydeleg etter at halve praksisperioden er gjennomført, eller etter tidspunktet for når varsel normalt vert gitt, jf. første ledd.
- (4) Dersom studenten i praksisperioden har vist handlingar eller åtferd som utgjør ei monaleg fare for liv, fysisk eller psykisk helse for dei som studenten er i kontakt med, eller andre klanderverdige forhold som skyldast studenten, kan praksisperioden avbrytast utan varsel. Praksisperioden kan i desse tilfella verte vurdert til «ikkje godkjend» og vert rekna som eit forsøk.
- (5) Ved avbrote praksis skal høgskulen så raskt som mogleg gjennomføre ein samtale med studenten, der det vert informert om grunnlaget for at praksis er avbrote og konsekvensane dette har for studenten.
- (6) Ved ikkje godkjend praksis skal høgskulen og praksisstaden vurdere om det er grunnlag for å sende tvilmelding når studenten går på eit studieprogram underlagt skikkavurdering, jf. uhl. § 12-3 og forskrift om universitetet og høgskuler kapittel 7.

#### Forklaring til § 8-3:

Omsynet bak forslaget i § 8-3 er å tydeleggjere reglane for ikkje godkjend praksis, og samtidig gi avdelingane større handlingsrom knytt til vurderingane om praksis skal godkjennast, og om avbrote praksis skal telle som eit forsøk eller ikkje. Her kan det vere nødvendig med særskilde vurderingar i det einskilde tilfellet, meir om dette under forklaringa til 3. og 4. ledd.

I 1. ledd er det foreslått at i det tilfellet at det oppstår tvil om studenten kan få godkjend praksis, skal studenten snarast råd få eit skriftleg varsel. Fristar for når eit slikt varsel skal sendast kan gå fram av rammeplan.

Det er naturleg at eit slik varsel inneheld informasjon om kva studenten ikkje meistrar, og kva krav som må oppfyllest for å få godkjend praksis. Ein har her vald å ikkje ta inn kva eit varsel skal innehalde, da dette i utgangspunktet følgjer av forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming og det forhold at studenten må få rettleiing på kva som må betrast. Ved behov kan dette heller takast inn i ei retningslinje for praksis.

I 2. ledd er det presisert at praksisperioden kan vurderast til «ikkje godkjend» ved manglande oppfylling av obligatoriske aktivitetar eller deltaking. Det vil da vere slik at obligatorisk deltaking

som hovudregel ikkje kan fråvikast på grunn av sjukdom eller andre grunnar. Krav til obligatoriske aktivitetar og deltaking vil gå fram av studie- og emneplanen, jf. 8-1 (1).

Når det gjeld 3. ledd har ein vald å foreslå studenten utan varsel kan få praksis vurdert til ikkje godkjend dersom studenten utvilsamt *«ikkje presterer og oppnår læringsutbytta i emnet, og den manglande prestasjonen blir tydeleg etter at halve praksisperioden er gjennomført, eller etter tidspunktet for når varsel normalt vert gitt»*. Ved å ta dette inn i forskrifta vil avdelingane ha moglegheit til å avbryte ein praksis etter at halve praksisperioden er gjennomført utan at det er sendt varsel til studenten. 3. ledd vil gjelde dei heilt ekstraordinære tilfella der det er klart at ein student etter halvgått praksisperiode ikkje har dei nødvendige føresetnadane for å kunne betre prestasjonen sin, og dermed likevel få praksisperioden godkjend.

4. ledd gjeld ved særskilte alvorlege og akutte hendingar i praksis der studenten har vist handlingar eller åtferd som utgjer ei mogleg fare for liv, fysisk eller psykisk helse for dei som studenten er i kontakt med. I slike tilfelle er det nødvendig å kunne avbryte praksisperioden omgåande og utan varsel. I tillegg har ein vald å ta inn at det også kan være aktuelt dersom studenten på anna måte har handla klanderverdig. Det kan til dømes vere når praksisplassen eller høgskulen avbryt ein praksis fordi praksisplassen ikkje får til ei fagleg forsvarleg gjennomføring av praksis som følgje av at studenten ikkje rettar seg etter instruksar, rettleiing eller liknande, eller ikkje vil samarbeide med kollegaer på praksisplassen. Vurderingane som vert tatt i slike situasjonar vil nødvendigvis vere meir skjønsmessig, sjølv om det for praksisplassen og høgskulen kan opplevast som heilt naudsynt å avbryte praksisen.

I dei tilfella ein vel å avbryte ein praksis med den konsekvens at praksisen vert vurdert som ikkje godkjend, vil det også være rimeleg at praksisperioden tel som eit forsøk. Her opnar likevel ordlyden opp for ein nærmare vurdering vet at ein brukar «kan». Avdelingane vil derfor få eit handlingsrom til å velje om avbrote praksis skal føre til eit forsøk med ikkje godkjend praksis. Dersom det oppstår ein situasjon som gjer at det er nødvendig å avbryte praksis, men det er mindre openbart kva studenten er å klandre, vil avdelinga kunne avbryte praksisen og berre annullere forsøket slik at den ikkje tel som eit forsøk.

Avbrote praksis kan ha store konsekvensar for studenten og vil kunne opplevast som inngripande for en einskilde. Det vert derfor foreslått at høgskulen skal gjennomføre ein samtale med studenten så raskt som mogleg. Her har ein bevist brukt ordlyden «høgskulen» i staden for til dømes avdelinga, praksiskoordinator ol. Dette fordi at organiseringa av dette arbeidet kan være ulikt frå avdeling til avdeling. Vidare vil ein slik ordlyd vere meir dynamisk, og det vil ikkje være behov for å endre ordlyden dersom det skjer endringar på dei ulike studieprogramma som har praksis/praksisstudium.

Som nemnd over vil avbrote praksis etter 3. og 4. ledd ha store konsekvensar for studenten, og slik Studieadministrasjonen vurderer det vil ei slik avgjerd vere eit enkeltvedtak som gjev studenten klagerett etter forvaltningslova sine reglar. Dette til skilnad frå faglege vurderingar som gjerast i sanntid og som ikkje kan etterprøvast, jf. lovens § 11-10 fjerde ledd. Det vil såleis kunne være tilfelle der studenten har klagerett og tilfelle der studenten ikkje har klagerett. Dette kan ved behov klargjerast i retningslinje for praksis.

## Forslag til ny paragraf:

### § 8-4 Utsett praksis

(1) Ved sjukdom eller av sterke velferdsgrunnar kan høgskulen etter søknad innvilge at studenten får utsett praksis. Dokumentasjon på gyldig fråvær må dokumenterast frå enten lege eller anna sakkunnig. Dokumentasjonen må leverast seinast ei uke etter fyrste fråværsdag.

(2) Utsett praksis kan innvilgast når det er praktisk mogleg med omsyn til tildeling av praksisplass og det ikkje verte ei endring i andre studentar sin studieprogresjon.

(3) Høgskulen avgjer om studenten må ta heile praksisperioden på nytt, og når utsett praksis kan gjennomførast.

#### Forklaring til § 8-4:

Omsynet bak regelen i § 8-4 er å klargjere studentane sine rettigheter og plikter i samband med utsett praksis. Utsett praksis er i gjeldande regelverk regulert i 4. ledd, og dette er foreslått vidareført i § 8-4 (1). I tillegg er det foreslått at ein i tydeleggjer rammene for utsett praksis i 2. ledd. Dette vert i dag i stor grad handtert av avdelingane sjølv og det er framleis tenkt at det er avdelingane sjølv som skal foreta dei konkrete vurderingane.

Krav om deltaking kan ikkje fråvikast sjølv om studenten legg fram dokumentasjon på gyldig fråvær. Studenten må derfor ta igjen fråværet, enten ved utsett praksis, eller ved at heile praksisperioden vert gjennomført på nytt. Regelverket legg her opptil at studenten må søke om å utsette praksisen og levere dokumentasjon på gyldig fråvær. Det er avdelingane som må vurdere søknaden med omsyn til kva so vil vere fagleg og praktisk forsvarleg, og deretter legge til rette for at fråværet kan takast igjen eller om heile praksisperioden skal gjennomførast på nytt.

I 2. ledd er det foreslått som ei tydeleggjering at utsett praksis skal takast igjen når det er praktisk mogleg, og den skal heller ikkje påverke andre studentar sin progresjon. Her vil avdelingane såleis ha eit handlingsrom, om må vurdere når det er praktisk mogleg.

I det tilfellet at studenten leverer dokumentasjon for gyldig fråvær og søker om utsett praksis, vil ein ikkje ha anledning til å vurdere praksisperioden til ikkje godkjend. Regelverket legg heller ikkje opptil at ein kan fastsette vilkår som må vere oppfylt for at dokumentasjon om gyldig fråvær skal vere godteke. Skulle studenten ikkje legge fram dokumentasjon på gyldig fråvær, og ikkje søker om utsett praksis, kan praksisperioden vurderast til ikkje godkjend.

I 3. ledd er det bevist brukt ordlyden høgskulen, sjølv om det i dag er avdelingane sjølv som handterer gjennomføringa av praksis. Ordlyden er vald av omsynet til fleksibilitet, og ved behov kan nærmare informasjon om søknadsprosessen og søknadsfristar gå fram avdelingane sine egne retningslinjer for praksis.

**Forslag til ny paragraf:****§ 8-5 Tal på praksisforsøk**

- (1) Studenten kan melde seg til ny praksisperiode ein gong dersom fyrste forsøk vart vurdert til «ikkje godkjend».
- (2) En student som får vurdert same praksisperiode til «ikkje godkjend» to gongar mistar studieretten, jf. § 4-5 (2). Talet på brukte forsøk i eit emne vert vidareført ved eit nytt opptak ved høgskulen.

**Forklaring til § 8-5:**

§ 8-6 (1) er ei vidareføring av dagens 7. ledd berre med ei justering av ordlyden. Studenten har to forsøk på å gjennomføre praksis, og i det ligg det da at studenten ikkje kan søke om eit tredje praksisforsøk.

Her ligg det i 2. ledd at dersom same praksisperiode vert vurdert til ikkje godkjend to gongar, skal det gjerast vedtak om tap av studierett, jf. § 4-5 (2). Studenten må da varslast skriftleg etter reglande i forvaltningslova før vedtak om tap av studierett vert gjort og studenten skal få moglegheit til å uttale seg, jf. forvaltningslova § 16.

Vidare har ein i 2. ledd siste setning vald å presisere at ein ikkje omgår regelen om to forsøk ved å søke nytt opptak.

## **Kapittel 9. Eksamen og andre vurderingsformer**

**Gjeldande paragraf:****§ 8-1. Allment om eksamen og andre vurderingsformer**

- (1) Ein student skal vurderast etter ulike eksamensformer i eit studieprogram.
- (2) Ved Høgskulen i Volda vert det nytta ei rekke ulike vurderings- og eksamensformer, kvar for seg eller saman. Vurderings- og eksamensformer for det enkelte emne/studieprogram går fram av gjeldande emne- og studieplan.
- (3) Eksamen vert avlagd individuelt med mindre emneplanen seier noko anna.
- (4) Det kan vere krav om at bestemte emne, eksamenar eller obligatoriske krav skal vere fullført med godkjent resultat før ein student får gå opp til eksamen i eit emne.
- (5) Når karakteren i eit emne vert slått saman av to eller fleire eksamenar (delar), skal den prosentvise vektlegginga mellom dei ulike delane gå fram av emneplanen.
- (6) Høgskulen i Volda arrangerer normalt to eksamensperiodar kvart semester, éin for ordinære eksamenar og éin for kontinuasjonar.

(7) Høgskulen i Volda er ikkje ansvarleg for kollisjonar på eksamensdatoar for ein student som vel ein annan utdanningsplan enn det som er tilrådd, eller som tek fleire emne i tillegg til emna i studieprogrammet.

(8) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for eksamenskandidatar og gjennomføring av eksamen.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### **§ 9-1. Allment om eksamen og andre vurderingsformer**

(1) Ein student skal vurderast etter ulike eksamensformer i eit studieprogram.

(2) Ved Høgskulen i Volda vert det nytta ei rekke ulike vurderings- og eksamensformer, kvar for seg eller saman. Vurderings- og eksamensformer for det enkelte emne/studieprogram går fram av gjeldande emne- og studieplan.

(3) Eksamen vert avlagd individuelt med mindre emneplanen seier noko anna.

(4) Det kan vere krav om at bestemte emne, eksamenar eller obligatoriske aktivitetar skal vere fullført med godkjent resultat før ein student får gå opp til eksamen i eit emne.

(5) Når karakteren i eit emne vert slått saman av to eller fleire eksamenar (delar), skal den prosentvise vektlegginga mellom dei ulike delane gå fram av emneplanen.

(6) Høgskulen i Volda arrangerer normalt to eksamensperiodar kvart semester, éin for ordinære eksamenar og éin for kontinuasjonar.

(7) Høgskulen i Volda er ikkje ansvarleg for kollisjonar på eksamensdatoar for ein student som vel ein annan utdanningsplan enn det som er tilrådd, eller som tek fleire emne i tillegg til emna i studieprogrammet.

(8) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for eksamenskandidatar og gjennomføring av eksamen.

#### **Forklaring til § 9-1:**

Det vert foreslått at gjeldande § 8-1 i hovudsak vert vidareført slik den står i dag. Vidare vert det foreslått at ein tek ut 4. ledd frå § 9-1 og flyttar denne til ein ny § 9-2 om vilkår for å ta eksamen. Dette av pedagogiske omsyn, samt å få tydeleggjere for studentane kva som er vilkåra.

**Forslag til ny paragraf:****§ 9-2 Vilkår for å ta eksamen**

(1) Vilkår for å ta eksamen skal gå fram av emneplanen.

(2) Det kan stillast krav i emneplanen om at obligatoriske aktivitetar må vere godkjend før studenten kan ta eksamen og fortsette studiet. Tilsvarande kan det stillast krav i studie- eller emneplanen om at særskilde eksamenar skal være bestått, eller at studenten skal ha tatt eit minimum av studiepoeng, før studenten kan melde seg til undervisning/eksamen i eit eller fleire andre emnar, eller fortsette studiet.

(3) Studentar som ikkje har betalt semesteravgift etter forskrift om studentsamskipnader § 17 innan fristen, eller anna avgift fastsett i samsvar med forskrift om egenbetaling ved universitet og høyskoler har ikkje rett til å ta eksamen.

**Forklaring til § 9-2:**

1. ledd er det presisert at vilkåra for å ta eksamen skal gå fram av emneplanen. I 2. ledd har ein vald å vidareføre gjeldande 4. ledd, men med den korreksjon at ein brukar ordlyden «obligatoriske aktivitetar» for samanhengen i forskrifta og i tråd med ny § 7-6. Vidare vert det foreslått å presisere at det også kan stillast andre vilkår til dømes forkunnskapskrav. Dette for å synleggjere for studentane kva som faktisk kan krevjast og at dette skal gå fram av studie og/eller emneplanen.

3. ledd er det tatt inn at betaling av semesteravgift/studieavgift er ein føresetnad for å ta eksamen.

Her vert det gjort oppmerksom på at når det gjeld obligatoriske aktivitetar er det ein føresetnad at dei er godkjend i rimeleg tid før fastsett eksamensdato. Dette slik at studenten har tid til å innrette seg etter resultatet, og det er naudsynt av omsyn til den praktiske eksamensgjennomføringa. Erfaringsvis kan det oppstå utfordringar dersom frist for obligatoriske aktivitetar vert satt for tett opp imot eksamensdatoen. Nærmare regulering av dette kan gjerast i ei retningslinje, og til dømes kan det i ei slik retningslinje gå fram at godkjende obligatoriske aktivitetar skal ligge føre innan to veker før eksamensdato.

**Gjeldande paragraf:****§ 8-2. Oppmelding til eksamen**

(1) Eksamensdatoar vert kunngjorde for studentane i Studentweb.

(2) Oppmelding til ordinær eksamen skjer i samband med godkjenning av utdanningsplan/semesterregistrering i Studentweb.

**Forslag til ny paragraf:****§ 9-3 Oppmelding til eksamen**

- (1) Eksamensdatoar vert kunngjorde for studentane i Studentweb.
- (2) Oppmelding til ordinær eksamen skjer i samband med godkjenning av utdanningsplan/semesterregistrering i Studentweb.
- (3) Studenten er sjølv ansvarleg for å kontrollere i Studentweb at oppmeldinga til eksamen er korrekt.

**Forklaring til § 9-3:**

Det vert foreslått at 1. og 2. ledd vidareførst slik dei står i dag. I tillegg vert det foreslått eit nytt 3. ledd der det går fram at studenten sjølv er ansvarleg for å kontrollere at oppmeldinga til eksamen er korrekt. Forslaget inneberer ikkje noko materiell endring, da dette også i dag er studenten sitt ansvar. Bakgrunnen for forslaget er å tydeleggjere studenten sitt ansvar i samband med oppmelding til eksamen.

**Forklaring:**

Det vert foreslått å byte rekkefølge på gjeldande § 8-3. Eksamensforsøk og § 8-4. Trekke seg frå eksamen, da det ut ifrå samanhengen er meir naturleg om reglane om å trekke seg frå eksamen kjem før reglar for eksamensforsøk. Dette da slik at ny rekkefølge blir § 9-4 Trekke seg frå eksamen og deretter § 9-5 Eksamensforsøk.

**Gjeldande paragraf:****§ 8-4. Trekke seg frå eksamen**

- (1) Studenten kan sjølv velje å trekke seg frå eksamen i Studentweb inntil to – 2 – veker før eksamensdato.
- (2) Trekk innan fristen tel ikkje som gjeldande eksamensforsøk.
- (3) Studentar kan berre trekke seg under eksamen på grunn av sjukdom. For at dette ikkje skal telje som gjeldande eksamensforsøk må studenten snarast levere dokumentasjon frå lege eller annan sakkyndig.



**Forslag til ny paragraf:****§ 9-4 Trekke seg frå eksamen**

- (1) Studenten kan sjølve velje å trekke seg frå eksamen i Studentweb inntil to – 2 – veker før eksamensdato.
- (2) Trekk innan fristen tel ikkje som gjeldande eksamensforsøk.
- (3) Studentar som trekke seg under eksamen på grunn av sjukdom, må snarast og utan ugrunna opphald levere dokumentasjon frå lege eller anna sakkyndig for at eksamen ikkje skal telje som eit gjeldande eksamensforsøk.
- (4) Det kan i andre særlege tilhøve utanfor studenten sin kontroll innvilgast trekk frå eksamen etter fristen i første ledd. Studenten må snarast og utan unødig opphald levere ein søknad til høgskulen. Studenten må samtidig leggje fram nødvendig dokumentasjon.

**Forklaring til § 9-4:**

Både 1., 2. ledd og 3. ledd er foreslått vidareført slik dei står i dag.

I tillegg vert det foreslått eit nytt 4. ledd slik at også andre heilt særlege tilhøve kan føre til at det ikkje skal telje som eit gjeldande eksamensforsøk dersom studenten trekk seg etter fristen. Føresetnaden er at dette er særlege tilhøve som er utanfor studenten sin kontroll, og ordlyden legg her opptil at det vil være ein heilt ekstraordinær situasjon. Dette kan til dømes vere der studenten får innkalling til pliktig militærteneste etter trekkfristen. Studenten må søke snarast og utan unødig opphald. Studenten må samtidig levere nødvendig dokumentasjon. Dokumentasjon i eit slik tilfelle vil være dokumentasjon som viser at det faktisk ligg føre særlege tilhøve utanfor studenten sin kontroll, for eksempel innkallingsbrev frå forsvaret. Det at studenten skal på jobb, har vakt etc. vil ikkje vere tilstrekkeleg for å oppfylle kravet.

Dette er ei endring i forhold til dagens regelverk, og kan berre brukast heilt unntaksvis der det oppstår noko utanfor studenten sin kontroll. I slike tilfelle vil ikkje studenten kunne lastast, og det kan vere urimeleg strengt at studenten da skal straffast med eit teljande forsøk på eksamen. Nærmare informasjon om søknadsprosessen, eksemplar mv. kan regulerast i ei retningslinje for eksamen.

**Gjeldande paragraf:****§ 8-3. Eksamensforsøk**

- (1) Ein student har tre – 3 – gjeldande eksamensforsøk i same emnet.
- (2) Eit eksamensforsøk er gjeldande om studenten har:
  - a. bestått
  - b. får karakter F/ikkje bestått
  - c. trekk seg etter fristen, jf. § 5-2 (4)

- d. ikkje møter til eksamen eller ikkje leverer eksamenssvar, utan gyldig dokumentasjon
- e. får eksamen annullert grunna fusk eller forsøk på fusk.

(3) Dersom ein student har gyldig fråvær ved eksamen, skal dokumentasjon leverast snarast, og utan ugrunna opphald, etter at eksamen skulle ha vore gjennomført.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### **§ 9-5 Eksamensforsøk**

(1) Det er ikkje høve til å framstille seg til eksamen i same emne meir enn tre – 3 – gongar ved Høgskulen i Volda. Eksamensforsøk i praksis går fram av reglane i kapittel 8. Avgrensinga gjeld også ved nytt opptak før det er gått tre år etter siste eksamensforsøk, jf. § 4-5 (4).

(2) Det kan stillast krav om at studenten må følgje undervisningsopplegget og gjennomføre eventuelle obligatoriske aktivitetar etter § 7-6 på nytt.

(3) Med teljande forsøk meinast at studenten:

- a. har bestått eksamen
- b. trekk seg etter at fristen er gått ut, eller under eksamen, jf. § 9-4.
- c. ikkje møter til eksamen
- d. ikkje leverer eksamen innan fristen
- e. ikkje leverer bachelor- eller masteroppgåve innan ordinær frist eller utsett frist
- f. får karakteren F/ikkje stått
- g. får eksamen annullert grunna fusk eller forsøk på fusk

(4) Gyldig fråvær vert ikkje rekna som eit teljande eksamensforsøk, jf. § 9-6.

(5) Ein student som ikkje har bestått resultat i eit emne kan etter søknad få eit fjerde eksamensforsøk dersom eit av dei følgjande vilkår er oppfylte:

- a. Dersom særlege sosiale eller medisinske årsaker gjer at eitt eller fleire eksamensforsøk ikkje er bestått. Årsaka må vere dokumentert av lege, psykolog eller annan sakkunnig.
- b. Dersom ein student manglar inntil 60 studiepoeng for å fullføre ei grad.
- c. Dersom emnet er obligatorisk i programmet eller forkunnskapskrav for eitt eller fleire obligatoriske emne i grada.

Studenten sin studieprogresjon og faglege prestasjonar kan telje med i vurderinga av søknaden. Dersom studenten får innvilga eit fjerde eksamensforsøk kan det stillast krav om at studenten må følge undervisningsopplegget og gjennomføre obligatoriske læringsaktivitetar på nytt, jf. andre ledd.

#### Forklaring til § 9-5:

Etter den siste revisjonen av forskrifta i august 2022 er det blitt løfta problemstillingar knytt til kor mange eksamensforsøk studentane faktisk har. Ikkje minst har det blitt problematisert om studentane automatisk får tre nye forsøk ved å søke nytt opptak til høgskulen. Tilbakemeldingane går særleg på at det er tid- og ressurskrevjande for avdelingane at studenten kjem tilbake og startar nytt, da dei opplever at desse studentane sjeldan fullfører studiet. Dette er blant anna bakgrunnen for dei endringane som er foreslått under § 4-5 Tap av studierett, og at det vert innført ei «karantenetid» før ein får nye forsøk på eksamen, sjå forklaringa for § 4-5.

Med bakgrunn i den endringa som er foreslått i § 4-5 er det naturleg at også 1. ledd her vært endra, og da slik at ein tek inn ei tilvising til § 4-5 (4). Vidare har ein teke inn at reglane for praksisforsøk vert regulert i kapittel 8. Dette for å synleggjere samanhengen i regelverket. Her er også foreslått å endre ordlyden, og da slik at ein brukar noko fleire ord utan at ein endrar det materielle innhaldet. Dette er gjort av pedagogiske omsyn.

I 2. ledd er det foreslått å ta inn at det kan stillast krav om at studenten må følge undervisningsopplegget og gjennomføre eventuelle obligatoriske aktivitetar etter § 7-6 på nytt for å ta eksamen. Dette kan særleg være aktuelt dersom det er gått noko tid frå da studenten tok eksamen sist, og det er vorte gjort endringar i emnet som gjer at studenten ikkje får same læringsutbytte ved å berre ta eksamen på nytt. Her har ein bevist vald å bruke ordlyden «*kan*» for å gi handlingsrom, og ved behov vil ein kunne si noko nærmare om vurderingskriteriene i ei retningslinje.

I gjeldande 2. ledd er det lista opp kva som meinast med teljande forsøk på eksamen. For å gjere det tydelegare og meir pedagogisk har ein vald å bruke fleire punkt i forslaget til eit nytt 3. ledd. Ein har også vald å presisere at det også gjeld som eit teljande forsøk om ein ikkje leverer bachelor- eller masteroppgåve innan ordinær frist eller utsett frist. Dette er ikkje noko materiell endring, men er meint å være ei tydeleggjering for studentane sin del.

Gjeldande 3. ledd er i dag foreslått vidareført i eit nytt 4. ledd, men med ein forenkla ordlyd. Gyldig fråvær vert definert i § 9-6, og der vert det også oppstilt krav til dokumentasjon. Det vert derfor vist til § 9-6 i staden for å ha ei dobbeltregulering.

I forslaget er det tatt inn eit nytt 5. ledd, og her vert det foreslått å forskriftsfeste eit fjerde forsøk til eksamen etter søknad. Dette har vore gjeldande praksis ved høgskulen over lengre tid. Denne moglegheita går ikkje fram av forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda eller anna informasjon som HVO har om eksamen på sine nettsider. Sjølve sakshandsaminga har ikkje følgt noko fast system og har vore basert på skjønsmessige vurderingar knytt til den einskilde sak og student. Noko som er uheldig med tanke på rettstryggleiken for studentane, og det er også krevjande for dei som skal sakshandsame slike søknadar.

Universitets- og høgskulelova § 11-6 regulerer «Gjennomføring av eksamen». Paragrafen set eit utgangspunkt med at institusjonane skal sørge for at kandidaten sine kunnskapar og ferdigheiter skal blir prøvd på ein upartisk og fagleg trygg måte. Det følger av nemnte § 11-6 (3) at:

*«Institusjonane gir forskrift om gjennomføring av eksamen, vilkår for å gå opp til eksamen på nytt og for adgang til ny praksisperiode.»*

Lova set difor eit utgangspunkt om at institusjonane må gjennomføre prosessen før, under og etter eksamen på ein upartisk og fagleg trygg måte, men at dei let det vere opp til den enkelte institusjon å avgjere korleis den praktiske gjennomføringa skal skje. Dette inneberer også at det er opp til HVO å avgjere kor mange eksamensforsøk ein ønsker å ha på sine eksamenar, samt korleis den enkelte student skal kvalifisere seg til å ta eksamenen.

For at ein student skal kunne ivareta sine rettar er det viktig at vedkomande har moglegheit til å sette seg inn i rammeverket som gjeld for sektoren og institusjonen. Det er heilt avgjerande at studentar har tilgang til informasjon om korleis eksamen vert gjennomført for at dei skal kunne ivareta sine rettar knytt til tida før, under og etter eksamen. HVO har gode informasjonssider og retningslinjer for eksamensgjennomføringa, men moglegheita til å gjennomføre eit fjerde eksamensforsøk er ikkje nemnt i denne samanheng. Som ein konsekvens av dette vil det kunne vere vilkårleg om studentar veit om at det er mogleg med eit fjerde forsøk. Det vil også kunne føre til at tilsette som ikkje er klar over at det nokre stadar på HVO vert praktisert eit fjerde forsøk, ikkje vil kunne informere sine studentar om dette. Dette fører igjen til at studentar vil bli handsama ulike alt etter kvar på HVO dei har studieretten sin, noko som er uheldig.

Dersom ein ser HVO som ein del av ein større universitets- og høgskulesektor, er eit fjerde eksamensforsøk ein gjennomgåande praksis, samt ein praksis som er formelt forankra i regelverket til mange institusjonar. Undersøking viser at eit stort tal av institusjonar, både av dei større universiteta, samt mindre høgskular som er samanliknbare med HVO, har forskriftsfesta eit fjerde eksamensforsøk. Med tanke på gjennomstrømning av studentar kan eit fjerde forsøk på vere eit bidrag.

Om ein ser på måten dette er formalisert på er det ulike handsamingar av søknadane. Nokre institusjonar har konkrete forskriftsfesta vilkår for kva situasjonar som kan utløyse eit slikt forsøk, medan andre legg opp til at ein søknad basert på særskilde grunnar eller behov hos studenten kan vurderast av anten rektor, fakultet eller dekan. Uansett kva måte dette vert handsama har institusjonane laga ein føreseieleg situasjon for studentane og ei forventning om eit fjerde eksamensforsøk dersom tilhøva er spesielle nok.

Det bør vurderast om HVO også bør ta eit meir formelt standpunkt til eit eventuelt fjerde eksamensforsøk, for å harmonisere vårt regelverk med slik store delar av sektoren gjer dette.

Hovudregelen som gjeld for talet på eksamensforsøk ved HVO, og andre stadar, er tre forsøk. Ei eventuell ordning om fleire forsøk vil difor vere ei unntaksordning. Ei slik unntaksordning må difor vere aktuell dersom ulike situasjonar oppstår, og disse situasjonane vil vere opp til HVO å definere, jf. uhl § 11-6 (3).

Det kan vere ulike grunnar til ein student ikkje har fått gjennomført dei tre ordinære eksamensforsøka. Dette kan vere helsemessige årsaker, eller andre tyngande sosiale årsaker som

gjorde at ein ikkje fekk gjennomført eksamen slik ein normalt ville, eller at ein ikkje fekk meldt seg av i tide.

Eit fjerde forsøk kan også vere aktuelt i dei tilfelle der det å ikkje få teljande resultat på eksamen vil få store konsekvensar for vidare utdanning, anten i inneverande program/grad eller for vidare opptak til andre utdanningar. Dette vil kunne vere moment i ei skjønsmessig vurdering av eit eventuelt fjerde forsøk.

Vidare vil det for HVO også vere mogleg å stille vilkår overfor studenten knytt til eit fjerde eksamensforsøk. Det vil kunne vere mogleg å stille som krav at studenten skal følge undervisningsopplegget i emnet på nytt, samt også gjennomføre obligatoriske aktivitetar. På denne måten vil ein både ansvarleggjere studenten, samt sikre at vedkomande får eit best mogleg fagleg utgangspunkt for gjennomføring av eit fjerde, og siste, forsøk på eksamen.

Det er på denne bakgrunn foreslått eit nytt 5. ledd som forskriftsfester eit fjerde forsøk etter søknad, samt at ein oppstiller konkrete vilkår. I det tilfellet at høgskulen ikkje ønskjer at ein skal ha eit fjerde forsøk strykast 5. ledd. Dette vil da naturlegvis føre til at ein ved HVO ikkje lenger kan ha ei praksis med eit fjerde forsøk, og denne praksisen må da straks avsluttast.

### **Gjeldande paragraf:**

§ 8-5. Rett til kontinuasjonseksamen – ny eksamen

(1) Rett til kontinuasjonseksamen gis til studentar som:

- av ein medisinsk grunn, eller ein velferdsgrunn vert hindra frå å gå opp til ordinær eksamen, og som kan dokumentere fråværet med attest frå lege eller annan sakkunnig, eller
- får ikkje stått som resultat på ordinær eksamen, eller
- som trekkjer seg under ordinær eksamen.

(2) Ein student som har bestått eit emne og som ønsker å forbetre karakteren sin, kan melde seg opp til ny eksamen når det vert arrangert kontinuasjonseksamen (ny eksamen) for studentar etter første ledd, eller dersom eksamen vert helt som ordinær eksamen for nytt kull.

(3) Ein student som har tapt studieretten etter å ha brukt opp eksamensforsøka sine i emnet, får ikkje nye eksamensforsøk i emnet ved å søke om nytt opptak til same studieprogram.

(4) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for gjennomføring av kontinuasjonseksamen (ny eksamen).

**Forslag til ny paragraf:****§ 9-6 Kontinuasjoneksamen (konte) – ny eksamen**

(1) Det vert som hovudregel arrangert ein kontinuasjoneksamen påfølgande semester for studentar som:

- har gyldig fråvær
- har resultat F/ikkje stått, eller
- trekk seg under ordinær eksamen.

(2) Ein student som har rett til kontinuasjoneksamen etter første ledd, må sjølv melde seg opp til eksamen innan fristen.

(3) Som gyldig fråvær reknast eigen sjukdom, eller alvorleg sjukdom, dødsfall er ulykke i næraste familie eller andre særleg velferdsgrunnar. Fråvær som skuldast studenten sine egne handlingar, vert ikkje godkjent. Student skal levere skriftleg dokumentasjon på gyldig fråvær snarast og utan ugrunna opphald etter at eksamen skulle ha vore gjennomført.

(4) Når det vert arrangert kontinuasjoneksamen for studentar etter første ledd, kan også andre studentar søke om kontinuasjoneksamen innan fristen.

(5) Kontinuasjoneksamen gjennomførast med same emneplan som ved siste ordinære eksamen. Det er studenten sjølv sitt ansvar å kontrollere kva emneplan og pensum/litteratur som gjeld.

(6) Når eit emne eller studieprogram vert tatt ut av undervisningstilbodet, pliktar høgskulen å arrangere kontinuasjoneksamen i påfølgande semester. Viss det framleis er studentar som har resultatet F/ikkje stått, eller gyldig fråvær i eit emne som er utgått, arrangerast ny eksamen ein siste gong i derpå følgande semester.

(7) Høgskulen i Volda har egne retningslinjer for gjennomføring av kontinuasjoneksamen (ny eksamen)

**Forklaring til § 9-6:**

I førre revisjon av forskrifta vart retten til kontinuasjoneksamen (ny eksamen) regulert i ein eigen paragraf. Ein ser at det er behov for nokre justeringar i ordlyden slik at får ein meir tydeleg regel. Justeringane gjer også at den blir meir pedagogisk og ein får større samanheng i regelverket. Dette gjeld særleg 2. ledd der ein foreslår å definere kva som meinast med gyldig fråvær, og kva krav som stillast til studentane når det gjeld innsending av naudsynt dokumentasjon. Her er også vist til at handlingar som skyldast studenten sjølv ikkje vert rekna som gyldig fråvær, og dette er for å synleggjere at terskelen er høg og at ein ikkje får godkjend gyldig fråvær ved forgløymingar eller andre handlingar/ unnlatingar etc.

Når det vert arrangert kontinuasjoneksamen for studentar etter første ledd, er det i 4. ledd foreslått at andre studentar også kan ta eksamen. I gjeldande 2. ledd er det opna for at ein student

som har bestått eit emne og som ønsker å forbetre karakteren sin da kan få ta kontinuasjonseksamen. I forslaget har ein justert ordlyden noko slik at moglegheita ikkje berre gjeld dei studentane som ønskjer å forbetre karakteren. Det kan også vere hensiktsmessig at studentar som ikkje møtte/leverte eksamen, som trakk seg før fristen eller har fått annullert tidlegare eksamen på grunn av fusk/forsøk på fusk får moglegheita til å ta kontinuasjonseksamen dersom andre studentar har utløysande rett. Forslaget vil særleg være ein fordel i dei tilfella studenten nærmar seg fullført utdanning.

I tillegg kan det vere fleire legitime grunnar til at ein student ikkje trekk seg frå eksamen innan fristen, men likevel ikkje møter til eksamen eller ikkje får levert eksamen innan leveringsfristen. Det har vært fleire problemstillingar knytt til studentar som har hatt tekniske utfordringar på innleveringstidspunktet og som har hindra levering i tide. Det kan også vere at det oppstår personlege utfordringar nært opp til eksamenstidspunktet utan at dette vert rekna som gyldig fråvær. Denne gruppa studentar vil ikkje ha rett til kontinuasjonseksamen, men forsinkelsen kan ha store konsekvensar for studenten sitt vidare studieløp og progresjon. Det kan være belastande å måtte vente heilt til neste ordinære eksamen, da kunnskapen i enda større grad må friskast opp og det skjer normalt i ei periode der studenten vil ha andre ordinære eksamenar ein må prioritere. At desse studentane også får moglegheit til å ta eksamen dersom det blir satt opp ein kontinuasjonseksamen vil bidra til ei effektivisering både for studentane og høgskulen. Studentane kan såleis fullføre utdanningane raskare enn i dag, samt ha moglegheit til å forbetre dei karakterane de ønskjer.

I forslaget har ein tatt bort gjeldande 3. ledd, da dette no er foreslått tatt inn i ny § 4-5 om tap av studierett og § 9-5 om eksamensforsøk.

I 5. ledd er det foreslått presisert at studentane sjølv har eit ansvar med å kontrollere kva emneplan og pensum/litteraturliste som gjeld. Erfaringa frå fleire klager om formell feil knytt til studenten sine forventingar opp imot eksamensgjennomføringa og kva ansvar studenten sjølv har, viser at det er eit behov for å synleggjere kva ansvar som ligg til den einskilte student.

I 6. ledd har ein vald å regulere høgskulen sin plikt til å arrangere kontinuasjonseksamen ved utgåtte emne. Dette har tidlegare vore regulert i § 8-7. Tid og stad for eksamen. Av pedagogiske grunnar og av omsyn til samanhengen i reglane er dette foreslått flytta til § 9-6 om kontinuasjonseksamen. Samstundes har ein vald å bruke meir ord på å forklare kva dette faktisk betyr både for høgskulen og studenten. Regelen inneberer ikkje noko realitetsendring.

Når det gjeld 7. ledd i forslaget, er dette likt dagens 4. ledd.

### **Gjeldande paragraf:**

§ 8-6. Forbetring av bachelor- og masteroppgåver og andre oppgåver

(1) Ein student som har fått vurdert bachelor- eller masteroppgåve si til ikkje bestått, kan levere ny eller revidert oppgåve ein gong.

(2) Det er ikkje høve til å forbetre karakter på ei bestått bachelor- eller masteroppgåve innafør same studieprogram.

(3) Dersom noka anna ikkje går fram av studie- eller emneplanen har ein student rett til å levere forbetra versjon av ei ikkje bestått og bestått semesteroppgåve eller andre større oppgåver med individuelt utforma problemstilling. Det er berre mogleg å levere forbetra versjon ein gong.

(4) Ved gruppeoppgåver er det ikkje anledning til å levere individuelt forbetra versjon.

(5) Ein eksamenskandidat som har fått semesteroppgåve, bacheloroppgåve, masteroppgåve eller anna større oppgåve annullert på grunn av fusk, kan ikkje levere forbetra versjon av oppgåva med same problemstilling.

(6) Studenten har ikkje krav på ny rettleiing ved forbetring av oppgåver som nemnt i 1. til 5. ledd.

(7) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for forbetring av bachelor- og masteroppgåver og andre oppgåver.

#### Forklaring til § 9-7:

Paragrafen vart innført ved siste revisjon av forskrifta. Føremålet var å redusere talet studentar som leverte bachelor- og masteroppgåver på same emne fleire gongar. Dette særleg med bakgrunn i at denne typen oppgåver er særleg ressurskrevjande for høgskulen. Vidare var det ei utfordring knytt til kva krav ein skulle setje for omarbeiding ved andre- og/eller tredjegongs innlevering av denne typen oppgåver. Ein såg også til sektoren der det er vanleg praksis at ein ikkje får eit nytt eksamensforsøk dersom ein har fått teljande resultat på bachelor- eller masteroppgåva.

I tillegg til bachelor- og masteroppgåver har ein i gjeldande paragraf også regulert forbetring av bestått eller ikkje bestått semesteroppgåve eller andre større oppgåver med individuelt utforma problemstilling. Bakgrunnen for at ein også valde å ta med denne typen oppgåver er at denne typen oppgåver kan være sidestilt med ei bacheloroppgåve både når det gjeld omfang og krav til fordjuping. Det var derfor sett på som hensiktsmessig at ein også avgrensa moglegheita for forbetring av denne typen oppgåver. Tilsvarende avgrensing såg ein også hos andre institusjonar i sektoren.

Ein ser at innføringa av reglane om forbetring slik dei står i gjeldande § har gitt ulike konsekvensar. Det synes som at regelverket rundt forbetring av bachelor- og masteroppgåver har vore lettare å forstå og handheve, enn regelen knytt til andre større oppgåver med individuelt utforma problemstilling. Utfordringane har særleg vore knytt til kva som faktisk ligg i større oppgåve med individuelt utforma problemstilling. Sjølv om dette har vore nærmare regulert i retningslinjer har ein sett at ein har tolka desse ulikt på høgskulen. Dette kan gi uheldige konsekvensar for studentane i form av at dei kan verte handsama ulikt.

Regelen knytt til andre større oppgåver med individuelt utforma problemstilling har også gitt tekniske utfordringar, da vi per i dag ikkje har ei teknisk løysing som gjer at ein kan differensiere desse ulike oppgåvene på ein god måte. Dette gjeld særleg i forhold til det å kunne registrere oppgåver som har individuelt utforma problemstilling og dei emna som ikkje har det. Per i dag er det derfor vanskeleg å få til ei god teknisk løysing som sikrar ei god oppfølging og handsaming. Dette skulle ein sjølvfølgeleg tatt høgde for ved førre revisjon.



Utfordringa er framleis at høgskulen har emne med oppgåver som er tilsvarende ei bacheloroppgåve både i omfang og fordjuping/sjølvstende. Sånn sett kan det vere uheldig at ein skil mellom bacheloroppgåver og slike oppgåver når det gjeld moglegheita til nye eksamensforsøk og forbedring. Vidare kan eit skilje føre til at ein bevist omgår omgrepet bacheloroppgåve/masteroppgåve slik at oppgåva i staden går inn under reglane om tre eksamensforsøk i § 9-5.

Ein ser også utfordringar knytt til at studentar som rent faktisk innleverer ei oppgåve med lite eller ikkje noko innhald (leverer blankt) rent teknisk får eit sensurvedtak med karakteren F. Studentar som ikkje leverer, og ikkje har trekt seg innan fristen, får derimot ikkje eit formelt karaktervedtak, og vil etter ordlyden heller ikkje ha rett til eit nytt forsøk. Dette kan gi utilsikta verknader, og kan hindre lik handsaming av studentane.

På denne bakgrunn vert det foreslått endringar, og det skisserast to alternativ til endring av gjeldande § 8-6 som det vert bede om innspel på. Eit av alternativa gjeld berre avgrensing av eksamensforsøk på master- og bacheloroppgåver, mens det andre alternativet også gjeld avgrensing opp sjølvstendig arbeid som kan sidestillast med ei master- eller bacheloroppgåve.

For begge alternativa har ein hatt fokus på ein klarare og meir forklarande ordlyd slik at reglane skal verte lettare å forstå og handheve. Det vil likevel være behov for ei eiga retningslinje som gir nærmare forklaring på den faktiske prosessen mv. Til dømes bør det gå fram av ei slik retningslinje kva krav som setjast for at ei oppgåve skal vere rekna for omarbeidd. Her er det naturleg å peike på at oppgåva må endrast betydeleg for at den skal kunne leverast på nytt. Det vil ikkje være tilstrekkeleg at studenten berre gjer mindre endringar i form av layout og oppsett. Ved omarbeidd oppgåve må endringane også vere vesentlege når det kjem til det faglege innhaldet. Det vil her være fagmiljøet som er nærmast til å gjere ei slik vurdering, og det er praktiske er at studenten søker om eit nytt forsøk slik som retningslinjene i dag legger opp til.

Det er foreslått at det kan gis ekstra rettleiing ved omarbeiding med oppgåva. I kva omfang rettleiinga skal verte gitt vil vere opp til dei ulike fagmiljøa, men noko rettleiing kan vere hensiktsmessig ut ifrå omsynet til at studenten verte ferdig og kan uteksaminerast frå HVO. Eit eksempel kan til dømes vere at rettleiing ikkje bør overstige meir enn 10 % av det vanlege/fastsette timetalet.

Uansett kva alternativ ein kjem fram til vert det lagt opp til at ein student ikkje kan søke om eit ekstra forsøk når det kjem til bachelor- eller masteroppgåver. Av omsyn til gjennomstrøyminga er det ønskjeleg med innspel på om ein skal opne for eit ekstra forsøk i særlege tilhøve slik som ved ordinære eksamenar ( der eit fjerde forsøk). Det er også ønskjeleg om det skal opnast for at studenten kan levere ei ikkje bestått oppgåve utover dei to påfølgjande semestera, jf. 1. ledd dersom det ligg føre sær sars tyngande sosiale eller medisinske tilhøve.

**Forslag til ny paragraf:****§ 9-7 Eksamensforsøk for master- og bacheloroppgåver**

- (1) Dersom ei bachelor- eller masteroppgåve er vurdert til karakteren F eller ikkje stått, kan studenten levere ny eller omarbeidd oppgåve ein – 1 – gong – til sensur i løpet av dei to påfølgjande semestera.
- (2) Det er ikkje høve til å få vurdert ny eller omarbeidd bachelor- eller masteroppgåve innafor same studieprogram, når studenten tidlegare har fått vurdert oppgåva til stått resultat.
- (3) Dersom studenten ikkje leverer bachelor- eller masteroppgåva innan fristen eller utsett frist, kan studenten levere oppgåva ein – 1 – gong – til sensur i løpet av påfølgjande semester. Det vert ikkje gitt eit nytt forsøk i samsvar med første ledd dersom sensurvedtaket i påfølgjande semester vert karakteren F/ ikkje stått.
- (4) Dersom studenten har fått bachelor- eller masteroppgåva annullert på grunn av fusk, kan ikkje studenten levere ei omarbeidd oppgåve. Det vert da stilt krav om at studenten leverer ei ny oppgåve.
- (5) Ved gruppeoppgåver er det ikkje anledning til å levere individuelt forbetra versjon.
- (6) Studenten har ikkje krav på ny rettleiing ved forbetring av oppgåver som nemnt i 1. til 5. ledd.
- (7) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for forbetring av bachelor- og masteroppgåver.

**Alternativt:****§ 9-7 Eksamensforsøk for masteroppgåver, bacheloroppgåver og tilsvarende sjølvstendig arbeid.**

- (1) Dersom ei masteroppgåve, bacheloroppgåve eller eit tilsvarende arbeid er vurdert til karakteren F eller ikkje stått, kan studenten levere ny eller omarbeidd oppgåve ein – 1 – gong – til sensur i løpet av dei to påfølgjande semestera. Med tilsvarende arbeid meinast ein oppgåve som både av omfang, sjølvstende og fordjuping kan likestillast med ei master- eller bacheloroppgåve. Det er ein føresetnad at oppgåva tilsvara 15 studiepoeng eller meir.
- (2) Det er ikkje høve til å få vurdert ny eller omarbeidd masteroppgåve, bacheloroppgåve eller eit tilsvarende arbeid innafor same studieprogram, når studenten tidlegare har fått vurdert oppgåva til bestått resultat.
- (3) Dersom studenten ikkje leverer masteroppgåve, bacheloroppgåve eller eit tilsvarende arbeid innan fristen eller utsett frist, kan studenten levere oppgåva ein – 1 – gong – til sensur i løpet av påfølgjande semester. Det vert ikkje gitt eit nytt forsøk i samsvar med første ledd dersom sensurvedtaket i påfølgjande semester vert karakteren F/ ikkje stått.

(4) Dersom studenten har fått masteroppgåve, bacheloroppgåve eller eit tilsvarande arbeid annullert på grunn av fusk, kan ikkje studenten levere ei omarbeidd oppgåve. Det vert da stilt krav om at studenten leverer ei ny oppgåve.

(5) Ved gruppeoppgåver er det ikkje anledning til å levere individuelt forbetra versjon.

(6) Studenten har ikkje krav på ny rettleiing ved forbetring av oppgåver som nemnt i 1. til 5. ledd.

(7) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for forbetring av masteroppgåve, bacheloroppgåve eller eit tilsvarande arbeid.

### **Gjeldande paragraf:**

§ 8-7. Tid og stad for eksamen

(1) Studenten er sjølv ansvarleg for å halde seg orientert om tid og stad for eksamen og kva hjelpemiddel som er tilatne.

(2) Ordinær eksamen vert arrangert innanfor fastsett eksamensperiode i slutten av kvart semester.

(3) Kontinuasjoneksamen vert arrangert i påfølgjande semester.

(4) Eksamen i emne som er utgått, kan bli arrangert inntil eitt år etter siste ordinære eksamen i emnet.

(5) Eksamensstad er Høgskulen i Volda, inkludert høgskulen sitt datanettverk og eksamensverktøy.

### **Forslag til ny paragraf:**

§ 9-8 Tid og stad for eksamen

(1) Studenten er sjølv ansvarleg for å halde seg orientert om tid og stad for eksamen.

(2) Ordinær eksamen vert arrangert innanfor fastsett eksamensperiode i slutten av kvart semester.

(3) Kontinuasjoneksamen vert arrangert i påfølgjande semester.

(4) Eksamensstad er Høgskulen i Volda, inkludert høgskulen sitt datanettverk og eksamensverktøy.

Forklaring til § 9-8:

I forslaget har ein i 1. ledd vald å ta bort ordlyden «og kva hjelpemiddel som er tilatne.» Dette med bakgrunn at dette går fram av § 9-12 om hjelpemiddel og ein unngår dobbeltregulering i forskrifta.

Vidare har ein som nemnd under ny § 9-6 om kontinuasjoneksamen vald å ta bort gjeldande 4. ledd og flytte dette til § 9-6 (5), sjå forklaring til § 9-7. Gjeldande 3. og 4. ledd er foreslått vidareført utan endringar.

**Gjeldande paragraf:**

## § 8-8. Hjelpemiddel og kjeldebruk

- (1) Lovlege hjelpemiddel skal gå tydeleg fram av emneplanen og eksamensoppgåva.
- (2) Det er ulovleg å bruke elektronisk utstyr som kan opprette samband eller på anna vis kommunisere internt i eksamenslokalet, eller med omverda.
- (3) Studenten plikter å sette seg godt inn i lovlege hjelpemiddel til den enkelte eksamen.
- (4) Studenten har sjølv ansvar for å ta med lovlege hjelpemiddel til eksamen, samt gjere seg kjent med korleis hjelpemidla verkar. Studenten pliktar å gjere alle hjelpemidlar tilgjengeleg for kontroll.
- (5) Bruk eller innehaving av ulovlege hjelpemiddel i forbindelse med eksamen vert rekna som fusk eller forsøk på fusk, jf. 9-3.
- (6) For arbeidskrav og andre vilkår som er sette for å gå opp til eksamen gjeld 1. ledd til 5. ledd tilsvarande.
- (7) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for kjelde- og litteraturbruk.

**Forslag til ny paragraf:**

## § 9-9 Hjelpemiddel og kjeldebruk

- (1) Lovlege hjelpemiddel skal gå tydeleg fram av emneplanen og eksamensoppgåva.
- (2) Det er ulovleg å bruke elektronisk utstyr som kan opprette samband eller på anna vis kommunisere internt i eksamenslokalet, eller med omverda.
- (3) Studenten plikter å sette seg godt inn i lovlege hjelpemiddel til den enkelte eksamen.
- (4) Studenten har sjølv ansvar for å ta med lovlege hjelpemiddel til eksamen, samt gjere seg kjent med korleis hjelpemidla verkar. Studenten pliktar å gjere alle hjelpemidlar tilgjengeleg for kontroll.
- (5) Bruk eller innehaving av ulovlege hjelpemiddel i forbindelse med eksamen vert rekna som fusk eller forsøk på fusk, jf. § 10-5.
- (6) For arbeidskrav og andre vilkår som er sette for å gå opp til eksamen etter § 7-6, gjeld 1. ledd til 5. ledd tilsvarande.
- (7) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for kjelde- og litteraturbruk.

## Forklaring til § 9-9:

Gjeldande § 8-8 er foreslått vidareført i som ein ny § 9-9. Den einaste endringa som er foreslått er å ta inn ei tilvising til § 7-6 i 6. ledd. Dette slik at ein visar til paragrafen om obligatoriske aktivitetar.

**Gjeldande paragraf:**

## § 8-9. Eksamensspråk

- (1) Eksamensspråket ved Høgskulen i Volda er norsk med mindre anna er fastsett i studie- eller emneplanen.
- (2) Alle eksamensoppgåver i norskspråklege emne skal ligge føre både på nynorsk og bokmål, med unntak for eksamenar der nynorsk- eller bokmålskompetansen skal prøvast.
- (3) Når eksamensspråket er norsk kan ein student velje å skrive eksamenssvaret på eit anna skandinavisk språk, jf. språklova § 8.

**Forslag til ny paragraf:**

## § 9-10 Eksamensspråk

- (1) Eksamensspråket ved Høgskulen i Volda er norsk med mindre anna er fastsett i studie- eller emneplanen.
- (2) Alle eksamensoppgåver i norskspråklege emne skal ligge føre både på nynorsk og bokmål, med unntak for eksamenar der nynorsk- eller bokmålskompetansen skal prøvast.
- (3) Når eksamensspråket er norsk kan ein student velje å skrive eksamenssvaret på eit anna skandinavisk språk, jf. språklova § 8.

Forklaring til § 9-10:

Gjeldande § 8-9 er foreslått vidareført i som ein ny § 9-10.

**Gjeldande paragraf:**

## § 8-11. Privatisteksamen

- (1) Ein privatist er ein person som ikkje er oppteken som student ved Høgskulen i Volda, men som fyller opptakskrava og søker om å få ta eksamen i eitt eller fleire emne i eit studieprogram. Eventuelle obligatoriske krav og krav til forkunnskapar i eit emne må også vere stetta.
- (2) Søknad om privatisteksamen må leverast innan fastsett frist, publisert på Høgskulen i Volda sine nettsider.
- (3) Retten til å ta eksamen som privatist gjeld berre eksamen med tilsyn.
- (4) Privatistar skal betale semesteravgift til Studentsamskipnaden det semesteret dei går opp til eksamen.

(5) Privatistar skal betale ei avgift som dekker Høgskulen i Volda sine meirkostnader ved å leggje til rette for eksamen, jf. uhl. § 3-10, 4. ledd

(6) Dersom ein privatist av ein særskild grunn vert hindra frå å gå opp til eksamen, kan eksamen takast på nytt utan at han/ho må betale nye avgifter. Med særskild grunn meiner ein medisinsk grunn eller ein velferdsgrunn, som vert dokumentert med attest frå lege eller annan sakkunnig, sjå ovanfor § 8-3 og § 8-4.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### **§ 9-11 Privatisteksamen**

(1) Med privatist vert rekna ein person slik som det står i lova § 11-4 tredje ledd.

(2) Tilgang til eksamen kan nektast dersom privatisten ikkje oppfyller krav fastsett i lova § 11-4 første ledd, krav om obligatoriske aktivitetar, jf. § 7-6 eller krav om bestått eksamen eller godkjend praksis.

(3) Det kan fastsetjast ei nærmare frist for å søke om privatisteksamen. Ein slik frist skal gå fram av retningslinje for privatisteksamen og skal publiserast på høgskulen sine nettsider.

(4) Privatisten sine rettigheter ved høgskulen er avgrensa til deltaking i offentlege forelesningar og tilgang eksamen i samsvar med lova og denne forskrifta sine reglar om eksamen.

(5) Privatistar må betale semesteravgift, jf. lova § 11-4 og eksamensavgift innan fastsett frist. Begge avgiftene må vere betalt for å få tilgang til eksamen. Eksamensavgifta skal fastsetjast i retningslinje for privatisteksamen, og skal dekke høgskulen sine meirkostnader ved å leggje til rette for eksamen. Betalt semesteravgift og eksamensavgifta vert ikkje refundert dersom privatisten trekk seg frå eksamen.

(6) Studentar som er utestengt, jf. lova kapittel 12, har ikkje tilgang til å ta eksamen som privatist.

(7) Avgrensinga om talet på forsøk på eksamen i § 4-5 (4) gjeld også for privatistar.

#### **Forklaring til § 9-11:**

Erfaringsvis har regelen om privatisteksamen vore vanskeleg å forstå både for tilsette og studentar som har ønska å ta privatisteksamen ved høgskulen. Det å kunne ta privatisteksamen er ikkje ei moglegheit som vert nytta særleg ofte, men det er likevel viktig at reglane er tydelege. Vidare er det viktig at reglane er utforma slik at ein får ei god og effektiv handsaming for dei studentane det gjeld. Det vert derfor foreslått ein ny ordlyd i paragrafen kor føremålet er å synleggjere både rettighetene og pliktane til dei aktuelle studentane. Privatisteksamen er regulert i loven, og forskrifta vil her være ei presisering av dei særskilte vilkåra som gjeld for høgskulen. Når ein har utforma ordlyden har ein sett til andre institusjonar som nyleg har revidert forskrifta si slik at vår forskrift er i tråd med sektoren.

**Forklaring:**

I samband med eksamensgjennomføring har ein erfart at det ved fleire gongar har oppstått problemstillingar i forhold til mellom anna tilgangar til digitale verktøy, studenten sitt eige utstyr mv. Det vert derfor foreslått ein ny § 9-12 om digital eksamen der ein tydeleggjer regelverket rundt bruk av digital eksamensplattform, digitale verktøy og studentane sitt ansvar i ein slik eksamenssituasjon.

Når det gjeld 3. ledd kan ein i retningslinje for eksamen gi nærmare informasjon om kva som meinast med god tid, og kva som studenten kan gjere dersom det oppstår tekniske problem.

**Forslag til ny paragraf:****§ 9-12 Digital eksamen**

- (1) Eksamen ved høgskulen vert som hovudregel halde ved bruk av digital eksamensplattform. Studenten er sjølv ansvarleg for å sette seg inn i korleis denne verkar og skal brukast.
- (2) Ved skriftleg digital eksamen vert studenten pålagt å ha med eget digitalt utstyr. Dette inkluderer eiga berbar datamaskin. Studenten si datamaskin må vere kompatibel med den digitale eksamensplattforma.
- (3) Studenten er sjølv ansvarleg for at PC eller anna digitalt utstyr er klargjort i god tid før eksamensstart.
- (4) Studenten er sjølv ansvarleg for å levere inn riktig versjon av eksamensoppgåva inklusive alle vedlegg i den digitale eksamensplattforma.

**Kapittel 10 Sensur og klage på sensur****Gjeldande paragraf:****§ 9-1. Grunnlag for sensur**

- (1) Ein student som har vore oppe til eksamen, kan ikkje unndra seg sensur etter at eksamenssvaret er levert.
- (2) Ved eksamen med tilsyn kan eksamenssvar som er leverte, ikkje leverast ut igjen, endrast eller supplerast.
- (3) Ved eksamen utan tilsyn kan ein student erstatte eit eksamenssvar som allereie er levert, med eit nytt eksamenssvar fram til fastsett innleveringsfrist.
- (4) Eksamensresultat vert normalt kunngjorde på Studentweb så snart godkjend sensurvedtak ligg føre.

**Forslag til ny paragraf:****§ 10-1. Grunnlag for sensur**

- (1) Ein student som har vore oppe til eksamen, kan ikkje unndra seg sensur etter at eksamenssvaret er levert.
- (2) Ved eksamen med tilsyn kan eksamenssvar som er leverte, ikkje leverast ut igjen, endrast eller supplerast.
- (3) Ved eksamen utan tilsyn kan ein student erstatte eit eksamenssvar som allereie er levert, med eit nytt eksamenssvar fram til fastsett innleveringsfrist.
- (4) Eksamensresultat vert normalt kunngjorde på Studentweb så snart godkjend sensurvedtak ligg føre.

**Forklaring til § 10-1:**

Gjeldande § 9-1 er foreslått vidareført i ein ny § 10-1.

**Gjeldande paragraf:****§ 9-2. Om vurderingsuttrykk**

- (1) Vurderingsuttrykket for ein eksamen er anten stått/ikkje stått eller ein gradert karakterskala med fem trinn frå A til E for stått og F for ikkje stått, jf. uhl. § 3-9, 6. ledd.
- (2) Når karakteren i eit emne vert fastsett på grunnlag av fleire eksamenar (delar), skal alle eksamenar (delar) vere stått for at emnet er stått.

**Forslag til ny paragraf:****§ 10-2. Om vurderingsuttrykk**

- (1) Vurderingsuttrykket for ein eksamen er anten stått/ ikkje stått eller ein gradert karakterskala med fem trinn frå A til E for stått og F for ikkje stått, jf. uhl. § 11-7 første ledd.
- (2) Når karakteren i eit emne vert fastsett på grunnlag av fleire eksamenar (delar), skal alle eksamenar (delar) vere stått for at emnet er stått.

**Forklaring til § 10-2:**

Gjeldande § 9-2 er foreslått vidareført i ein ny § 10-2, men her med ei korrigering av ordlyden i 1. ledd slik at ein nyttar stått/ ikkje stått i staden for bestått/ ikkje bestått. Dette inneberer ikkje noko materiell endring.



**Forklaring:**

Sensorordninga har vore under diskusjon ved fleire anledningar i løpet av 2000-talet og fram til i dag. Fram til innføringa av Kvalitetsreforma var det krav om to sensorar ved alle eksamenar. I 2002 var reglane i UH-lova endra slik at det berre var krav om to sensorar ved vurdering av studenten sitt sjølvstendige arbeid i høgare grad og ved klagesensur. For å sikre studentane sin rettstryggleik og sikre ein uavhengig kvalitetskontroll av kvart enkelt studium blei det innført eit krav om ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordningane.

I juni 2021 vedtok Stortinget på bakgrunn av forslaget i NOU 2020:3 og Prop. 111 L (2020-2021) eit krav om at det skulle vere to sensorar ved alle eksamenar der vurderingsuttrykket er A til F. I tillegg vart det vedtatt eit krav om at minst ein av sensorane skal vere utan tilknytning til den delen av utdanninga der vedkommende skal vere sensor. Kravet vart ikkje satt i live, og det vart varsla om at ein ville gjere ein ny vurdering i samband med forslag til ny UH-lov. Kravet om ekstern evaluering vart behalde i forslaget frå 2021.

I uhl. § 3-9, som var gjeldande fram til 01.08.24, gjekk det fram av andre ledd første punktum at styret skulle peike ut sensorar ved eksamen, prøve, prøving av oppgåve eller anna vurdering når resultatet inngjekk på vitnemålet eller skulle innreknast i karakter for det aktuelle studiet. Vidare gjekk det fram av andre punktum at det skulle være minst to sensorar, der minst ein var ekstern, ved prøving av studenten sitt sjølvstendige arbeid i høgare grad.

Universitets- og høyskolerådet utarbeida retningslinjer for sensur (2015). I desse retningslinjene går det mellom anna fram at det bør vere to sensorar på munnleg eksamen og på andre eksamenar som ikkje lar seg etterprøve. Vidare går det fram at det bør vere to sensorar på bachelorarbeid, og at ein bør vere ekstern. På andre eksamenar bør det i tillegg til intern sensor kvart år verte nytta ekstern sensor på minst 1/3 av emna, og da slik at alle emne i løpet av ein treårsperiode har hatt ein ekstern sensur. For store kull har institusjonane anledning til å nytte ekstern sensor berre på ein fastsett del av oppgåvene. Denne vurderinga skal da være grunnlag for vurdering av de resterande oppgåvene.

I vår eiga forskrift går det fram at alle eksamenar ved høgskulen skal vurderast av ein kommisjon på minst to sensorar, jf. § 9-4 (1).

I den nye uhl. § 11-7 om gjennomføring av sensur går det fram at:

*«Universiteter og høyskoler skal oppnevne sensor ved eksamen. Karakteren ved sensur skal være bestått eller ikke bestått, eller en gradert skala med fem trinn fra A til E for bestått og F for ikke bestått.*

*Det skal være minst to sensorer, hvorav minst én ekstern, ved sensur av studentenes selvstendige arbeid i høyere grad. Det skal være to sensorer ved sensur av bacheloroppgaver eller lignende selvstendig arbeid på lavere grad, eksamener som ikke er etterprøvbare, og eksamener som alene utgjør 15 studiepoeng eller mer.*

*Institusjonene skal utarbeide skriftlig sensorveiledning til alle eksamener. Sensorveiledningen skal være tilgjengelig for studentene etter at karakteren er fastsatt.*

*Sensuren skal foreligge innen 15 virkedager fra eksamen er avlagt, dersom ikke særlige grunner gjør det nødvendig å bruke mer tid. Institusjonene kan gi midlertidig forskrift om lengre frist for enkelte eksamener dersom det ikke er*

*mulig å skaffe det antallet kvalifiserte sensorer som trengs for å avvikle sensuren innen 15 virkedager. Institusjonene kan gi forskrift om lengre frist enn 15 virkedager for større skriftlige arbeider.*

Vidare går det fram av uhl. § 11-6 at:

*«Universiteter og høyskoler skal sørge for at studentenes kunnskaper og ferdigheter blir prøvd og vurdert på en upartisk og faglig betryggende måte. Vurderingen skal sikre det faglige nivået på studiet. Institusjonene skal enten ha ekstern sensor ved sensur av den enkelte eksamen eller ekstern evaluering av eksamens- og sensurordningen.*

*Den muntlige delen av en eksamen skal være offentlig med mindre hensynet til gjennomføringen av eksamenen tilsier noe annet. En institusjon kan gjøre unntak fra regelen om offentlig eksamen dersom det er særlige grunner for det.*

*Institusjonene gir forskrift om gjennomføring av eksamen, vilkår for å gå opp til eksamen på nytt og for adgang til ny praksisperiode.»*

I den nye UH-lova har lovgivar såleis vald å behalde kravet om ekstern evaluering av vurderinga eller vurderingsordninga, jf. § 11-6 første ledd if. I Prop. 126. L (2022-2023) pkt. 16.6.4.2 går det fram at:

*«Departementet foreslår i likhet med universitets- og høyskolelovutvalget å videreføre kravet om enten ha ekstern sensor ved sensur av den enkelte eksamen eller ha ekstern evaluering av eksamens- og sensurordningen. En viss bruk av ekstern sensur, både på bachelor- og mastergrads nivå, bør inngå som en del av institusjonenes kvalitetsarbeid og som en kvalitetskontroll av hvert enkelt studium. Systemet med ekstern evaluering av vurderingen eller vurderingsordningene skal også ivareta studentenes rettssikkerhet ved å sikre lik og upartisk bedømmelse av studentene.»*

I samband med høyringa til ny UH-lov valde høgskulen å støtta forslaget behalde kravet om to sensorar på alle eksamenar. Dette med bakgrunn i at høgskulen allereie har eit system med to sensorar på alle eksamenar, og at dette kunne med fordel også være hovudregelen i lova.

I samband med ny forskrift må det takast stilling til kva sensorordning høgskulen skal i tida framover. Det overordna spørsmålet er om høgskulen skal gå bort i frå den veletablerte ordninga høgskulen har hatt over fleire år med krav om to sensorar til alle eksamenar, eller om ein skal følgje uhl. § 11-7 andre ledd. Der er kravet no at det minst skal vere to sensorar, «*hvorav minst én ekstern, ved sensur av studentenes selvstendige arbeid i høyere grad. Det skal være to sensorer ved sensur av bacheloroppgaver eller lignende selvstendig arbeid på lavere grad, eksamener som ikke er etterprøvbare, og eksamener som alene utgjør 15 studiepoeng eller mer*».

Ei god sensurordning er viktig både av omsyn til studentane, men også for samfunnet. Vitnemål og karakterar skal gi eit korrekt bilde av kunnskapsnivået og faglege kvalifikasjonar. Ei god sensorordning er naudsynt for ei uhilda og rettferdig karakterfastsetjing og dermed også for studentane sin rettstryggleik. I tillegg vil ei god sensurordning kunne vere eit kvalitetsstempel for høgskulen sine utdanningar og dermed også viktig for høgskulen sitt omdøme. Dette talar for at høgskulen fortsett med dagens sensorordning der ein har eit krav om to sensorar til kvar eksamen. Motargumentet er at dagens ordning er ressurskrevjande, og at det kan vere utfordrande å innhente kvalifiserte sensorar.

På denne bakgrunn er det utarbeida to alternative forslag til ein ny paragraf om sensurordning. Den eine paragrafen legg til grunn dagens ordning, men med nokre presiseringar for å skape eit tydlegare regelverk. Erfaringane frå førre revisjon av forskrifta viser at det har vore stilt spørsmål

knytt til sensorordning og om den faktisk vart endra. Dette var ikkje tilsikta, og ein har derfor vald å bruke ein meir forklarande ordlyd i paragrafen enn den har i dag.

Den alternative paragrafen legg til grunn lova sitt forslag til sensorordning.

For begge alternativa vert det foreslått at ein presiserer at studentane sine kunnskapar og ferdighetar skal prøvast og vurderast på ein upartisk og fagleg tryggande måte. Dette for å understreke rettstryggleiken til studentane i ein prøvingssituasjon.

Vidare har det vore ein del spørsmål knytt til tilknytingskravet for eksterne sensorar. Dette er i dag regulert i retningslinje for sensurarbeid. Ein ser gjerne at det er kravet om at ekstern sensor ikkje kan ha vore tilsett ved høgskulen eller ha undervist i emne ved høgskulen dei siste to åra som gir utfordringar. Særleg utfordrande er det nok for små/smale emne med avgrensa tilgang til sensorar. Det vert foreslått at tilknytingskravet vert forskriftsfesta og at det vert noko nyansert. Dette ser ein også at andre institusjonar har vald å gjere i samband med innføring av forskrift etter ny UH-lov. Her finn ein eksempel på at det ikkje vert satt ei «karantenetid», mens andre avgrensar «karantenetida» til eitt år. I forslaget her vert det foreslått at ein reduserer «karantenetida» til føregåande studieår. Dette inneberer altså at ein reduserer «karantenetida» frå to år til at ekstern sensor ikkje har vore tilsett ved høgskulen det føregåande studieåret.

I gjeldande § 9-4 tredje ledd går det fram at det skal utarbeidast sensorrettleiingar til alle eksamenar. Dette er særskilt regulert i uhl. § 11-7 tredje ledd, og ei regulering i vår eiga forskrift vil derfor vere overflødig.

Vidare vert det foreslått at ein regulerer sensurfrist i ein eigen paragraf. Dette av pedagogiske omsyn, og at ein kan samle høgskulen sine reglar om sensurfrist i ein eigen paragraf i staden for å ha ei eiga forskrift om sensurfrist på masteroppgåver, sjå nærmare forklaring under forslaget til ny § 10-3 Sensurfrist.

Her vert også foreslått å ta ut gjeldande § 9-5 om rett til grunngeving, § 9-6 om klage på sensur og § 9-7 om ny sensur frå forskrifta. Bakgrunnen for dette er at disse paragrafane er utførleg regulert i UH-lova. Det vil derfor vere overflødig å regulere dette i vår forskrift. Ei dobbelregulering kan føre til at endringar i lova sin ordlyd vil skape usikkerheit om studentane sine rettigheter og pliktar. Det vert foreslått at ein tek inn eit eige ledd i ny § 10-3 der ein tilviser til dei aktuelle paragrafane i lova.

I samband med innføring av ny forskrift vil det vere behov for å revidere aktuelle retningslinjer. Dette gjeld mellom retningslinje for sensur, fusk mv.

### **Gjeldande paragraf:**

#### § 9-4. Sensurering

(1) Alle eksamenar blir vurdert av ein kommisjon på minst to sensorar.

(2) Ved intern sensur er sensorane fagleg tilsette ved institusjonen. Ved ekstern sensur er minst ein av sensorane ikkje fagleg tilknytt institusjonen.

(3) Det skal utarbeidast sensorrettleiing til alle eksamenar. Sensorrettleiinga er offentleg etter at den ordinære sensuren er avslutta, jf. uhl. § 5-3, 3. ledd.

(4) Sensur skal gjennomførast anonymt så langt dette er praktisk mogleg.

(5) Sensuren skal føreligge innan tre veker om ikkje særlege grunner gjer det nødvendig å bruke meir tid.

(6) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for sensurarbeid og sensorrettleiing.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### **§ 10-3 Sensur**

(1) Studenten sine kunnskapar og ferdigheiter skal prøvast og vurderast på ein upartisk og fagleg tryggande måte. Sensur skal gjennomførast anonymt så langt dette er praktisk mogleg.

(2) Alle eksamenar ved høgskulen skal vurderast av ein kommisjon på minst to sensorar. Dette gjeld både ved ekstern sensur (vitskapeleg tilsett utanfor høgskulen) og intern sensur (vitskapeleg tilsett ved høgskulen)

(2) Ein ekstern sensor kan ikkje vere tilsett i hovudstilling eller bistilling ved høgskulen, eller ha vore tilsett i slike stillingar det føregåande studieåret. Ekstern sensor kan heller ikkje ha hatt engasjement som timelærer i det aktuelle emnet for eksamenskullet i same studieår som vurderinga vert gjort. Gjesteforelesingar i avgrensa omfang vil ikkje vere til hinder for å kunne vere ekstern sensor.

(3) Det skal brukast ekstern sensor til karakterfastsetting ved den enkelte eksamen eller gjennomførast ekstern evaluering av eksamens- og sensorordninga, jf. uhl. § 11-6 første ledd andre punktum.

(4) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for sensurarbeid og sensorrettleiing.

### ***Alternativt:***

#### **§ 10-3 Sensur**

(1) Studenten sine kunnskapar og ferdigheiter skal prøvast og vurderast på ein upartisk og fagleg tryggande måte. Sensur skal gjennomførast anonymt så langt dette er praktisk mogleg.

(2) Det skal nyttast to sensorar, der minst ein er ekstern, ved sensur av masteroppgåver, og ved ny sensurering etter universitets- og høgskolelova § 5-2 og § 5-3. Det skal vere to sensorar ved sensur av bacheloroppgåver eller liknande sjølvstendig arbeid på lågare grad, eksamenar som ikkje kan etterprøvast og eksamenar som aleine utgjer 15 studiepoeng eller meir.

(2) Ein ekstern sensor kan ikkje vere tilsett i hovudstilling eller bistilling ved høgskulen, eller ha vore tilsett i slike stillingar det føregåande studieåret. Ekstern sensor kan heller ikkje ha hatt engasjement som timelærer i det aktuelle emnet for eksamenskullet i same studieår som

vurderinga vert gjort. Gjesteforelesingar i avgrensa omfang vil ikkje vere til hinder for å kunne vere ekstern sensor.

(3) Det skal brukast ekstern sensor til karakterfastsetting ved den enkelte eksamen eller gjennomførast ekstern evaluering av eksamens- og sensorordninga, jf. uhl. § 11-6 første ledd andre punktum.

(4) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for sensurarbeid og sensorretteing.

#### Forklaring:

Sensurfrist er per i dag regulert i forskrifta § 9-4 (5), samt at ein har ei eiga forskrift om utvida sensurfrist for masteroppgåver. Høgskulen har også ei mellombels forskrift om utvida sensurfrist på masteroppgåver som fastsett ein sensurfrist på seks veker, og ei mellombels forskrift om utsett sensurfrist der sensurfristen er sett til 15 veker.

Ved innføringa av den nye UH-lova har ein fått utvida sensurfristen frå tre veker til 15 veker, og ein her framleis opning for at høgskulen kan fastsette lengre frist for større skriftlege arbeid til dømes for masteroppgåver, jf. uhl. § 11-7 tredje ledd.

Det vert foreslått at ein eigen paragraf i forskrifta som samla regulerer sensurfristane ved høgskulen. Dette inneberer at ein også regulerer sensurfrist på masteroppgåver i denne forskrifta, og forskrift om utvida sensurfrist på masteroppgåver kan opphevast når denne forskrifta tek til å gjelde.

Erfaringsvis ser ein at sensurfristen på masteroppgåver kan vere ulik. Nokre har seks veker, medan andre har brukt tre veker. Det kan vere ulike grunnar til dette, men talet på studentar som skal igjennom sensur kan være ein grunn. Vidare kan det vere hensiktsmessig med ein kortare sensurfrist av omsyn til gjennomføring av lovpålagd ferie for dei tilsette. Det vert derfor foreslått ei nyansering av ordlyden slik at ein har noko handlingsrom, og da slik at sensurfristen på masteroppgåver skal ligge føre innan seks veker etter innleveringsfristen. Av omsyn til studentane er det hensiktsmessig at sensurfristen for det særskilde masteremnet er tydeleg kommunisert. Det vert derfor foreslått at avvik frå fristen på seks veker skal gå fram av studie- eller emneplanen.

Det har også vore ein del spørsmål knytt til kva frist som gjeld for ny sensur til dømes ved klage, og det vert derfor foreslått at ein tydeleggjer at det da er forvaltningslova § 11a som da skal brukast.

#### **Gjeldande paragraf:**

Sensurfrist er regulert i gjeldande § 9-4 (5), i forskrift om utvida sensurfrist på masteroppgåver ved Høgskulen i Volda og Mellombels forskrift om utvida sensurfrist ved Høgskulen i Volda.

## Forslag til ny paragraf:

### § 10-4 Sensurfrist

- (1) Sensurfristen er 15 vrykedagar frå innleveringstidspunktet/eksamensdagen.
- (2) Sensur på masteroppgåver skal ligge føre innan seks – 6 – veker frå innleveringstidspunktet. Det skal gå fram av studie- eller emneplanen dersom sensurfristen er kortare enn seks – 6 – veker.
- (3) Ved ny sensur på bakgrunn av ei klage, skal klaga avgjerast utan ugrunna opphald, jf. forvaltningslova § 11a.
- (4) Sensur vert kunngjort via Studentweb. Studentane er sjølv ansvarleg for å gjere seg kjent med sensurvedtaket.

#### Forklaring:

Eit av dei mest diskuterte og omstridde spørsmåla i samband med ny universitets- og høgskulelov har vore reglane for fusk. Dette særleg med grunnlag i at fleire saker har vore prøvd for retten og at det har vore stilt spørsmål ved praksisen til dei lokale nemndene og Felles klagenemnd. Dette gjeld både kva som skal reknast for fusk og kva reaksjon dei ulike handlingane skal få.

I den nye uhl. § 12-4 er det ikkje oppstilt kva som er fusk i lovens forstand. I lova sine forarbeid (Prop. 126 L (2022-2023) Lov om universiteter og høyskoler pkt. 16.4) går det fram at den nye lova ikkje skal definere omgrepet «fusk», og det vert opp til institusjonane sjølv å fastsette kva som skal reknast for fusk. Det vert likevel i pkt. 16.4.4 og i merknaden til § 12-4 sagt noko om fellestrekk ved fuskehandlingar og det vert gitt eksempel. Lovforarbeida er rettleiande både for reguleringa i vår forskrift og korleis vi skal forstå reglane. Departementet skriv generelt om omgrepet fusk:

*«Felles for fusk er at en fuskehandling bryter med de angitte reglene for gjennomføringen av den obligatoriske aktiviteten eller eksamenen, og at det kan gi et uberettiget fortrinn eller resultat for studenten selv eller en annen. Helt konkret innebærer dette at informasjon rundt eksamensgjennomføringen gir føringer for hva som faller inn under fuskebegrepet. Det innebærer at handlinger som bryter de angitte rammene og gir studenten en fordel som andre ikke får, vil bli karakterisert som fusk.»*

Når det gjeld ulike eksemplar på fusk seier departementet følgende:

*«Ett eksempel på fusk vil være å la noen andre gjennomføre eksamen for seg. Andre eksempler er å ha tilgjengelig ulovlige hjelpemidler under eksamen eller samarbeide med andre i gjennomføringen dersom dette ikke er tillatt. Dette forutsetter at det er tydelig hva som er tillatt ved den enkelte eksamen.*

*Også plagiering er å anse som fusk. Plagiering kan være å framstille andres arbeid som sitt eget uten tilstrekkelig kildehenvisning, inkludert også parafrasering. Enhver tekstlikhet, særlig oppdaget gjennom plagiatverktøy, må imidlertid vurderes konkret med tanke på omfanget av tekstlikheten og om likheten er uforklarlige. (...)*

*Også gjenbruk av eget arbeid (ofte kalt «selvplagiering»), det vil si å sitere eller på annen måte gjenbruke sitt eget tidligere vurderte arbeid uten tilstrekkelig kildehenvisning, kan anses som fusk. Det forutsetter blant annet at det gjenbrakte arbeidet ikke stammer fra et forarbeid i samme prosjekt som naturlig kan gjenbrukes i sluttproduktet. (...) Departementet mener at det framover bør være en noe mer nyansert tilnærming til gjenbruk av eget arbeid enn det som følger av gjeldende rett og praksis. Departementet er i utgangspunktet enig i at en besvarelse hvor det avdekkes gjenbruk av eget tidligere arbeid uten tilstrekkelig kildehenvisning, ikke vil utgjøre et selvstendig arbeid i*

prøvingssituasjonen, og at dette objektivt sett kan anses som fusk. Når det gjelder gjenbruk av eget arbeid som ikke er vurdert eller gitt uttelling, stiller det seg etter departementets mening annerledes. Dersom studenten bygger på eget arbeid som ikke tidligere er innlevert til vurdering, er det ikke snakk om fusk, men utnyttelse av egne notater og forarbeider som også er svært vanlig i forskning, jf. Unneberg ovenfor. Dersom studenten bygger på eget arbeid som tidligere er innlevert til vurdering, bør en etter departementets mening skille mellom arbeid som har gitt uttelling i form av oppnådde studiepoeng eller rett til å gå opp til eksamen, og arbeid som ikke tidligere har gitt uttelling. Dette vil være i tråd med allmenne forskningsetiske prinsipper som skiller mellom publiserte og upubliserte arbeider. Departementet er generelt av den oppfatning at det er forskjell på alvorlighetsgraden i å plagiere andres og eget arbeid, og at dette bør få betydning for reaksjonsfastsettelsen. I førstnevnte tilfelle tar man fra andre og lar det framstå som at det er egen tilegnet kunnskap eller ferdighet. Da har man ikke blitt prøvd på egen kunnskap og ferdigheter, og en tredjepart (forfatteren) har ikke blitt kreditert på rettmessig måte. Ved gjenbruk av eget arbeid gjenspeiles studentens kunnskaper og ferdigheter som har gitt uttelling i en annen, tidligere sammenheng.

Selv om det i begge tilfeller kan gi studenten en urettmessig fordel, bør likevel alvorlighetsgraden tillegges vekt når reaksjonen skal fastsettes. Departementet mener derfor at det bør utvises en større nyansering mellom ulike former for plagiering og omfanget av dette, i vurderingen av reaksjonsfastsettelsen.»

Departementet har vidare peika på behovet for samordning av regelverket knytt til fusk og uttalar her følgende:

«Institusjonene oppfordres til å jobbe sammen om denne tematikken gjennom å utvikle felles forståelse av dagens regler, utviklingen av teknologi, avsløring av nye typer av fusk, bruk av elektroniske systemer for å avdekke for eksempel sitatfusk, internasjonal utvikling osv. For å sikre størst mulig grad av lik og forutsigbar forvaltningspraksis må det jobbes aktivt med dette på de møteplassene som institusjonene har i sektoren.

Departementet forventer at institusjonene selv tar et ansvar for å samordne seg, men ser at det kan være behov for mer kunnskap og arenaer for erfaringsdeling. Departementet har vurdert hvilke tiltak som kan legges bedre til rette for lik praksis og samordning i fuskesaker. Departementet har også drøftet dette spørsmålet med Norsk studentorganisasjon, Universitets- og høgskolerådet (UHR) og Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir). Departementets vurdering er at det er lite hensiktsmessig med en nasjonal veileder da det vil bli for overordnet og lite dynamisk. Etter departementets vurdering vil informasjonsdeling om forvaltningspraksis og arenaer for erfaringsdeling være mer egnet til å bidra til samordning på et felt som er under stadig utvikling. Departementet vil ha dialog med HK-dir om behovet for å videreutvikle årsmeldingen fra Felles klagenemnd slik at informasjonen om forvaltningspraksis kan nå ut til flere, og om det er andre måter HK-dir kan bidra med informasjon til sektoren. Departementet vil også be HK-dir gå i dialog med institusjonene, UHR og andre aktører i sektoren om hvordan det kan legges til rette for erfaringsdeling.»

Som følge av oppfordringa i lovforslaget vert det sett ned ei arbeidsgruppe i Universitets- og høgskolerådet (UHR). Arbeidsgruppa har arbeidd fram ei rettleiande retningslinje for fusk som vart vedtatt av styre i UHR den 18.09.2024. Her går det fram at:

«Institusjonene må ha et bevisst forhold til hvordan de informerer studentene om eksamensreglene og hvordan de jobber med forebygging av fusk. Reglene må være tydelige og lette å finne frem til for studentene, slik at man kan forebygge flest mulig fuskesaker.

Studentene har plikt til å sette seg inn i reglene som gjelder for den enkelte eksamen og hva som kan være fusk eller forsøk på fusk.

Alle institusjoner og/eller fagmiljøer bør ha tydelige retningslinjer for bruk av KI.

Avdekking av plagiat er først og fremst et faglig ansvar som påligger sensorene. Den største utfordringen for samordning er faglig uenighet om hva som er fusk og hva som bare er slurv. Dermed kan grensen for når man åpner en fuskesak bli ulik.

Utdanningsinstitusjonene må legge til rette for mer samordning, for eksempel bedre samarbeid på tvers av fakultet og institutter når det gjelder fusk.

*Det bør legges til rette for samarbeid mellom de faglig ansatte på tvers av utdanningsinstitusjonene når det gjelder tema som kildebruk, plagiat og avdekking av fusk. Dette kan for eksempel innebære faste møtepunkter, nasjonale veiledere eller annen form for deling av erfaring, kunnskap og praksis. Her bør UHR ta en rolle i samarbeid med institusjonene og med HK-dir.*

*Det bør også legges til rette for samarbeid mellom de administrative som arbeider med fuskesaker ved institusjonene, for å utvikle felles forståelse for regelverket.*

*Utdanningsinstitusjonene må sette av tid og ressurser både til god opplæring og kunnskapsdeling mellom sensorer og til gjennomføring av plagiatkontroll.*

*Utdanningsinstitusjonene må ha de rette verktøyene for å avdekke plagiat og tilstrekkelig hjemmel for å bruke disse. Sikt har gjort en grundig jobb med å gjennomgå det rettslige grunnlaget og komme med anbefalinger til bruk av plagiatkontrollverktøy. Universiteter og høyskoler bør følge disse anbefalingene.*

*UHR støtter departementets vurdering om at gjenbruk av egen tekst ikke er like alvorlig som plagiat og at denne forskjellen bør få betydning for reaksjonsfastsettelsen.*

*UHR mener at det i saker som gjelder gjenbruk av egen tekst ikke bør brukes utestengelse, men at disse innleveringene kun bør annulleres. UHR mener at dette er en tilstrekkelig reaksjon som også sikrer en forsvarlig prøving av studentene.*

*For å oppnå lik praksis anbefaler UHR at det forskriftsfestes at ved urettmessig gjenbruk av eget arbeid skal reaksjonen kun være annullering.*

*UHR anbefaler en uttømmende liste i institusjonenes forskrifter om hva som kan være fusk, dvs. at begreper som eksempler og blant annet unngås. Dette for å ivareta behovet for en klar hjemmel.*

*UHRs arbeidsgruppe for fusk og samordning har utarbeidet et forslag:*

*«Følgende kan være fusk eller forsøk på fusk hvis det er egnet til å gi en urettmessig fordel:*

*Å handle i strid med gjeldende regler for den spesifikke eksamen*

*Å bruke eller ha ulovlige hjelpemidler tilgjengelig under eksamen*

*Å presentere andres arbeid som sitt eget uten tilstrekkelig kildehenvisning eller markering av sitat*

*Å levere arbeid av praktisk eller kunstnerisk art som er laget av andre enn studenten(e) selv*

*Å levere besvarelse som er utarbeidet av andre enn student(e) selv*

*Ureglementert samarbeid mellom studenter eller grupper*

*Fabrikkering eller forfalskning av data*

*Urettmessig å ha skaffet seg adgang til eksamensoppgaven før eksamen starte.»*

I gjeldende forskrift § 9-3 er det lista opp kva som kan reknast som fusk, og her er brukt ordlyden «mellom anna». Med bakgrunn i signala både frå lovgivar gjennom forarbeida og rettleiaren frå UHR bør ein vere meir tydeleg på kva som faktisk vert rekna som fusk. Det vert derfor foreslått at ein i den nye paragrafen har ei uttømmende liste over handlingar som er fusk. I tillegg må vurderingskriteriet urettmessig fordel gå fram av ordlyden.

### Gjenbruk av eige arbeid – sjølvplagiat:

I vår forskrift er gjenbruk av eige arbeid nemnd som ei form for plagiering. Som følge av at forarbeida gir ein nærare vurdering av når gjenbruk av eige arbeid kan være fusk, bør dette også gjenspeilast i vår forskrift.

I forarbeida vert det slått fast at «*gjenbruk av eget arbeid uten kildehenvisning kan være å anse som fusk, men det må skilles mellom arbeid som har gitt uttelling i form av oppnådde studiepoeng eller rett til å gå opp til eksamen, og arbeid som ikke tidligere har gitt uttelling. Tidligere arbeid som ikkje har*



*gitt slik uttelling, vil normalt kunne gjenbrukes uten at dette anses som fusk.»* Ei tolking av dette viser at her vert sett eit skilje ved arbeid som har gjeve utteljing i form av oppnådde studiepoeng eller rett til å gå opp til eksamen. Obligatoriske aktivitetar vert stilt som krav for å kunne ta eksamen vil vere omfatta dersom arbeidet er godkjend. UHR har ikkje sagt noko konkret om dette anna enn at dei meiner at det ikkje skal reagerast like hardt ved sjølvplagiat som ved anna plagiering.

Som tidlegare nemnd kan Høgskulen sjølv definere omgrepet fusk, og det vert eit spørsmål korleis skilet mellom fusk og lovleg gjenbruk av eige arbeid skal vere i vårt regelverk. Det vert her foreslått at ein nyanserer noko når det gjeld obligatorisk arbeid og eksamen som gir uttelling i form av studiepoeng, da studentane gjerne brukar sitt eige arbeid som verktøy for å fremme eigen lærdom og forståing. Vidare er det vanleg at studentane kan utvikle, bearbeide og bruke eige arbeid i ein læreprosess frå mot eit endeleg og ferdig arbeid. Det vil då kunne vere uheldig og være urimeleg strengt dersom gjenbruk av egne obligatoriske arbeid skal reknast for fusk. Tilsvarande dersom ein student brukar opp at eigne obligatoriske arbeid inn i eit gruppearbeid. Obligatoriske arbeid er læringsfremmande verkemiddel som nyttast undervegs i studiet og før eksamen, og gjenbruk og bearbeiding av eigne arbeid er ein del av læringsprosessen til studentane. Det vert derfor foreslått at det berre skal verte rekna som fusk dersom ein student utan tilstrekkeleg kjeldetilvising brukar opp at sitt eige arbeid som har gitt uttelling i studiepoeng. Tilsvarande nyansering ser ein at til dømes Universitetet i Sørøst-Norge har gjort i si forskrift.

Når det gjeld bruk av eige tidlegare arbeid som har gitt uttelling i studiepoeng vil det også være behov for nyanseringar. Det kan ikkje vere slik at ein kvar tekstlikskap skal reknast som fusk, og det er vanskeleg å sette rettleiande prosentvis grense på omfanget. I dag har ikkje HVO ei slik rettleiande grense, og for kvart særskilde sak vert det gjort ein konkret vurdering av kvaslags tidlegare arbeid studenten har brukt opp at, på kva slags måte vert det bruk og i kva omfang. Så langt har ein derfor ikkje sett det naudsynt med ei slik rettleiande grense.

Ein ser at fleire institusjonar i sektoren gir ei rettleiande grense, til dømes at det under 20 % i plagiatskontrollen ikkje vert rekna for fusk. I HVO sine retningslinjer for fusk kan ein sjølv sagt ha ei slik rettleiande prosentgrense. Det vil da vere meir forutsigbart for alle kvar grensa går. Ei slik rettleiande grense vil da gi studentane noko romslegheit i situasjonar der dei skal utdjupe tema de kanskje tidlegare også har skreve om. Likevel har ein gjeve signal om at det ikkje er lov å bruke opp at eige tidlegare under ein eksamen med mindre studenten tilviser til seg sjølv.

Ved å ha ei rettleiande prosentvis grense vil ein sjølv sagt også kunne forenkle sakshandsaminga knytt til fuskesaker. Studieadministrasjonen har opplevd ein aukande tendens i talet på fuskesaker, og dersom ein brukar ei grense vil det kunne føre til færre fuskesaker. Det skal i den samanhengen nemnast at HVO har hatt svært få saker som gjeld sjølvplagiat. Det ser ut til at auken i talet på fuskesakar har samanheng med bruk av kunstig intelligens.

Når ein no reviderer forskrifta vil det også være naudsynt å foreta ein gjennomgang av retningslinjene våre. Ei rettleiande prosentvis grense ved sjølvplagiat kan takast inn i retningslinje for fusk. Det vert derfor bedt om tilbakemelding på om ein skal innføre ei slik rettleiande prosentvis grense også ved høgskulen i Volda, og ev. kva skal være grensa?

Når det gjeld dei tilfella der ein student plagierer andre sitt arbeid i eit obligatorisk arbeid, vil dette være ein anna situasjon. Studenten vil da bruke frå andre sitt arbeid og lar det gå fram som om det

var studenten sitt. Studenten vil da ikkje verte prøvd på eigen kunnskap og ferdigheiter, og det går samstundes utover ein tredjepart som ikkje vert kreditert på rettmessig måte. Dette vil framleis vere å rekne som plagiat og handsamast som fusk.

#### Bruk av kunstig intelligens (KI):

Samfunnsutvikla den siste tida har vist verktøy basert på KI har fått stor innverknad. Dette gjeld også i utdanningssektoren. Bruken av KI har til dømes skapt usikkerheit i forhold til korleis ein best skal prøve studentane sine kunnskapar og ferdigheiter i ein eksamenssituasjon.

I forarbeida har departementet vist til at det å legge fram ein tekst som er generert av samtalerobotar (tekstgenereringsfunksjonar basert på KI) som sitt eige verk, vil også kunne definerast som fusk med mindre slik bruk til dømes er ein del av oppgåva. Vidare går det fram at institusjonane må sørge for god informasjon til studentane i forkant av eksamen, korleis bruk av slike verktøy vert vurdert i forhold til reglane om fusk, og kva forventningar som skal stillast til det sjølvstendige arbeidet. UHR har følgd opp dette i sin rettleiar ved å vise til at alle institusjonar og/eller fagmiljø bør ha tydelege retningslinjer for bruk av KI.

I gjeldande forskrift går det fram at fusk reknast mellom anna plagiering i form av at ein presenterer andre sitt arbeid som sitt eige utan tilstrekkeleg kjeldetilvising, og det vert rekna som fusk dersom oppgåva er utarbeidd av andre eller studenten lar andre gjennomføre eksamen for seg. Begge desse kan være aktuelle i forhold til ulovleg bruk av KI, men det er nok den siste som treff best ved at hensikta er å sikre at det er studenten sitt eige arbeid som vert vurdert til eksamen. Det er ikkje presisert at ordlyden «andre» kan være både personar og funksjonar. Dette vert no foreslått presisert i forskrifta.

KI-verktøy kan nyttast som eit hjelpemiddel der det er lov å bruke hjelpemiddel, til dømes ved å innhente kunnskap, forbetre språket osv. Det bør ikkje vere slik at det er lov å bruke ein tekst som er produsert av ein chatbot og levere denne teksten som sin eigen eksamensoppgåve sjølv om alle hjelpemiddel er lovleg. Det vil være unntak dersom eksamensoppgåva legg opp til at studenten skal bruke slike KI-verktøy. Det vil derfor vere viktig at det går klart fram av høgskulen sine retningslinjer for KI kva forventningar som stillast til studenten i ein prøvingssituasjon.

#### Reaksjonsfastsetting:

Reaksjonane for fusk er regulert i universitet og høgskulelova, og har derfor ikkje vore særskilt regulert i vår eiga forskrift anna enn ved tilvising til dei aktuelle paragrafane i lova.

I forarbeida til ny lov går det fram at reaksjonen i fuskesaker må stå i forhold til det studenten har gjort, og at det er rimeleg at grada av skuld vert lagt vekt på i reaksjonsfastsettinga. Vidare går det fram at reaksjonsbruken bør nyanseras ut ifrå kor alvorleg fuskehandling er. Ei mindre alvorleg handling bør ikkje føre til ein like streng reaksjon som ei alvorleg handling sjølv om det vert slått fast at handlinga er forsettleg. Når det gjeld plagiat går det fram av det bør utvisast ei større nyansering mellom ulike formar for plagiering og omfanget når ein skal vurdere kva som er passende reaksjon. Det vil sei at reaksjonsfastsettinga skal være forholdsmessig med omsyn til kor alvorleg handlinga er.

UHR har som nemnd tatt det eit steg lenger og uttalt at sjølvplagiat ikkje bør føre til ein strengare reaksjon enn annullering. Vidare har UHR uttalt i den rettleiande retningslinja at dette bør forskriftsfestast for å sikre ei samordning av reglane i sektoren.

Kva type reaksjonar som er aktuell dersom det vert fastslått fusk går fram av lova, og ein ser derfor ikkje behov for at dette vert regulert nærmare i vår forskrift. Det vil føre til ei unødvendig dobbelregulering. Spørsmålet er om høgskulen skal forskriftsfeste at det berre skal reagerast med annullering ved sjølvplagiat slik oppmodinga er frå UHR si side.

Ut ifrå dei signala som no er gitt av lovgivar i forarbeida til den nye UH-lova er det klart at høgskulen i større grad enn tidlegare må vurdere forhaldsmessigheita mellom handlinga og reaksjonen. Erfaringane frå tidlegare fuskesaker tilsei at det i kvar einskilde sak må gjerast konkrete vurderingar, og dette har også vore gjort i samband med val av reaksjon og ev. lengde på ein utestenging. Med bakgrunn i dei sakene som er handsama i vår eiga nemnd i forhold til sjølvplagiat ser ein også at det kan vere uheldig om ein berre skal kunne reagere med annullering. Dette særleg i dei tilfella det viser seg at studenten har brukt opp at same oppgåve på fleire ulike emne og dermed fått fullført fleire studiepoeng på ulike emne ved å levere tilnærma same oppgåve fleire gongar. Vidare kan det vere uheldig med ei slik regulering dersom studenten blir tatt for fusk fleire gongar, da lova her faktisk gir moglegheit for to års utestenging ved dei alvorlegaste og gjentakande tilfella av fusk. På denne bakgrunn vert det ikkje foreslått at ein i forskrifta regulerer reaksjonsfastsettinga for sjølvplagiat, men at ein heller sei noko om dette i retningslinje for fusk. Den nyanseringa som både lovgivar og UHR legg opp til kan takast i vare ved å ta dette inn i nærmare reglar i ei retningslinje. Dette vil grunnlag for eit meir dynamisk regelverk og gjennom ei retningslinje vil ein lettare kunne fange opp nye praksis både frå vår eiga nemnd og Felles klagenemnd.

Når det som gjeld den sakshandsaminga av fusk ser ein det som mest hensiktsmessig at dette vert regulert i retningslinje for fusk og ikkje i forskrifta. Dette gjeld mellom anna at studenten skal kallast inn til eit møte. Det kan vere behov for å tilpasse sakshandsaminga ut ifrå kva type mistanke det gjeld, og ein ser også at talet på fuskesaker gjer at ein må tilpasse sakshandsaminga slik at ein gjer ei forsvarleg sakshandsaming ut i frå dei ressursane ein har tilgjengeleg. Det er viktig at denne typen saker vert prioritert da det er ein alvorleg mistanke å få retta imot seg som student, og saken kan ha store konsekvensar for den aktuelle studenten. Det er derfor viktig at ein kan tilpasse sakshandsaminga og samtidig ivareta rettstryggleiken til studentane, og ei retningslinje vil kunne gi nødvendig handlingsrom samtidig som den tek i vare dei nødvendige omsyna til forsvarleg sakshandsaming og rettstryggleik. Ei retningslinje vil i så måte vere meir dynamisk enn forskrifta, og ein kan lettare gjere naudsynte tilpassingar.

I gjeldande forskrift er det ikkje regulert når eksamen skal reknast for starta, og kva dette inneberer ved kontroll av lovlege hjelpemiddel. Det kan vere aktuelt å gjennomføre stikkprøvekontrollar knytt til lovlege hjelpemiddel, og da bør det gå tydeleg fram av regelverket kva tidspunkt eksamen startar når det vert gjennomført kontroll. Dette vil igjen kunne ha betydning for vurderinga knytt om det objektivt sett ligg føre fusk, og kva skyld studenten har. Det vert på denne bakgrunn foreslått eit nytt tredje ledd som mellom anna regulerer kontroll av hjelpemiddel.

Når det gjeld gruppeeksamen er det lagt til grunn i praksis at alle deltakarane i gruppa er ansvarleg for eksamensarbeidet/oppgåva sitt samla innhald, og dette vert det foreslått å presisere i eit nytt 4.

ledd. Dette særleg med bakgrunn i tydeleggjere regelverket og kva som forventast av studentane i ein prøvings situasjon.

Vidare vert det foreslått å vidareføre gjeldande 5. ledd som sei at høgskulen har eigne retningslinjer for fusk og sakshandsaminga i slike saker.

Det vert foreslått at paragrafen vert flytta i kapittelet om sensur, og sa slik at paragrafen kjem sist i kapittelet. Dette for å skap ei god systematikk i regelverket, og reglane om fusk vert foreslått som ein ny § 10-5.

### **Gjeldande paragraf:**

#### § 9-3. Fusk og forsøk på fusk

(1) Fusk, forsøk på fusk eller medverknad til fusk ved eksamen, arbeidskrav eller andre vilkår som er sette for å gå opp til eksamen, kan føre annullering, utestenging frå høgskulen og tap av retten til å ta eksamen, jf. uhl. § 4-7 og § 4-8, 3. ledd.

(2) Som fusk eller forsøk på fusk reknast mellom anna:

a. å ha ulovlege hjelpemiddel tilgjengeleg under eksamen, ulovleg bruk av hjelpemiddel som er tillat eller bruk av andre hjelpemiddel enn dei som er tillat i emneplanen.

b. plagiering:

- presentere andre sitt arbeid som sitt eige utan tilstrekkeleg kjeldetilvising
- presentere sitt eige, tidlegare arbeid som nytt arbeid utan å oppgje kjelde (sjølvplagiering)
- manglande markering av sitat
- parafrasering ved å nytte seg av andre sitt materiale, men sjølv arbeide til materialet i noko grad utan å oppgje kjelde
- tekstnær parafrasering utan å vise til sidetal i kjelda.

c. ulovleg kommunikasjon eller samarbeid mellom studentar eller grupper

d. å skaffe seg tilgjenge til eksamen ved å fuske på ein obligatorisk læringsaktivitet, eller urett på grunnlag få godkjent deltaking til slik aktivitet.

e. dersom oppgåva er utarbeidd av andre eller la andre gjennomføre eksamen for seg.

(3) Når det under eksamen med tilsyn oppstår mistanke om fusk eller forsøk på fusk, skal kandidaten straks gjerast merksam på at dette vil bli rapportert til rette vedkommande ved institusjonen, og at saka vil bli undersøkt nærmare. Tilsvarande gjeld også ein kandidat som yter hjelp til ein eller fleire medstudentar. Kandidaten/-ane kan velje å halde fram eller avbryte eksamen. Kandidaten/-ane vil bli kalla inn til samtale.

(4) Når det i samband med eksamen utan tilsyn oppstår mistanke om fusk eller forsøk på fusk, blir rette vedkommende ved institusjonen varsla og saka undersøkjast straks. Tilsvarande gjeld også for arbeidskrav og andre vilkår som er sette for å gå opp til eksamen. Kandidaten/-ane vil bli kalla inn til samtale.

(5) Det er fastsett eigne retningslinjer om fusk og sakshandsaminga i sakar som gjeld fusk og forsøk på fusk.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### **§ 10-5 Fusk på eksamen og obligatoriske aktivitetar**

(1) Fusk, forsøk på fusk eller medverknad til fusk ligg føre når ein student handlar i strid med kapittel 10 i denne forskrifta, eller med reglane for gjennomføring av eksamen eller obligatorisk aktivitet, på ein slik måte at handlinga kan være egna til å gi ein urettmessig fordel for studenten sjølv eller andre.

(2) Som fusk reknast:

- at studenten har ulovlege hjelpemiddel tilgjengeleg under eksamen
- at studenten brukar lovlege hjelpemiddel på uriktig måte
- at studenten presenterer andre sitt arbeid som sitt eige utan tilstrekkeleg kjeldetilvising eller markering av sitat
- at studenten leverer arbeid av praktisk eller kunstnarisk art som er laga av andre enn studenten (-ane) sjølv
- at studenten leverer eit eksamensarbeid/oppgåve som er utarbeidd av andre personar eller funksjonar som sitt eige arbeid
- at studenten oppgir fiktive kjelder, informantar eller data (fabrikkering eller forfalsking av data)
- at studenten gjenbrukar innhald frå eigne eksamensarbeid/oppgåver som tidlegare har gjeve utteljing i eit bestått resultat (karakteren E eller betre/ godkjend)
- at studenten har skaffa seg tilgang til eksamensoppgåva før eksamen startar
- studenten skaffar seg adgang til eksamen ved å fuske ved en obligatorisk aktivitet, eller ved å få godkjenning for deltaking ved obligatorisk aktivitet på uriktig grunnlag.
- studentane utformar eit eksamensarbeid/oppgåve til individuelle eksamen i fellesskap, eller på anna måte deltar i ulovleg samarbeid.

(3) Ein student kan mistenkast for fusk frå det tidspunkt ein eksamen eller obligatorisk aktivitet har starta. Ein eksamen eller obligatorisk aktivitet vert som hovudregel rekna for starta når oppgåveteksten er utlevert eller problemformuleringa godkjend. Dersom det vart gjennomført kontroll av lovlege hjelpemiddel før oppgåveteksten er utlevert, vert eksamen rekna som starta frå det tidspunktet studenten har levert inn hjelpemidla sine for kontroll.

(4) Ved gruppeeksamen/gruppeoppgåver er alle deltakarane i gruppa ansvarleg for det samla innhaldet i eksamensarbeidet/oppgåva, produktet eller presentasjonen.

(5) Det er fastsett eigne retningslinjer om fusk og sakshandsaminga i sakar som gjeld fusk og forsøk på fusk.

#### Forklaring:

Det vert foreslått at noverande kapittel 10 Behandling av klager og andre særlege saker vert endra til eit nytt kapittel 11 Klagehandsaming, da det er ein betre ordlyd. Vidare er reglane om Nemnd for studentsaker særskilt regulert i UH-lova og ei dobbeltregulering er ikkje heldig. Det vert derfor foreslått at det som allereie vert regulert i lova ikkje vert vidareført i ny forskrift, til dømes § 10-1 som gjeld samansetjinga av nemnda. Reglar for klagehandsaming er også lovregulert og såleis er det ikkje nødvendig at dette vert nærare regulert i vår forskrift. Likevel er det av omsyn til studentane viktig å synleggjere denne typen reglar slik at studentane best kan sørge for sine egne interesser. Det er derfor vorte vurdert som hensiktsmessig at reglar for klagehandsaming framleis går fram av forskrifta, og ein foreslår at ein i stor grad vidarefører dagens § 10-3, men med nokre språklege justeringar.

Når det gjeld Nemnd for studentsaker og kva saker dei skal handsame er dette regulert i høgskulen sitt delegeringsreglement del I. Det skal derfor ikkje vere nødvendig at dette også går fram av forskrifta. Ein har likevel vurdert det som hensiktsmessig at det går fram av forskrifta kven som skal handsame saker, og kva saker som skal handsamast. Dette mellom anna med bakgrunn i at det ikkje er like intuitivt for studentane å leite i delegeringsreglementet for å finne naudsynte svar. Ved å ta det inn her har ein samstundes fått forskriftsfeste styret si delegering til nemnda. Det understrekast at dette ikkje er ei endring frå dagens forskrift, men ein har her forsøkt å forenkle ordlyden slik at den blir lettare å forstå.

## Kapittel 11 Klagehandsaming

### **Gjeldande paragraf:**

§ 10-2. Nemnda avgjer klage på enkeltvedtak

(1) Nemnda skal handsame klager over enkeltvedtak.

(2) Som enkeltvedtak reknast mellom anna vedtak om:

- a. Opptak, godskriving av anna utdanning og fritak frå eksamen
- b. Studierett
- c. Godkjenning/vurdering av tilrettelegging, fristutsettingar og permisjonar
- d. Obligatorisk frammøte og deltaking
- e. Formelle feil knytt til gjennomføring av mellom anna eksamen, arbeidskrav og liknande
- f. Eksamensrett
- g. Avslag på vitnemål eller karakterutskrift.

- (3) Nemnda sine vedtak i klagesaker om institusjonens enkeltvedtak, kan det ikkje klagast på.
- (4) Nemnda skal i tillegg handsame andre klagesaker for studentane.

## **OG**

### § 10-4. Andre saker som nemnda skal handsame

(1) Nemnda skal også handsame saker etter uhl. om inndraging og karantenetid (§ 3-7 (8), annullering av eksamen (§ 4-7), bortvising og utvising (§ 4-8, § 4-9, § 4-10 og § 7-9). Saker etter disse paragrafane kan ikkje handsamast av andre organ ved institusjonen.

(2) Nemnda handsamar også saker om formelle feil på eksamen, jf. uhl. § 5-2.

(3) Nemnda sine vedtak etter uhl. § 3-7 (8), § 4-7 til § 4-10 og § 7-9 kan klagast vidare til nasjonalt klageorgan.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### § 11-1 Nemnd for studentsaker

- (1) Høgskulen i Volda har oppretta ei eiga nemnd for studentsaker i samsvar med uhl. § 14-1.
- (2) Nemnda er klageinstans for klager på enkeltvedtak som er vedteken av høgskulen, bortsett frå der det er fastsett i eller med heimel i universitets- og høgskulelova at det skal vere ein anna klageinstans, jf. uhl. § 14-2.
- (3) Nemnd skal handsame saker som første instans etter universitet- og høgskulelova §§ 12-1 til 12-8.

### **Gjeldande paragraf:**

#### § 10-3. Nemnda si klagehandsaming

- (1) Nemnda skal handsame klagesakene i tråd med forvaltningslova (fvl.) kapittel VI.
- (2) Fristen for å fremje klage til nemnda er 3 veker frå det tidspunktet studenten har fått eller burde ha skaffa seg kjennskap om vedtaket eller forholdet studenten ønsker å klage på. Ber studenten om nærare grunngjeving for vedtaket, reknast ny frist frå det tidspunkt grunngjevinga er kome fram til studenten, eller studenten på anna måte er gjort kjent med den.
- (3) Klagen skal være skriftleg og underskrive, og være adressert til rette vedkomande ved institusjonen. Klagen må omtale vedtaket som klaga gjeld, og nemne den endring som studenten ynsker i det vedtaket det er klaga over. Klagen bør også innehalde ei grunngjeving for kvifor klagar ønsker dei endringane som er skildra.

(4) Institusjonen har ei sjølvstendig plikt til å utgreie saka og gi klagaren nødvendig rettleiing for at han skal kunne ivareta sine interesser. Nemnda skal sjå til at saken er så godt opplyst som mogleg før vedtak treffast.

(5) Klager har rett til innsyn i faktiske opplysingar mv. i si sak, og har rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka, med unntak av interne dokument eller andre særlege dokument som nemnt i fvl. § 18 og § 19.

(6) Nemnda skal handsame og avgjere saka utan ugrunna opphald. Dersom det er venta at det vil ta uforholdsmessig lang tid å handsame klaga, skal klager få informasjon om dette og samtidig få informasjon om når klaga er venta å bli handsama.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### **§ 11-2 Klagehandsaming**

(1) Nemnd for studentsaker skal handsame klagesakene i tråd med forvaltningslova (fvl.) kapittel VI.

(2) Fristen for å fremje klage skriftleg klage er 3 veker.

(3) Høgskulen har ei sjølvstendig plikt til å gjere saksutgreiing. Høgskulen skal også gi klagaren nødvendig rettleiing slik at klagar skal kunne ivareta sine egne interesser. Nemnd for studentsaker skal sjå til at saken er så godt opplyst som mogleg før vedtak treffast.

(4) Klager har rett til innsyn i faktiske opplysingar mv. i si sak, og har rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka, med unntak av interne dokument eller andre særlege dokument som nemnt i forvaltningslova §§ 18 og 19.

(5) Nemnd for studentsaker skal handsame og avgjere saka utan ugrunna opphald. Dersom det tek lengre tid enn venta å handsame klaga, skal klager få informasjon om dette og samtidig få informasjon om forventa sakshandsamingstid.

## **Kapittel 12 Vitnemål og karakterutskrift**

### **Gjeldande paragraf:**

#### **§ 11-1. Vitnemål**

(1) Høgskulen i Volda skriv ut vitnemål og Diploma supplement etter avslutta grad, yrkesutdanning, praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) eller anna studieprogram på minimum 120 studiepoeng.

(2) Når ein student fullfører studiet og blir kvalifisert for ei grad, utferdast normalt digitalt vitnemål. Oppnådd grad med resultat er tilgjengeleg via Vitnemålsportalen.

(3) Har studenten klaga på karakterfastsettinga, jf. § 9-6, eller på formelle feil ved eksamen, jf. § 10-4 (2), må studenten vente på resultatet av klagebehandlinga før vitnemål blir skriva ut. Har



studenten allereie fått skrive ut vitnemål som omfattar den aktuelle eksamen, vil vitnemålet bli satt som ugyldig til klagesaka er ferdig handsama.

(4) For utdanningar der skikkavurdering inngår, kan vitnemål holdast tilbake til studenten er vurdert å være skikka for yrket.

(5) I følgande tilfelle kan vitnemål utferdast på papir:

a. dersom studenten manglar norsk fødselsnummer eller D-nummer

b. dersom studenten har fått digitalt vitnemål, men har behov for å vise fram et vitnemål på papir til utdanningsinstitusjonar eller arbeidsgivar i utlandet.

(6) I særskilte tilfelle kan studenten få skrive ut duplikat etter søknad. Søknaden må være dokumentert. Det blir normalt kravd ei avgift for å skrive ut duplikat.

(7) For grader som gis i samarbeid med andre norske eller utanlandske institusjonar (fellesgradar) må minst 30 studiepoeng være avlagt ved Høgskulen i Volda. Det skal gå fram av vitnemålet at utdanninga er gitt i samarbeid med andre institusjonar.

(8) For studentar som har fått godkjent eksamenar i tråd med reglane i denne forskrifta og uhl. § 3-5, § 3-5e eller § 3-5f, må krava om tilknytning og nye studiepoeng, jf. kapittel 2 i denne forskrifta, være oppfylt for at ein student skal få skreve ut vitnemål.

(9) Dersom ein student har fått vitnemål/karakterutskrift som etter klagehandsaming ikkje lenger er gyldig, skal studenten snarast råd levere inn att vitnemålet/karakterutskrifta.

(10) Ved forbetring av resultat i emne etter at vitnemålet er utskrive, kan ein be om karakterutskrift.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### **§ 12-1 Vitnemål**

(1) Høgskulen i Volda utferdar digitalt vitnemål og, utferdar vitnemålstillegg på engelsk (Diploma Supplement) etter avslutta grad, yrkesutdanning, praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) eller anna studieprogram på minimum 120 studiepoeng.

(2) Når ein student fullfører studiet og blir kvalifisert for ei grad, utferdar normalt digitalt vitnemål. Oppnådd grad med resultat er tilgjengeleg via Vitnemålsportalen.

(3) Har studenten klaga på karakterfastsettinga, jf. uhl. § 11-10, eller på formelle feil ved eksamen, jf. uhl. § 11-9, må studenten vente på resultatet av klagebehandlinga før vitnemål blir produsert. Har studenten allereie fått produsert vitnemål som omfattar den aktuelle eksamen, vil vitnemålet bli satt som ugyldig til klagesaka er ferdig handsama.

(4) For utdanningar der skikkavurdering inngår, kan vitnemål holdast tilbake til studenten er vurdert å være skikka for yrket.

(5) I følgjande tilfelle kan vitnemål utferdast på papir:

a. dersom studenten manglar norsk fødselsnummer eller D-nummer

b. dersom studenten har fått digitalt vitnemål, men har behov for å vise fram et vitnemål på papir til utdanningsinstitusjonar eller arbeidsgivar i utlandet.

(6) I særskilte tilfelle kan studenten få produsert eit duplikat etter søknad. Søknaden må være dokumentert. Det blir normalt kravd ei avgift for å produsere eit duplikat.

(7) For grader som gis i samarbeid med andre norske eller utanlandske institusjonar (fellesgradar) må minst 30 studiepoeng være avlagt ved Høgskulen i Volda. Det skal gå fram av vitnemålet at utdanninga er gitt i samarbeid med andre institusjonar.

(8) For studentar som har fått godkjent eksamenar i tråd med reglane i denne forskrifta og uhl. kapittel 9, må krava om tilknytning og nye studiepoeng, jf. kapittel 2 i denne forskrifta, være oppfylt for at ein student skal få produsert eit vitnemål.

(9) Dersom ein student har fått vitnemål/karakterutskrift som etter klagehandsaming ikkje lenger er gyldig, skal studenten snarast råd levere inn att vitnemålet/karakterutskrifta.

(10) Ved forbetring av resultat i emne etter at vitnemålet er utskrive, kan ein be om karakterutskrift.

Forklaring til § 12-1: Ein har endra ordlyden i 1. ledd med bakgrunn i at det no er digitale vitnemål som er hovudregelen. Vidare har ein justert tilvisingane i ny UH-lov og etter denne forskrifta. Utover dette er det ikkje foreslått endringar.

### **Gjeldande paragraf:**

#### § 11-2. Karakterutskrift

(1) Studenten kan fortløpande og ved fullførte studiar hente ut karakterutskrift på Studentweb eller Vitnemålsportalen.

(2) Karakterutskrifta skal vise karakter for alle emne der kandidaten har bestått eksamen. Resultat frå deleksamenar går normalt ikkje fram av karakterutskrifta.

### **Forslag til ny paragraf:**

#### § 12-2. Karakterutskrift

(1) Studenten kan fortløpande og ved fullførte studiar hente ut karakterutskrift på Studentweb eller Vitnemålsportalen.

(2) Karakterutskrifta skal vise karakter for alle emne der kandidaten har bestått eksamen. Resultat frå deleksamenar går normalt ikkje fram av karakterutskrifta.

Forklaring til § 12-2:

Det vert foreslått at § 11-2 vert vidareført som ein ny § 12-2.

## Kapittel 13 Diverse

### **Gjeldande paragraf:**

§ 12-1 Utfyllande reglar

(1) Innanfor rammene av denne forskrifta kan direktør fastlegge utfyllande reglar.

### **Forslag til ny paragraf:**

§ 13-1 Utfyllande reglar

(1) Innanfor rammene av denne forskrifta kan direktør fastlegge utfyllande reglar.

Forklaring til § 13-1:

Det vert foreslått at § 12-1 vert vidareført som ein ny § 13-1.

### **Gjeldande paragraf:**

§ 12-2. Iverksetjing og oppheving

(1) Denne forskrift trer i kraft 1. april 2023.

(2) Frå same tidspunkt er forskrift 4. desember 2014 nr. 1697 om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda oppheva.

### **Forslag til ny paragraf:**

§ 13-2 Iverksetjing og oppheving

(1) Denne forskrift trer i kraft 1. januar 2025.

(2) Frå same tidspunkt er forskrift er forskrift , oppheva

Forklaring til § 13-2:

Det vert foreslått at forskrifta vert iverksett frå og med 1. januar 2024. Dette slik at den gjeld frå komande studieår.

Ved iverksetjinga er det naudsynt at noverande forskrift vert oppheva, tilsvarande for to forskriftene som gjeld utvida sensurfrist. Disse er no ivaretatt i den nye forskrifta, sjå forklaring under § 9-4 om sensurfrist.